

# Masteroppgåve

## Ungdom og utdanningsval

- Elevperspektiv på fagdag i bedrift

## Students and choice of education

- Students perspectives on job shadowing and participation in a company

**Maria Mjelde**

Master i Undervisningsvitenskap med fordjuping i pedagogikk

Høgskulen på Vestlandet, avdeling for lærarutdanning

Rettleiar: Inga H. Andreassen

15.05.2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*



## Samandrag

Hensikta med denne studien er å få innsikt i ungdommar sine erfaringar og refleksjonar av deltaking på fagdag i bedrift, utprøving og læring gjennom egne erfaringar av yrke. Det finst lite forskning om ungdom og utprøving i bedrift innanfor temaet ungdom og utdanningsval. Det som føreligg av forskning viser tydeleg at ungdommar sjølv har eit ønske om å ha erfaringar å sjå tilbake på i deira vidare tankar om utdanning og yrke. Difor er hensikta med denne studien å få auka medvit om at ungdommar har behov for å ha egne erfaringar å sjå tilbake på når dei skal velja utdanning. Problemstillinga for denne studien er: «*Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke?*» Problemstillinga vert vidare presisert gjennom fire forskingsspørsmål:

- 1. Vert ungdommar meir bevisst sine egne evner og interesser gjennom fagdag i bedrift, og korleis grunnjev dei sjølv kva fagdag dei ønsker å delta på?*
- 2. Kva slags moglegheiter kan fagdag i bedrift opna opp for ungdommar?*
- 3. Korleis kan egne konkrete erfaringar av yrke vera til hjelp for ungdommar i deira val av utdanning og yrke?*
- 4. Kva faktorar verkar å vera motiverande for ungdommar i deira tankar om utdanning og yrke?*

Ei kvalitativ tilnærming er valt for å kunne svara på studien si problemstilling. Gruppeintervju med åtte ungdommar og observasjon av seks fagdagar i bedrift er dei kvalitative metodane som er brukt for å samla inn data i denne studien. Studien har tatt utgangspunkt i teoriar om ungdom og utdanningsval, identitet og interesse, erfaringsbasert læring, og motivasjon og meistring. Desse teoretiske innfallsvinklane er brukt for å setja lys på sentrale kategoriar innan temaet ungdom og utdanningsval, og kva ungdommar legg vekt på i deira tankar om utdanningsval.

Ønsket om å ha egne erfaringar av yrke å sjå tilbake på, i staden for å læra gjennom andre menneske sine erfaringar er tydeleggjort av ungdommane gjennom intervju og observasjonane. Ungdommane sine beskrivingar av deira oppleving av deltaking på fagdag i bedrift viser at fagdagen er ei positiv erfaring for dei på fleire måtar. Fleire ungdommar har spesielt trekt fram det å få egne erfaringar av yrke, moglegheita til utprøving av arbeidsoppgåver, kontakta med tilsette og lærlingar i bedrifter, og større bevisstheit om seg sjølv, som positive faktorar ved deltaking på fagdag i bedrift.

## **Abstract**

The aim of this study is to gain more insight on students experiences considering participating on job shadowing in companies and learning through their own experience of a profession. There is not much research about youth and trial in companies within the subject of youth and education. However, the research that do exist, shows clearly that students wishes experiences to look back on in their thoughts about education and work. The aim of this study is to raise awareness of the importance of the need to have experiences to look back on when choosing education. The problem statement to this study is: *“How do 9<sup>th</sup> graders experience that participation on job shadowing in a company can help them in their thoughts about education and profession”*? The problem statement is further clarified through four research questions:

- 1. Do students become more aware of their own abilities and interests during job shadowing and participation in a company, and how do they explain which profession and company they want to participate in?*
- 2. What kind of opportunities can job shadowing and participation in a company open up for students?*
- 3. How can personal experiences of a profession help students in their choosing of education and profession?*
- 4. What factors seems to motivate students in their thoughts of education and profession?*

In this study a qualitative approach was chosen to answer the problem statement. The qualitative methods used are group interview with eight students and observation of six job shadowing and participation in companies. This study uses a theoretical framework based on theories about youth and career choices, identity and interest, experience-based learning, and motivation and coping. These theoretical approaches are used to illustrate different factors related to students and education choices, and what the students emphasizes when choosing education.

The desire of having personal experiences of a profession to look back on, instead of learning through other people's experiences, has been clarified by students through interviews and observations. Students descriptions of their own experience of participation on job shadowing in a company, shows that it is a positive experience for students in many ways. Personal experiences of a profession, the ability to test work assignments, connections and greater awareness of themselves was listed as positive factors among the students, for participation on job shadowing in a company.

## Forord

Denne masteroppgåva markerer slutten på ei femårig lærarutdanning og på studiet master i undervisningsvitskap med fordjuping i pedagogikk. Det siste året på masterstudiet har vore utfordrande og krevjande, men det har vore veldig interessant og spennande å få meir innsikt i temaet ungdom og utdanningsval. Interesse mi for faget utdanningsval på ungdomstrinnet, ungdom og utdanningsval har etter prosessen med skriving av denne masteroppgåva vorte enda sterkare.

Eg har vore så heldig som har hatt ein rettleiar som sjølv sit med mykje kunnskap og forskning omkring ungdom og utdanningsval. Ein stor takk til deg Inga H. Andreassen, oppgåva hadde ikkje vorte den same utan rettleiing og støtte frå deg. Takk for lærerike samtalar, gode tilbakemeldingar og god rettleiing gjennom heile det siste året som masterstudent. Forskinga og den teoretiske innsikta di har verkeleg støtta meg i arbeidet og gjort meg enda meir interessert i dette temaet.

Vidare vil eg takka Aase Bergmann, ledar for *Ka vil DU bli?*, som har gitt meg innsikt i prosjektet og som har fått meg i kontakt med lærarar, ungdommar og bedrifter. Det har vore veldig kjekt og lærerikt å få observera korleis *Ka vil DU bli?* legg til rette for at ungdommar i Bergen skal få utprøving og erfaringar av yrke. Takk til bedriftene og ungdommane som gladeleg har latt seg vorte intervjuja og observert. Utan dei hadde det ikkje vert mogeleg å få innsikt i problemstillinga for oppgåva: «*Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke*»? Takk for de har delt dykkar egne erfaringar og opplevingar med meg.

Til slutt vil eg takka vener og familie. Takk til gode medstudentar og vener på lesesalen. Ein spesiell takk til Frida og Marie for all latter og deira gode humør, men også for faglege samtalar. Kvardagen på høgskulen og på masterstudiet ville ikkje vore det same utan dykk. Takk til familien som har støtta og hjelpt meg undervegs i skrivinga av denne oppgåva. Takk for oppmuntring og at de har vist at de har hatt trua på at oppgåva skal koma i mål.

Maria Mjelde

Bergen, 15. mai 2018

# Innholdsliste

<b>Samandrag .....</b>	<b>I</b>
<b>Abstract .....</b>	<b>II</b>
<b>Forord.....</b>	<b>III</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1. Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2. Presisering av problemstilling og forskings spørsmål.....	2
1.3. Tidligare forskning.....	2
1.4. Eleven sitt fag.....	5
1.4.1. Eit historisk tilbakeblikk på faget utdanningsval .....	6
1.5. Ka vil DU bli? .....	8
1.5.1. Fagdag i bedrift.....	10
1.6. Fråfall i vidaregåande skule .....	11
1.7. Disposisjon av oppgåva .....	12
<b>2. Teoretisk rammeverk.....</b>	<b>14</b>
2.1. Ungdom og identitet.....	14
2.1.1. Ungdomstida: Identitet eller identitetskrise .....	16
2.1.2. Danning av identitet gjennom refleksjon .....	18
2.1.3. Forståing av identitet og faktorar i arbeidslivet.....	19
2.1.4. Ungdomsåra som utforskningsstadium.....	21
2.2. Utprøving og erfaringsbasert læring av yrke .....	23
2.2.1. Handling, erfaring og refleksjon.....	24
2.3. Motivasjon og meistring .....	25
2.3.1. Forventing om meistring.....	26
2.3.2. Autentiske meistringsopplevingar .....	27
2.3.3. Vikarierande erfaringar .....	28
<b>3. Metode .....</b>	<b>30</b>
3.1. Grunngeving for val av forskingsmetode .....	30
3.2. Utvalsstrategi.....	31
3.3. Observasjon.....	32
3.3.1. Gjennomføring av observasjonane .....	33
3.4. Gruppeintervju.....	35
3.4.1. Utforming av intervjuguide.....	35
3.4.2. Gjennomføring av gruppeintervjua.....	36
3.4.3. Transkribering av gruppeintervjua .....	37
3.5. Analyseprosessen .....	38

3.5.1. Kategorisering og koding.....	39
3.5.2. Fortolkingskontekstar i analyseprosessen.....	40
3.6. Validitet og reliabilitet.....	41
3.7. Ethiske retningslinjer.....	42
<b>4. Resultat.....</b>	<b>45</b>
4.1. Observasjon av fagdagar.....	45
4.1.1. Fagdag UiB - Informatikk og programmering.....	45
4.1.2. Fagdag BKK - Energimontør.....	47
4.1.3. Fagdag Wikholm AS - Anleggsgartnar.....	48
4.1.4. Fagdag Ramsvik - Frisør.....	49
4.1.5. Fagdag Sjøforsvaret - Maskinfag, nautikk, og elektro og automasjon.....	50
4.1.6. Fagdag Frieda Fasmers Minne – Helsefaglege yrke.....	52
4.2. Nøkkelkategoriar.....	53
4.2.1. Interesse og identitet.....	53
4.2.2. Utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen.....	54
4.2.3. Motivasjon og meistring.....	55
4.3. Intervju.....	56
4.3.1. Ungdommar sine tankar om interesse, identitet og val av fagdag.....	56
4.3.2. Ungdommar si skildring av utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen.....	59
4.3.3. Betydinga av motivasjon og meistring.....	62
4.3.4. Refleksjon i etterkant av fagdagen.....	64
<b>5. Drøfting.....</b>	<b>65</b>
5.1. Ungdommar sine tankar om interesse, identitet og val av fagdag.....	65
5.1.1. Samanheng mellom interesser og val av fagdag.....	66
5.1.2. Stadfesting eller avkrefting om eit yrke er noko for ein sjølv.....	67
5.1.3. Identitetsdanning gjennom refleksjon.....	69
5.1.4. Identifisering med lærlingar og tilsette.....	70
5.2. Ungdommar si skildring av utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen.....	71
5.2.1. Erfaringar av yrke og arbeidsoppgåver.....	72
5.3. Betydinga av motivasjon og meistring.....	74
5.3.1. Motivasjon og meistringskjensle under fagdagane.....	74
<b>6. Avslutning.....</b>	<b>77</b>
<b>7. Litteraturliste.....</b>	<b>80</b>
<b>Vedlegg 1: Samtykkeskjema.....</b>	<b>86</b>
<b>Vedlegg 2: Intervjuguide.....</b>	<b>87</b>

# 1. Innleiing

I 2018 var det 18.995 elevar med ungdomsrett som søkte plass på vidaregåande skular i Hordaland (Haugen, 2018). Dei fleste av desse elevane er mellom femten og seksten år når dei skal velja kva utdanningsprogram i vidaregåande skule dei ønsker å gå på, og deira val vil ha stor betydning for deira vidare yrkeskarriere og skulegang. Ungdommane kan velja mellom mange utdanningsprogram i vidaregåande skule, og det å orientera seg i gjennom det store landskapet av valmoglegheiter er krevjande. For å gjera dette valet mindre krevjande bør ungdommane får rettleiing, informasjon og ikkje minst erfaringar som kan hjelpa dei i å velja kva veg dei ønsker å gå, og kvifor dei bør gå denne vegen. Utdanningsval som vart innført som eit obligatorisk fag på ungdomsskulen i 2008 er meint til å hjelpa ungdommar med denne prosessen. Samstundes som ungdommane skal finna ut kva utdanningsprogram i vidaregåande skule dei ønsker å gå vidare på, oppheld dei seg i ei fase i livet kor dei prøver å finna ut kven dei sjølv er og kva som interesserer dei.

## 1.1. Bakgrunn for val av tema

Grunnen til at eg ønsker å skriva masteroppgåva om ungdom og utdanningsval er først og fremst på grunn av ei eiga interesse omkring temaet. Eg har alltid funnet det interessant å høyra om kvifor menneske tar dei utdanningsvala dei gjer, og kva tankar dei har om sitt eige val av utdanning og yrke. Denne masteroppgåva gav meg difor ein gylden moglegheit til å utforska dette feltet grundigare og for å få meir kunnskap om ungdom og deira tankar om val av utdanning og yrke. For å avgrensa temaet har eg valt å undersøkjia ungdommar si oppleving og erfaring av fagdag i bedrift. Utprøving av yrke og utdanningsprogram har fått auka fokus i fleire kommunar, mellom anna gjennom Bergen kommune sitt prosjekt *Ka vil DU bli?*. Prosjektet viser til positive resultat ved å gjennomføra fagdag i bedrift og utprøving i vidaregåande skule, ved å visa til at meir enn 95% av spurte ungdommar fortel at utprøvinga hjelper dei i prosessen med å velja utdanning (Bergmann, 2016). Dette gjorde meg interessert i å sjå på kva det er som gjer at dette prosjektet har vorte så vellukka i Bergen, og kvifor stadig fleire kommunar startar opp med slike prosjekt.

Bergen kommune har posta fleire artiklar som omhandlar ungdomsskuleelevar som ser på utprøving i vidaregåande skule og fagdag i bedrift som hjelpsamt i prosessen med å velja utdanning (Bergmann, 2016). Etter å ha lest desse artiklane og anna litteratur om ungdom og



utdanningsval, ser eg at det i lita grad har vore forska på erfaringsbasert læring av yrke i utdanningsvalfaget, fagdag i bedrift og ungdommar si erfaring av fagdagar. Dette er ei anna årsak til at eg valde å fordjupa meg på dette feltet, i tillegg til at masteroppgåva kan opna opp for kunnskap for lærarar, rådgivarar og andre aktørar som arbeider med temaet. I tillegg har tidlegare prosjekt (Andreassen, 2011b, s. 62-64) argumentert for at ungdommar ikkje er tilfredsstilt med utprøvinga i vidaregåande skule og i arbeidsliv, noko som viser at det er behov for å setja lys på dette feltet.

## **1.2. Presisering av problemstilling og forskingsspørsmål**

Studien tar utgangspunkt i elevperspektiv på grunn av ønsket om å få meir innsikt i ungdommar sine tankar om val av utdanning og yrke. Ut i frå bakgrunnen og formålet til studien vart følgjande problemstillinga valt:

- *Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke?*

Hovudtemaa som vil vera i fokus i denne studien er interesse og identitet, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og motivasjon og meistring. Ut i frå temaa er fire forskingsspørsmål utvikla for å belysa problemstillinga:

- 1. Vert ungdommar meir bevisst sine eigne evner og interesser gjennom fagdag i bedrift, og korleis grunnjev dei sjølv kva fagdag dei ønsker å delta på?*
- 2. Kva slags moglegheiter kan fagdag i bedrift opna opp for ungdommar?*
- 3. Korleis kan eigne konkrete erfaringar av yrke vera til hjelp for ungdommar i deira val av utdanning og yrke?*
- 4. Kva faktorar verkar å vera motiverande for ungdommar i deira tankar om utdanning og yrke?*

## **1.3. Tidligare forskning**

I forbindelse med innføringa av faget utdanningsval på ungdomstrinnet sette Høgskulen i Bergen (i dag Høgskulen på Vestlandet), Avdeling for lærarutdanning, i gang eit forskings- og utviklingsprosjekt med nemninga Bergensprosjektet (Andreassen & Hovdenak, 2011, s. 9). Fire ungdomsskular i Bergen deltok då prosjektet starta våren 2007, som var det første året skular

arbeida ut i frå læreplanar i Kunnskapsløfter, noko som kan ha prega byrjinga av prosjektet (Andreassen & Hovdenak, 2011, s. 11). Rettleiing og støtte til skulane undervegs i prosessen med innføringa av faget utdanningsval, i tillegg til lokale føresetnadar og forskning på implementeringa av eit nytt fag i skulen var noko prosjektet hadde som formål. I prosjektet hadde forskingsgruppa kontakt med elevar frå dei fire ungdomsskulane, og det vart sett på korleis elevane erfarte innhaldet i læreplanen til utdanningsvalfaget. Elevane gjekk i 10. klasse og vart intervjuja omtrent ein månad etter at søknadsfristen til vidaregåande opplæring gjekk ut (Andreassen, 2011b, s. 62).

I Bergensprosjektet vart elevane spurt om dei har kjennskap til det lokale arbeidslivet, og då svarte litt over halvparten av elevane at dei kjenner litt til det. Nokon av elevane svarte at dei har ein god del kunnskap om det lokale arbeidslivet, medan kvar fjerde elev ikkje har kjennskap til det lokale arbeidslivet. Andreassen (2011b, s. 63) seier at dette indikerer til lite kjennskap av det lokale arbeidslivet blant fleirtalet av elevane, og at læreplanen sitt mål om at elevane skal verta kjent med lokalt arbeidsliv ikkje er tilfredstilt. Eit av kompetansemåla under hovudområdet *Arbeid* i læreplanen for utdanningsval er «å planlegge, gjennomføre og dokumentere aktiviteter knyttet til valgte utdanningsprogrammer i vidaregåande opplæring» (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 4). Andreassen (2011b, s. 63) argumenterer for at utprøvinga av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring kan føregå både i arbeidsliv og i skule, og viser vidare til følgjande:

To av tre elever sier at de har fått noe utprøving i vidaregåande skole, men bare 50 % i arbeidslivet. Hver fjerde elev har verken fått utprøving i vidaregåande skole eller i arbeidslivet. Dette er et alvorlig brudd med intensjonene i læreplanen [...]. Ytterst få av elevene som har fått utprøving på disse to læringsarenaene, mener at omfanget av utprøvingen har vært tilfredsstillende. (Andreassen, 2011b, s. 63)

I lys av spørsmåla elevane fekk som omhandla kjennskap til arbeidslivet og gjennomføring av aktivitetar i utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, kan ein seia at dette i liten grad er av tilfredsstillande grad for elevane. Når Andreassen (2011b, s. 64) viser til ein elev som i prosjektet fortalte at «vi må ha noen erfaringer å se tilbake på når vi velger», uttrykker det eit ønske frå ungdommar om å få prøve seg i ulike situasjonar og at utprøvinga må vera av eit tilfredsstillande omfang. I prosjektet fekk elevane i tillegg spørsmål om kva endringar som må gjerast slik at det vert lettare for elevane å vita kva yrke og utdanning dei skal velja. Det er

interessant at mange av elevane svarar at dei ville hatt mindre undervisning med lærarar som snakkar om eit tema, og heller hatt utprøving som ein sentral metode i faget. Mange av elevane i prosjektet ønsker større grad av utprøving i arbeidsliv og i vidaregåande skule (Andreassen, 2011b, s. 69-70). I tillegg vert det foreslått eit større fokus på individuelle tilpassingar i utprøvinga for elevane.

Bergensprosjektet som starta i 2007 viser interessant forskning som er relevant for mi masteroppgåva i lys av fagdag i bedrift for 9. klassingar. Det med tanke på at fagdag i bedrift opnar opp for at ungdommar i større grad får kjennskap til lokalt arbeidsliv, og utprøving i arbeidslivet og i vidaregåande skule. *Ka vil DU bli?* hadde oppstart januar 2011, altså fire år etter at Bergensprosjektet vart gjennomført. Det vil difor verta spennande å sjå om *Ka vil DU bli?* har bidratt positivt omkring det Bergensprosjektet viste at det var mangel på i utdanningsvalfaget, i tillegg til det elevane sjølv seier at dei ønsker meir fokus på i utdanningsvalfaget.

Det er lite forskning om ungdomsskuleelevar og utdanningsval med fokus på praktisk utprøving i bedrifter. I april 2018 kom det ein dansk rapport som peiker på «at brobygning og praktik er med til at klæde elevene bedre på til at træffe et valg» (Skoleliv, 2018). Forskingsleiaren i prosjektet fortel vidare at i «mange tilfælde er praktikken overladt til de unge selv. Det kunne man med fordel oppprioritere, for det er noget, som mange elever virkelig får meget ud af» (Skoleliv, 2018).

Undersøgelsen viser, at de unge, der kommer i praktik, er meget glade for muligheden for praktik og beskriver, hvordan et praktikforløb hjælper dem til at bekræfte eller udfordre tanker om et fremtidigt job ved at give dem en forsmag på indholdet af en arbejdsdag. De unge oplever, at de praktiske erfaringer har stor værdi, da de giver inputs til deres refleksioner over, hvad de interesserer sig for, og hvad de er gode til. (Danmarks Evalueringsinstitut, 2018, s. 6)

Rapporten frå forskingsprosjektet viser at ungdommar opplever at praktiske erfaringar er ei positiv erfaring for dei sjølv, og at dei får ei oppleving av korleis eit yrke og ein arbeidsdag kan vera. I tillegg til at ungdommane får erfara om dei praktiske erfaringane er interessant for dei sjølv. Rapporten peikar i retning mot arbeidsmetoden fagdag i bedrift gjennom *Ka vil DU bli?* og

er eit vesentleg forskingsgrunnlag for prosjektet og denne masteroppgåva. Det med tanke på at ungdommane ikkje vert forlaten til seg sjølv når dei deltar på fagdag i bedrift, men får hjelp og støtte frå tilsette og lærlingar i bedrifta under fagdagane.

## 1.4. Eleven sitt fag

I 2008 vart utdanningsval etablert som eit obligatorisk fag på ungdomstrinnet og hadde som formål å redusera fråfall og omval, og å gjera utdanningssystemet meir effektivt gjennom at elevar får opplæring i karrierekompetanse og kvalitativ god rettleiing (St.meld. nr. 30 (2003-2004), referert i NOU 2016:7, s. 139). I 2015 vart det utvikla ein ny læreplan i faget, og i den nye formålsbeskrivinga står det at val av karriere skal vera basert på ønsker og føresetnadar til eleven og at faget skal bidra til denne kompetansen (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). Vidare i formålsbeskrivinga vert det slått fast at faget skal gje elevar kompetanse i å ta val og sjå sine egne interesser i lys av dei krava og moglegheitene som ligg i arbeidslivet og i utdanningssystemet. Ungdomsskuleelevane vert ikkje vurdert med karakter i faget, men får ei vurdering som viser om eleven har deltatt/ikkje deltatt i faget som ein del av grunnskuleopplæringa, og at ein har gjennomført dei tre hovudområda i faget. Utdanningsval har 110 timar til rådighet som vert fordelt på 8. -10. årstrinn, og som vert fastslått av skuleleiinga sjølv. Det er difor stor forskjell på korleis skular og kommunar gjennomfører og strukturerer faget.

Læreplanen i utdanningsval er strukturert gjennom tre hovudområder med tilhøyrande kompetansemål, og hovudområda *Personlege val*, *Utdanning og yrke*, og *Arbeid* må sjåast i samanheng og utfyller kvarandre (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). Hovudområdet *Personlege val* handlar om å utvikla medvit om egne moglegheiter og interesser, og reflektera over kva det har å seia for val av karriere. Hovudområdet *Utdanning og yrke* handlar om å få praktisk erfaring og relevant kunnskap om utdanningsvegane i bedrifter og i vidaregåande skule, og sjå på det i lys av egne ønsker. Det tredje hovudområdet *Arbeid* omhandlar kunnskap om eit arbeidsmarknad i endring og kunnskap om arbeidslivet.

I formålsparagrafen til læreplanen står det at utdanningsvalfaget skal styrka samarbeidet mellom ungdomsskulen og lokalt arbeidsliv, og at læringsaktivitetar kan føregå på andre læringsarenaer enn skulen (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). I læreplanen er det eit av kompetansemåla under hovudområdet *Arbeid* som omhandlar å planleggja, gjennomføra og

dokumentera aktivitetar knytt til valde utdanningsprogram i vidaregåande skule (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 5). For at faget skal få dekkja slike mål i læreplanen må difor elevane ut av skulen og inn i fleire læringsarenaer, slik at dei skal få praktisk erfaring i vidaregåande skular og i bedrifter. Andreassen, Hovdenak & Swahn (2008, s. 102) argumenterer for at ungdommar bør få direkte kontakt med arbeids- og næringslivet for å få erfaringar av krav som vert stilt til ferdigheiter og kompetanse i yrke. Difor er det nødvendig at skular og lokalt næringsliv arbeidar saman for at ungdom skal få moglegheita til å få eigne erfaringar av yrke i fleire læringsarenaer.

I kommunar og skular i landet er det store variasjonar over korleis ein arbeidar med faget utdanningsval. Andreassen (2011a, s. 46) argumenterer for at denne variasjonen kan koma av at skuleleiingar og skuleeigarar i varierende grad har tatt ansvar for at skulen skal få dei kvalitetane som er nødvendig i faget. For å skapa nødvendige rammer for implementeringa i faget har skuleeigarar ei sentral rolla (Andreassen, 2011a, s. 50). Bergen kommune har som skuleeigar sett viktigheita i å ta tak i potensialet i faget, og har bidratt med å starta opp ei samarbeidsordning med fleire aktørar i kommunen, nemleg *Ka vil DU bli?*. Denne samarbeidsordninga bidrar til at fleire aktørar i kommunen får ungdom og utdanningsval på dagsorden og at fleire aktørar arbeider saman på dette feltet.

#### **1.4.1. Eit historisk tilbakeblikk på faget utdanningsval**

For å få eit innblikk i korleis faget utdanningsval er kome der det er i dag, er det nødvendig med ein kort historisk tilbakeblikk på utviklinga av faget. Andreassen (2011b, s. 55) skriv at innføringa av faget handla om manglar i rådgivinga om utdanning og yrke i skulen, og bakgrunnen for innføringa strekk seg langt tilbake i tid, i tillegg til endra strukturar i samfunnet. Faget vart dermed innført på grunn av eit behov for eit auka fokus på utdannings- og yrkesrådgiving, i tillegg til endringar i samfunnet som det var behov for å gje ungdommar kunnskap om. Kleppestø & Røyset (2017, s. 23) skriv at dei første signala om eit nytt fag kom i NOU 2003:16 *I første rekke*. I dette dokumentet vart det foreslått betydelege endringar for at ungdomsskulen skulle koplust sterkare til vidaregåande skule, i tillegg til å bevisstgjera ungdommar om utdannings- og yrkesmoglegheiter i framtida og utvikla deira evna for val og sortering (NOU 2003:16, 2003, s. 145). Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) *Kultur for læring* (Kunnskapsdepartementet, 2004) følgte opp desse signala i prøveprosjektet *Programfag til val* som varte fram til hausten 2008. Formålet til programfaget var å gje elevar betre føresetnad for

seinare utdanningsval, auka engasjement og større moglegheiter for å ta eit godt val. Programfaga skulle vera både teoretiske og praktiske, ha egne læreplanar og gjenspegla utdanningsprogramma i vidaregåande skule.

Andreassen et al. (2008, s. 29) oppgjer at læreplanen i faget vart fastsatt i 2008 og skifta til namnet utdanningsval. Faget hadde fleire målsetjingar, mellom anna å motverka den høge statistikken for fråfall og omval i vidaregåande skule. Det var variasjon i korleis skulane hadde arbeida omkring utdanning- og yrkesorientering før innføringa av utdanningsvalfaget, og det var difor store skilnadar på skulane allereie før faget vart innført. Enkelte skular hadde tidlegare arbeida med diverse prosjekt og aktivitetar som kunne verta ein del av det nye faget, medan andre berre hadde erfaringar med den tradisjonelle informasjonen om valmoglegheiter på 10. trinn og arbeidsveke på 9. trinn. Skulane hadde med andre ord ulike erfaringar som kunne koplust til det nye faget, men hadde som likskap å undervisa i faget etter gjeldande læreplan for hausten 2018 (Andreassen, 2011a, s. 23).

Innføringa av utdanningsval på ungdomstrinnet var ein innovasjon og hadde som føremål å forbetra praksisen som var frå før (Andreassen, 2011a, s. 23). For å få til ei forbetring av praksisen til faget har skulane behov for eldsjeler som har interesse og ser viktigheita i å få faget implementert inn i skulen. Ungdommar i dag opplever i større grad enn tidlegare eit eige ansvar for deira egne val og å velja korleis ein vil at sitt eige liv skal vera. Andreassen (2011a, s. 26) seier at ein kan hevda at faget sin funksjon ut i frå formåla i læreplanen, er å redusera feilval og å få rett elev på rett plass med omsyn til yrke og utdanning.

Etter nokre år med gjennomføring av faget utdanningsval på ungdomsskulen, tok Kunnskapsdepartementet opp fleire sider med faget gjennom Stortingsmelding nr. 20 (2012-2013) *På rett vei*. I stortingsmeldinga vart det konkludert med at Kunnskapsdepartementet ønsker å gje elevar betre innsikt i arbeidsliv og krav til utdanning, gjennom å tydeleggjera utdanningsvalfaget sin eigenart (Kunnskapsdepartementet, 2013, s. 75). Etter ei gjennomgang av læreplanen i faget, føreligg det i dag eit revidert utkast av læreplanen som vart gjeldande frå 2015. Utdanningsdirektoratet arbeider i desse tider med å fornya læreplanane i skulefaga slik at dei i større grad vert relevant for framtida. Fornyinga av kunnskapsløftet arbeider for at faga skal få tydelegare prioriteringar, meir relevant innhald og samanhengen mellom faga skal verta betre (Utdanningsdirektoratet, 2017b). Kreativitet og praktiske fag skal styrkast og elevane skal læra på nye måtar, i tillegg vil kritisk tenking og refleksjon verta ein sentral del av kva elevane

skal læra i skulen (Utdanningsdirektoratet, 2017b). Kjerneelementgruppa for faget utdanningsval har arbeida vidare med desse oppgåvene, og kritisk tenking, refleksjon, kreativitet og det at elevane får læra på nye måtar er det behov for i utdanningsvalfaget. Arbeidet til kjerneelementgruppa for utdanningsvalfaget har hatt fokus på følgjande faktorar:

Elevene må gis anledning til å oppleve, erfare og utforske seg selv og sine muligheter gjennom praktisk og konkret utprøving, og samtidig få rom til å reflektere over hva de nye erfaringene kan bety for dem selv. For å oppnå dette bør arbeidet med faget i stor grad være basert på tverrfaglige læringsaktiviteter, både gjennom integrerte opplegg med andre fag i skolen og gjennom et tett samarbeid med andre skoleslag, bedrifter og organisasjoner utenfor skolen. (Utdanningsdirektoratet, 2017a)

Arbeidet til kjerneelementgruppa er i dag avslutta og vart sendt til høyring 17. april 2018 (Utdanningsdirektoratet, 2018). Arbeidsmetodane til fagdag i bedrift er spesielt relevant med tanke på faktorane kjerneelementgruppa har hatt fokus på, sidan *Ka vil DU bli?* har som formål at ungdommar skal få eiga erfaring ved yrke, i tillegg til å få auka kunnskap om seg sjølv og samfunnet (Bergmann, 2016). Det å arbeida tverrfagleg, undersøkja, presentera, reflektera, erfarar, prøva ut, uttrykkja seg narrativt, øva og driva med entreprenørielt arbeid er noko av det kjerneelementgruppa arbeider for at skal få større fokus i den nye læreplanen som vil vera klar for ungdomsskulen hausten 2020 (Utdanningsdirektoratet, 2017b). Faget har framleis eit stor potensial som det er nødvendig å gripa tak i, difor vert det spennande å sjå kva endringar som er gjort når den nye læreplanen i faget utdanningsval kjem i 2020.

### **1.5. *Ka vil DU bli?***

Fagavdelinga for barnehage og skule i Bergen kommune har saman med bedrifter og skular i Bergen kommune, gått saman i ei ordning som har som målsetjing å gje elevar auka kunnskap om samfunnet og seg sjølv før dei skal søkja vidaregåande opplæring (Bergmann, 2016). Dette er eit satsingsområde frå kommunen si sida som gjer alle elevar på 9. trinn moglegheit til å delta på fagdag i bedrift, medan alle elevar på 10. trinn får delta på utprøving i vidaregåande skule. *Ka vil DU bli?* står i midten av samarbeidspartnarane og legg til rette for eit godt samarbeid som skal arbeida for gode og meir gjennomtenkte utdanningsval hjå ungdommar. Andreassen et al. (2008, s. 96) fortel at det er behov for eit godt samarbeid mellom representantar frå

arbeidsliv og skule, for å kunne ivareta perspektiv på identitetsdanning og for å fungera som samfunnsbyggjande kraft. Difor er det sentralt at samarbeidet mellom institusjonane har fokus på elevar sine moglegheiter for positiv utvikling på forskjellige områder.

I læreplanen til utdanningsval kjem det fram at eit av formåla til faget er å styrka samarbeidet mellom ungdomsskule, vidaregåande skule og lokalt arbeidsliv (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 1). Samarbeidsprosjektet til Bergen kommune opnar opp for at formålet til utdanningsvalfaget har moglegheit til å verta styrka, i tillegg til at fleire aktørar arbeider saman for at ungdommar skal ta gode utdanningsval. Ved at Bergen kommune sette i gang eit prosjekt som koordinerer logistikken i samarbeidet mellom dei eksterne samarbeidspartnarane og ungdomsskulen, kan det føra til at fokuset vert haldt på innhaldet i faget og at dei eksterne aktørane ikkje tar overhand (Andreassen, 2011a, s. 50). Det er nemleg ofte slik at aktørar som har interesse for faget ofte er det på eigne premiss, og ikkje på eleven sine premiss, noko som faget arbeider for.

Som tidlegare nemnt må elevane ut av klasserommet og inn i andre læringsarenaer for å oppfylle nokon av kompetansemåla i læreplanen i utdanningsval. Det er nettopp dette som er oppgåva til *Ka vil DU bli?*; Hjelpa skulane i arbeidet med å oppfylle kompetansemåla i læreplanen og møta intensjonane i faget utdanningsval (Bergmann, 2016). Ungdomsskulane i Bergen kommune får ein gylden moglegheit til å ta i bruk *Ka vil DU bli?* som eit bindeledd mellom skulen, bedrifter, vidaregåande skular og andre samarbeidspartnarar i prosjektet. Kommunen har ansvaret for det formelle med å styra og koordinera aktivitetar og avtalar, noko som gjer at skulane får eit godt forberedt og kvalitetssikra tilbod frå eksterne aktørar som gjer skulane moglegheit til å dekkja nokon av måla i utdanningsvalfaget sin læreplan (Bergmann, 2016).

I rettleinga til læreplanen for utdanningsval (Utdanningsdirektoratet, 2015b, s. 3) kjem det fram at ein viktig arbeidsmåte i faget er erfaringslære gjennom utprøving. Ungdommar som har liten eller ingen kontakt med arbeidslivet vil spesielt ha utbytte av utprøving. Lærdom om ein sjølv, utdanning og yrke gjer meir mening i ein relevant kontekst, nemleg i eit konkret yrke, eller eit utdanningsprogram. Andreassen (2016, s. 25) argumenterer for at varierte læringsmåtar kan bidra til best læring for elevar, og fortel at arbeidsmåtar som passar god i utdanningsvalfaget er å arbeida saman, diskutera relevante tema, tenkja kritisk, undersøkja og å læra gjennom erfaringar og praktiske aktivitetar. Gjennom utprøving får ungdommar moglegheita til å læra



gjennom praktiske erfaringar i vidaregåande skule og i bedrift, og som vil gje verdifull erfaring i elevane sine vidare tankar om utdanningsval.

### **1.5.1. Fagdag i bedrift**

Kvart år får omkring 3000 elevar frå 9. trinn prøva ut eit eller fleire yrke på ein arbeidsplass, og kan velja mellom 80 bedrifter som prosjektet har avtale med (Bergmann, 2016). Ungdommane får moglegheita til utprøving i yrke, i staden for å berre få informasjon og lesa om yrke på skulen. Dette kan bidra til at ungdommane får ei større bevisstheit over eigne evner og interesser, og erfaringar med å prøva ut eit eller fleire yrke. Ungdommane tar utgangspunkt i sine eigne interesser for å kunne utforska sine moglegheiter, men vert også oppfordra til å sjå på andre alternativ (Bergmann, 2016). For at prosjektet skal føra til mest mogeleg lærdom for ungdommane er det sentralt at dei førebur seg til fagdagen. I forkant av fagdagen får difor ungdommane informasjon om utdanningsprogram og bedrifter, og får kjennskap til kva slags fagdagar dei har moglegheit til å søkja på, og dei må deretter grunngje og prioritera deira ønsker i eit søknadsskjema (Bergmann, 2016). Det er på bakgrunn av dette søknadsskjemaet om ungdommane vert plukka ut til å delta på ein av dei fagdagan dei har i deira søknadsskjema.

Dei fleste ungdommar frå 9. trinn i Bergen kommune får delta på ein fagdag, medan nokon får delta på tre fagdagar. Dette vert bestemt ut i frå pågangen til bedriftene, og kva ønsker ungdommane sjølv har til kva fagdag til ønsker å delta på. Nokon av ungdommane som på hausten får delta på ein fagdag dei har langt nede på deira prioriterte lista, får då moglegheita til å delta på ein fagdag dei er meir interessert i på våren, men dette er som sagt avhengig av pågangen til bedriftene. Dei ungdommane som ønsker har moglegheita til å la vera å delta på fagdagen, og følgje vanleg undervisning på skulen i staden for.

I *Ka vil DU bli?* er det utvikla oppgåver som ungdommane skal få svar på både før, under og etter sjølve fagdagen, og som er laga for å sikra læringsutbytte for elevane. I tillegg ønsker bedriftene at ungdommane viser interesse under fagdagen, og difor kan desse spørsmåla hjelpa ungdommane i gang under fagdagen. I etterkant av fagdagen må ungdommane presentera fagdagen dei har deltatt på for deira medelevar på skulen, og dei må levera inn oppgåvene som dei skulle gjennomføra både før, under og etter gjennomføringa av dagen (Bergmann, 2016). Dette gjer moglegheit til ettertanke for ungdommane, noko som er nødvendig for at inntrykka deira modnast og at dei får lærdom av denne dagen. Til gjengjeld må bedriftene ha planar for

deira gjennomføring av fagdagen for ungdommane, og må då leggja til rette for at ungdommane får moglegheit til å prøva ut relevante arbeidsoppgåver på den aktuelle arbeidsplassen (Bergmann, 2016). Dette gjer at ungdommane får ei konkret erfaring med korleis ein arbeidsdag kan vera i det aktuelle yrket, i tillegg til at dei får koma i kontakt med tilsette som har erfaring med yrke som ungdommane kanskje ønsker å utdanna seg til. Det vert opna opp for at ungdommane får bruka profesjonelt utstyr under rettleiing av fagfolk, verta kjent med arbeidsplassen og gjennomføra konkrete arbeidsoppgåver i bedrifta (Bergmann 2016).

Mange skular tilbyr i tillegg til fagdag i bedrift arbeidsplassbesøk, kor ei gruppe ungdommar eller ein klasse vert ført rundt på ein arbeidsplass, og får observera aktivitetar på arbeidsplassen. Slike besøk er ein mykje brukt undervisningsmetode ved mange skular, men får ofte eit dårleg rykte på seg på grunn av dårleg planlegging og struktur (Bennett, referert i Watts, 2006, s. 52). I tillegg er slike besøk på arbeidsplassar prega av observasjon, og at ungdommane ikkje alltid får moglegheita til å sjølv prøva ut arbeidsoppgåver. Forskjellen på arbeidsplassbesøk og fagdag i bedrift er at elevane i større grad sjølv får praktisera arbeidsoppgåver i ei bedrift, i tillegg til at fagdagen er nøye planlagt i samarbeid med skule og bedrift.

Bergen kommune ønsker å oppnå at fleire elevar vel ei vidaregåande opplæringa som dei fullfører, ved at ungdommar får meir informasjon om opplæringa i forkant (Bergmann, 2016). Ungdommar får gjennom deltaking på fagdag i bedrift meir informasjon om utdanningsprogram i vidaregåande skule, og får moglegheita til å få erfaringar ved eit eller fleire yrke, noko som kan motverka omval og fråfall i vidaregåande skule sidan ungdommane har meir kunnskap om kva dei faktisk går til.

## **1.6. Fråfall i vidaregåande skule**

I dei siste åra har det vore stor merksemd både lokalt og på nasjonalt nivå omkring gjennomføringa i vidaregåande skule. Statistikken av gjennomføringa i perioden 2011-2016 viser at 73% av elevane i vidaregåande skule har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse innan fem år (Statistisk sentralbyrå, 2017). Denne statistikken viser at det er omkring 27% elevar som ikkje fullfører eller består vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Statistikken til SSB viser at samanlikna med det første kullet som starta på vidaregåande skule etter innføringa av Kunnskapsløftet i 2006, viser dette ei aukeing på over 3% (Statistisk sentralbyrå, 2017). Likevel om det viser seg å vera ein nedgang i fråfallstala er det framleis behov for gode tiltak for å

forhindra fråfall og omval. Fråfall frå vidaregåande skule vil ikkje berre vera negativt for den enkelte eleven, men er også kostnadsfullt for samfunnet. Arbeidet med å forhindra fråfall er difor behov for å prioritera, både på vegne av eleven sjølv og for samfunnet generelt. Dette arbeidet bør ein starta tidligast mogeleg med, og allereie på ungdomsskulen. Dersom utdanningsval vert prioritert på ungdomsskulen, kan det føra til at elevane tar meir gjennomtenkte og førebudde val av utdanningsprogram i vidaregåande skule, noko som igjen kan forhindra fråfall og omval.

*Ka vil DU bli?* er eit tiltak frå Bergen kommune for å bidra til nedgang i fråfall og omval, då dei har som målsetjing å gje ungdommar auka kunnskap om samfunnet og seg sjølv før dei skal velja utdanningsprogram i vidaregåande skule. Ved at ungdommar på ungdomsskulen får moglegheita til utprøving av yrke og utdanningsprogram, vil det auka sjansen til å forhindra eventuelle omval og fråfall for ungdommane når dei startar på vidaregåande skule. Gjennom utprøvinga kan ungdommar verta meir sikker på kva yrke dei vil utdanna seg til, og har konkrete erfaringar å sjå tilbake på. Dette kan hjelpa ungdommane når dei skal finna ut kva linja på vidaregåande skule dei ønsker å gå vidare på etter ungdomsskulen. Difor bør kommunar og skular sjå potensialet ved utdanningsvalfaget som kan hjelpa ungdommar i deira val av utdanning og yrke, og at dei tar i bruk slike prosjekt som *Ka vil DU bli?*

## **1.7. Disposisjon av oppgåva**

I kapittel 1 *Innleiing* er temaet for oppgåva og eit historisk tilbakeblikk på temaet presentert. Bakgrunn for val av tema, problemstilling og forskingsspørsmål er presentert, og ein presentasjon av sentrale punkt ved temaet er lagt fram.

I kapittel 2 *Teoretisk rammeverk* vil dei teoretiske perspektiva som er relevant for oppgåva verta presentert. Teoriar om ungdom, identitet, utdanningsval, erfaringsbasert læring, motivasjon og meistring har vore sett på som særleg relevant for å kunne svara på oppgåva si problemstillinga og forskingsspørsmål.

I kapittel 3 *Metode* vil metoden som er brukt for å henta inn data for oppgåva og grunngjeving av metodiske val verta presentert. Vidare vil prosedyren for datainnsamlinga frå start til slutt leggast fram. Etske betraktningar som er sentralt for denne oppgåva og datainnsamlinga vil vidare verta presentert.

I kapittel 4 *Resultat* vil gjennomføringa av fagdagan verta presentert og funna i datamaterialet mitt vil også verta presentert i kategoriar i lys av det teoretiske rammeverket. Relevante sitat, erfaringar og meiningar til ungdomsskuleelvar om temaet for oppgåva vil leggjast fram, i tillegg til relevante observasjonar.

I kapittel 5 *Drøfting* vil funna mine verta drøfta opp i mot kategoriar frå oppgåva sitt teoretiske rammeverk. På bakgrunn av drøftinga vil det verta sett på om det er mogeleg å trekkja slutningar ut i frå funna i studien.

I kapittel 6 *Avslutning* vil problemstillinga og forskingsspørsmåla hentast fram igjen og funna i studien vil verta oppsummert. Vidare forskning som hadde vore aktuelt og utdanningsval i framtida vil også verta drøfta.

## **2. Teoretisk rammeverk**

Denne studien har som formål å få meir innsikt i ungdommar sine refleksjonar om utdanningsval. Det er mange faktorar som er betydeleg med tanke på ungdom og deira val av utdanning og yrke, men i denne oppgåva vil det verta tatt utgangspunkt i teoriar om ungdom og identitet, utprøving og erfaringsbasert læring, og til slutt motivasjon og meistring. Teoriar om desse temaa er nødvendig for å kunne få svar på oppgåva si problemstilling og forskingsspørsmål.

Ungdommar står i dag ovanfor mange valmoglegheiter innan yrke og utdanningsprogram, og treng hjelp og støtte for å orientera seg fram til kva som kan vera eit godt val for dei sjølv. Samfunnet og skulen må saman arbeida for at ungdommar tar gode og gjennomtenkte val som byggjer på interesser, erfaringar og tankar til ungdommen sjølv. Ungdomsperioden handlar i stor grad om å finna ut kven ein er og kva ein ønsker her i livet, som val av yrke og utdanning. Difor vil teoridelen innleiingsvis ta for seg teoriar om ungdom og identitet. Vidare vil teori om utprøving og erfaringsbasert læring verta framstilt sidan fagdag i bedrift byggjer på at ungdommane skal få læra gjennom eigne erfaringar, og at desse erfaringane kan hjelpa ungdommane i deira tankar om utdanning og yrke. Avslutningsvis vil teoriar om motivasjon og meistring verta presentert.

### **2.1. Ungdom og identitet**

Omgrepet ungdom kan definerast og forståast på mange måtar og er eit omgrep som betyr mykje i vårt samfunn. Illeris, Katznelson, Simonsen & Ulriksen (2002, s. 11) meiner at ungdom som ei livsfase er ei overgangsfase mellom barndommen og vaksenaldere. Det eksisterer ulike meiningar om kor lenge ungdomsfasa varer, men ”i den almindelige forståelse er det som regel noget der starter med puberteten i 11-13 års alderen og slutter når man har etableret en voksentilværelse, typisk med egen økonomi, arbejde, bolig og måske familie” (Illeris et al., 2002, s. 11). Ungdomstida er ein viktig og ikkje minst ein utfordrande periode for mange ungdommar, då dei står ovanfor mange og krevjande val. Ikkje minst møter ungdommane på valet om utdanning og yrke som i stor grad vil verka inn på deira eiga framtid (Andreassen et al., 2008, s. 54). Ungdomsperioden får ofte nemninga ”ei søkefase” sidan ungdommar må ta det første valet på vegen mot ein yrkeskarriere. I tillegg nærmar ungdommane seg overgangsfasa frå ungdomsskulen til vidaregåande skule, og allereie her må ungdommane velja ein veg dei ønsker å gå vidare på i deira eiga karriereveg. Illeris et al. (2002, s. 47) seier at det

er krevjande for ungdommar med slike søkeprosessar, sidan dei må heile tida vera oppmerksom på å fanga opp og koda av signal dei kan styra etter. Gjennom å delta på fagdag i bedrift får ungdommar moglegheita til å fanga opp signal dei kan styra etter, men dei bør også koda av desse signala, slik at dei veit kva desse signala betyr for dei sjølv.

Omgrepet identitet er eit komplekst omgrep og kan definerast på mange måtar. Likevel seier identitet noko om den personlege definisjonen av ein sjølv som person, men ein kan også definerast ut i frå sosiale grupper ein høyrar til (Andreassen et al., 2008, s. 61). Ofte vert identitet knytt til spørsmål om kven ein er som person, og dette spørsmålet stiller menneske seg sjølv gjennom heile livet, men spesielt er dette relevant i ungdomstida. Omgrepet identitet er difor dynamisk og vil forandra seg gjennom heile livet. Kunnskap om si eiga identitet og kven ein er som person er relevant for ungdommar når dei skal finna ut kva dei ønsker å verta og kvifor. Kunnskap om eigne interesser og å vera klar over eigne avgrensingar i lys av utdannings- og yrkesval, vil kunne hjelpa ungdommar til å vita kva ønsker dei har for utdanning og arbeid i framtida. Det å arbeida med eller å studera noko ein har interesse for, vil både vera motiverande og bidra til at ungdommar har ei positiv oppleving av det dei driv med innan yrke og utdanning. Difor er det behov for at ungdommar får tid og moglegheit til å verta meir kjent med seg sjølv som person og si eiga identitet i skulen, og spesielt i faget utdanningsval før dei skal velja si eiga karriereveg. Sitatet nedanfor utdjupar dette med at ungdommar må verta kjent med seg sjølv og at dei må få spørja seg sjølv spørsmål om kven dei ønsker å vera og kven dei faktisk er.

Når de unge kommer dertil, at de avslutter folkeskolen og søger over i en ungdomsuddannelse, er der tale om meget mere end blot et uddannelsesskift. Der er tale om en overgang, der markerer starten på ungdomslivet- et brud med det velkendte folkeskoleliv, der er af stor bevidsthedsmæssig betydning, som ofte også afsætter markante spor i frigørelsesprocessen fra forældrene, og som måske for første gang giver anledning til, at man stiller sig spørgsmål som: Hvem er jeg? Eller: Hvem vil jeg gerne være. (Illeris, K., Katznelson, N., Nielsen, J. C., Simonsen, B. & Sørensen, N. U, 2009, s. 82)

I danninga av ei eiga identitet kan ein spørja spørsmål som: Kven er eg, og kven vil eg vera? I utdanningsvalfaget er det lagt opp til at ein skal arbeida med slike spørsmål knytt til identitet og interesser, som ein kan sjå i læreplanen under hovudområdet *Personlege val* som i stor grad

handlar om å utvikla medvit om eigne moglegheiter og interesser og å reflektera over kva samanheng det har med val av karriere (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). Innanfor dette hovudområdet er eit av kompetansemåla å ”formulere egne kortsiktige og langsiktige karrieremål basert på interesser og muligheter” (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 3). Læreplanen fokuserer med andre ord på at ungdommar skal velja utdanning og yrke ut i frå eigne interesser og moglegheiter, og då bør ungdommar få moglegheita til å spørja spørsmål til seg sjølv omkring eiga identitet eller ønska identitet. Behovet av kunnskap om eigne interesser og moglegheiter er nødvendig for at ungdommane skal oppnå slike kompetansemål. Større innsikt i desse faktorane er eit av formåla til fagdag i bedrift, og er difor ein sentral metode for ungdommar innanfor utdanningsvalfaget og i deira danning av eiga identitet.

Det er fleire teoriar som er relevant å skriva om i dette kapittelet, men ut i frå oppgåva si problemstilling og forskingsspørsmål har det vore sett på som mest hensiktsmessig å ha fokus på teoriar til Erikson, Giddens, Parsons og Super. Alle desse teoretikarane har til felles at dei ser på ungdom, sjølvoppfatning og identitet som ein viktig faktor for ungdommar si utforsking av kva karriereveg dei ønsker å gå. Det store mangfaldet av teoretikarar innan ungdom, identitet og utdanning har mykje til felles, mellom anna ved at dei tar for seg samspelet mellom det kollektive og det individuelle (Andreassen et al., 2008, s. 61). Ein av desse er identitetsteoretikaren Erikson som har utvikla teoriar om identitet på eit individuelt nivå.

### **2.1.1. Ungdomstida: Identitet eller identitetskrise**

Teoretikaren Erik Homburger Erikson har hatt stor innverknad innan forskning på ungdom og identitet (Andreassen et al., 2008, s. 63). Erikson har gjennom sitt arbeid undersøkt identitet gjennom menneske sin livssyklus, der han har utvikla bestemte fasar som skal gjennomlevast for å utvikla identitet og personlegdom. Åtte stadium har Erikson utvikla, kor den femte fasa er ungdomsfasa som handlar om individet si utvikling av identitet, som kan resultera i ei samanhengande og stabil identitet eller i ei identitetskrise (Andreassen et al., 2008, s. 64). Ungdomsfasa på den eine sida førar til tvil og forvirring over korleis ungdom definerer seg sjølv, medan den på den andre sida kan føra til at ein utviklar identitet og at ein klarar å setja ord på kven ein er og kva interesser ein har. Erikson, referert i Sandal og Smith (2010, s. 27) knyter overgangsfasar og val i ungdomsalderen til utvikling av identitet, kor overgangsfasar frå eit nivå til eit anna kan definerast som ei krisetilstand. Erikson (1992, s. 87) argumenterer for at kriser ved danninga av identitet er eit psykologisk aspekt ved det å verta vaksen. Erikson

(1992, s. 87) argumenterer vidare for at ein ikkje kan passera dette stadiet utan at ein finn ei form på si eiga identitet, som vidare vil bestemma ungdommen sin vidare gang i livet. Følgjande sitat viser korleis Erikson sin teori om ungdomsalderen som eit stadium, verkar inn på ungdom si utvikling av identitet:

Jeg skal behandle menneskenes vækst med hensyn til de indre og ydre konflikter som en vital personlighed arbejder sig igennem, idet den lægger hver krise bag sig med en voksende fornemmelse af indre enhed, med forbedret dømmekraft og med større evne til at ”klare sig godt” i overensstemmelse med sin egen standard og i overensstemmelse med den standard, som opretholdes af de personer, der har betydning for mennesket. (Erikson, 1992, s. 87)

Erikson meiner at menneske vil utvikla betre dømmekraft og at ein i større grad vil klara seg i livet etterkvart som ein legg kriser og forvirringar bak seg. Det er mange faktorar i ungdomsfasa som kan gjera ungdommar forvirra, men den manglande evna til å bestemma seg over ei arbeidsidentitet, er noko uroar mange ungdommar (Erikson, 1992, s. 125). Difor er det behov for å la ungdommar få tid og moglegheit til å definera seg sjølv på skulen, og ikkje minst i utdanningsvaltimane. Det med tanke på at det vil vera lettare å finna ein yrkesidentitet for dei ungdommane som i stor grad har utvikla si eiga identitet på ungdomsstadiet, enn dei som slit med å svara på spørsmål omkring kven dei sjølv er. Det er viktig å leggja til at usikkerheit er noko som er naturleg innan ungdomsalderen, og er noko som ofte førar til vanskar for elevane. I Noreg er det lagt opp til at ungdommar i 10. klasse allereie skal velja ei retning dei ønsker å utdanna seg mot, og dette tidsperspektivet i utdanningssystemet i Noreg er vanskeleg for mange ungdommar. Dette på grunn av at mange ungdommar manglar kunnskap omkring dei moglegheitene dei har, kven dei er og kva dei interesserer seg for. Skulen er difor ein viktig stad for ungdommar si utvikling av identitet, og utdanningsvalfaget og fagdag i bedrift kan vera viktig i denne prosessen.

Illeris et al. (2002, s. 47) argumenterer for at Erikson sin teori om identitetsutvikling har vorte ”kritiseret voldsomt for at have karakter af en raffineret tilpasningsteori, fordi en vellykket identitetsdannelse fremtræder som en tilpasning af individet til gruppens og samfundets normer, mens en mere end forbipasserende modstand mod normerne stemples som identitetsforvirring”. Likevel er Erikson sin teori av stor interesse i samfunnet i dag, sidan teorien hans plasserer identitet eintydig som noko ein utviklar, tileignar, konstruerer, lærer og byggjer opp (Illeris, et



al., 2002, s. 47). Ein anna teoretikar som har sett mykje på identitetsomgrepet er Giddens som har sett på danning av identitet ut i frå eit sosiologisk perspektiv.

### **2.1.2. Danning av identitet gjennom refleksjon**

Både Erikson og Giddens ser på danning av ei eiga identitet som viktig innanfor ungdomsperioden, men medan Erikson har eit individuelt perspektiv på danning av identitet, har Giddens eit meir sosiologisk perspektiv på dette. Anthony Giddens hevdar at livsløpet til individet ikkje lenger vert definert av tradisjonar, men at identitetsdanninga i aukande grad vert bestemt av evna til refleksjon. Giddens har tatt i bruk omgrepet seinmodernitet når han ser på samfunnet i dag og gjer uttrykk for at samfunnet er forandra frå ein modernitetsform til ei anna (Andreassen et al., 2008, s. 69). Viktige krav til den enkelte i senmoderniteten er å reflektera omkring seg sjølv, kven ønsker ein å vera, kva ein gjer og kvifor, i tillegg til korleis ein skal presentera seg sjølv i ulike situasjonar (Andreassen et al., 2008, s. 71). For ein kvar som lever i senmoderniteten er dette sentrale spørsmål som ein på eit eller anna plan må svara på gjennom den sosiale åtferda i kvardagen eller diskursivt (Giddens, 1996, s. 88). Gjennom å svara på slike spørsmål og val ein tar i kvardagen, konstruerer ein si eiga identitet og seg sjølv som person. Illeris argumenterer for at Giddens sin definisjon av refleksjon ”emphasizes the fact that people today constantly think about and relate to their self-perception and change this in the light of new influences and experiences with which they are today confronted all the time” (Illeris, 2014, s. 64). Illeris meiner med andre ord at Giddens sin teori om identitet handlar om at menneske endrar deira sjølvoppfatning ut frå nye erfaringar og påverkingar ein vert konfrontert med i kvardagen.

Spørsmål om kven ein er og kven ein ønsker å verta er noko ungdommar må spørja seg sjølv om i deira tankar om utdanning og yrke. Gjennom fagdag i bedrift får ungdommar utprøving i eit eller fleire yrke, og får då moglegheita til å tenkja over om dette er noko for dei sjølv og i så fall kvifor. For å få svar på dette må ungdommane i lys av Giddens sin teori reflektera omkring kva det var med fagdagen som gjorde dei interessert eller ikkje. Giddens tar i bruk omgrepet sjølvidentitet for det som vert oppfatta som refleksivt av individet med bakgrunn i biografien til vedkommande (Giddens, 1996, s. 280). I dette omgrepet ligg det ei forståing over at unge må i aukande grad skapa si eiga identitet i det seinmoderne samfunn (Andreassen et al., 2008, s. 71). I følgje Giddens vert ein ikkje definert gjennom tradisjonar og familietradisjonar, men at ein på eiga hand utviklar si eiga identitet. ”Selvets refleksive projekt, som består i at

opretholde sammenhengende, men konstant reviderte biografiske fortellinger, finder sted i en kontekst af mangfoldige valgmuligheder, der filtreres gennem abstrakte systemer. I moderne socialt liv får begrebet livsstil en særlig betydning” (Giddens, 1996, s. 14). Som sitatet til Giddens utdjuar, har tradisjon mindre betydning i det seinmoderne samfunn, og difor får omgrepet livsstil meir å seia. Korleis ungdommane lever livet sitt har difor stor innverknad i korleis dei definerer seg sjølv, og dei får difor fleire moglegheiter til å rekonstruera og konstruera seg sjølv (Andreassen et al., 2008, s. 71). Utdanningsvalfaget er viktig for at ungdommar skal få moglegheiter til å konstruera og rekonstruera seg sjølv, og for å reflektera omkring deira eiga identitet og deira livsstil. Gjennom at ungdommar delta på fagdag i bedrift kan dette i større grad verta opna opp for ved at dei får testa ut yrke, og på bakgrunn av dette får moglegheita til å konstruera eller rekonstruera si eiga identitet. Kunnskap om ungdom og identitet er sentralt i denne oppgåva, og vidare vil det verta gjort greie for teoriar om val av karriere. Frank Parsons er ein av dei teoretikarane som har hatt stor innverknad og interesse på dette feltet.

### **2.1.3. Forståing av identitet og faktorar i arbeidslivet**

Frank Parsons gav ut boka *Choosing a Vocation* i 1909 som la eit grunnlag for seinare teoriar om karriere og utviklinga av dette feltet (Svendsrud & Hagerup, 2011, s. 1). Parsons argumenterte sterkt for at val av karriere var eit av dei største temaa i livet, og at det var ein komplisert prosess som måtte arbeidast grundig med. Svendsrud & Hagerup (2011, s. 2) skriv at Parsons meinte at alle menneske hadde eit potensial og ei forplikting både for samfunnet og seg sjølv for å få realisert dette potensialet. I følgje Parsons er eit godt val av yrke avhengig av tre faktorar og desse faktorane er framleis rammeverk for karriererettleiing den dag i dag:

- (1) a clear understanding of yourself, your aptitudes, abilities, interests, ambitions, resources, limitations, and their causes;
- (2) a knowledge of the requirements and conditions of success, advantages and disadvantages, compensation, opportunities, and prospects in different lines, of work;
- (3) true reasoning on the relations of these two groups of facts. (Parsons, 1909, s. 5)

Som dei tre faktorane ovanfor viser, la Parsons vekt på at menneske må ha kunnskap om seg sjølv og faktorar i arbeidslivet, og sjå desse to faktorane i lys av kvarande for å kunne ta eit godt val av yrke. Desse tre faktorane ser ein igjen i dei tre hovudområda i læreplanen til utdanningsval; *Personlege val*, *Utdanning og yrke*, og *Arbeid*. Det med tanke på at desse hovudområda byggjer på å utvikla medvit om eigne moglegheiter og interesser og reflektera over kva det har å seia for val av karriere. I tillegg til å skaffa seg praktisk erfaring og relevant kunnskap i bedrifter og i vidaregåande skule, og sjå dette i samanheng med personlege ønsker (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2).

Parsons presiserer grundigare kva som er viktig innanfor desse tre faktorane gjennom sju trinn han har utvikla (Svendsrud & Hagerup, 2011, s. 2). Alle desse trinna er viktig for ungdom sitt val av utdanning og yrke, men på bakgrunn av problemstillinga og forskingsspørsmåla er det mest hensiktsmessig å ha fokus på 1., 2., og 5. trinn. Dei to første trinna handlar om ungdommen sjølv og ein analyse av seg sjølv, og det femte trinnet handlar om utforsking av yrke. Gjennom å arbeida med 1. og 2. trinn vil ungdommen få kunnskap om kva som er viktig å ta omsyn til ved ein sjølv ved val av utdanning og yrke. På den eine sida kan ein sjå på om ein har nokon spesielle interesser og ressursar ein ønsker å få utnytta gjennom yrke og utdanning. Medan ein på den andre sida bør ha sjølvinnstikt til å vita kva avgrensingar ein har ved seg sjølv, som kan vera viktig å vera klar over ved val av yrke og utdanning. Kunnskap og faktorar omkring seg sjølv er noko elevane skal utvikla og verta meir kjent med gjennom deltaking på fagdag i bedrift. Desse to trinna til Parsons kan ein sjå i samband med hans første faktor for eit godt val av yrke som handlar om ei klar forståing av ein sjølv og sine interesser. Hovudområdet *Personlege val* i læreplanen for utdanningsval med følgjande kompetansemål; «formulere egne kortsiktige og langsiktige karrieremål basert på egne interesser og muligheter» (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 3), viser også signaler mot Parsons sine tre faktorar og trinn for å kunne ta eit godt val av yrke.

Parsons 5. trinn for eit godt val av yrke handlar om utforsking av yrke, og ein kan sjå på fagdag i bedrift i lys av dette trinnet sidan ungdommar får moglegheita til å utforska yrke og bedrifter. Dette trinnet byggjer på at ein får kunnskap og erfaringar ved å utforska yrke og utdanningsprogram. Dette kan ein tileigna seg både gjennom teoretisk gjennomgang og ved å sjølv få oppleva og erfara typiske arbeidsoppgåver i vidaregåande skule og i bedrift. Parsons meinte at veksøkarar bør få erfaringar gjennom å kasta seg ut i eit yrke, oppleva og ta val på bakgrunn av dei erfaringane ein sit igjen med. Sjølvet målet med karriererettleiing er å utvida

interessefeltet og læra av dei erfaringar ein får gjennom utprøving i vidaregåande skule og i bedrift (Svendsrud & Hagerup, 2011, s. 7). Fagdag i bedrift og erfaringar ungdommar sit igjen med etter ein slik dag, kan ein difor sjå på i lys av det 5. trinnet til Parsons.

#### **2.1.4. Ungdomsåra som utforsningsstadium**

Medan Parsons var opptatt av kombinasjonen av menneske si forståing av seg sjølv og eigne avgrensingar og moglegheiter med tanke på jobb, flyttar Donald Super fokuset vekk frå samsvar av personlegdom og jobb og over til utviklingsprosesser ved val av karriere i eit livsløpsperspektiv. Super er innanfor teoriar om val av karriere ein betydeleg bidragsytar, og noko av hans største bidrag til karriereutvikling har vert hans vektlegging av utvikling av sjølvvet. I følge Super vert sjølvvet endra over tid og utviklar seg som eit resultat av erfaringar, og difor er karriereutvikling ein livslang prosess (Careers, 2017). Super sin teori plasserer val av karriere inn i en sosial kontekst og relaterer valet både til individet sine verdier og behov, og situasjonen. Valet må sjåast i forhold til kva slags livssituasjon ein er påverka av (life-space), og kor i livsløpet ein oppheld seg (life-span) (Andreassen et al., 2008, s. 106-107). Før i tida valde mange menneske eit yrke som dei arbeida som gjennom heile livet, men i dag er det mykje meir vanleg å byta mellom yrke, og ein har ofte moglegheita til å utdanna seg til noko anna. Dette har Super fokus på sidan han meinte at forandringar i vår livssituasjon og oppfatningar verkar inn på våre val og utviklinga av ein yrkesidentitet (Andreassen et al., 2008, s. 107). Etter kvart som menneske gjennom utdanning og/eller arbeid opplever nye situasjonar, erfaringar og roller, kan menneske si sjølvforståing av yrkesidentitet verta forandra, noko som medfører nye behov og endrande verdier.

Andreassen et al. (2008, s. 107) skriv at Super forklarte samanhengen mellom karriereutviklingsoppgåver og livsstadium gjennom ei livsregnbue som han har utvikla, kor det finst utviklingsoppgåver innanfor kvart stadium. I denne oppgåva vil det vera relevant å sjå på utforsningsstadiet (14-24 år) som handlar om at ungdom prøver noko ut, og på bakgrunn av det utviklar kompetanse for val og ferdigheiter. Utprøving i klassar, arbeidserfaring, hobbyar, forsøk og utvikling av ferdigheiter er sentralt innanfor dette stadiet, og formålet til utforsningsstadiet er å læra meir om moglegheitene ein har, noko som utdanningsvalfaget og fagdag i bedrift opnar opp for. Super legg vekt på at ein gjennom ungdomstida som utforsningsstadiet, får læra meir om sine moglegheiter (Røyset & Kleppstø, 2017, s. 319). Gjennom at ungdommar får informasjon og meir innsikt i yrke og bedrifter gjennom fagdagar,

får ungdommar moglegheita til å utforska meir omkring deira moglegheiter, og at erfaringar dei får kan hjelpa dei i deira seinare val.

The exploratory stage is the time when career choices are narrowed and individuals frequently have selected and embarked on training or education to prepare them for their chosen vocation. It is during this stage that a vocational identity develops. This stage involves three career development tasks. (Patton & McMahon, 2014, s. 73)

Sitatet ovanfor viser til at utforskningsstadiet inneheld tre karriereutviklingsoppgåver som dei unge må meistra, og desse er *utkrystallisering, spesifisering og implementering av valet*. I lys av denne oppgåva er det utkrystallisering som er mest relevant, og det vil difor vera mest fokus denne karriereutviklingsoppgåva. Utkrystallisering handlar om den kognitive prosessen med å utvikla tankar om kva karriere og yrke ein er interessert i, og om eit yrke passar for ein sjølv ut i frå bevisstheit om eigne verdiar, føresetnadar og interesser (Patton & McMahon, 2014, s. 73). Dette må ungdommar gjera når dei skal velja og skriva ei prioritert lista omkring kva fagdag dei ønsker å delta på, sidan dei må då tenkja ut i frå eigne interesser og verdiar omkring kva fagdag i bedrift som er interessant for dei sjølv å delta på og kvifor. Andreassen et al. (2008, s. 107) skriv at oppgåva med utkrystallisering er veldig sentral på alle hovudområda i utdanningsval, og når dei unge står ovanfor nye val vil dei stadig gå tilbake til denne oppgåva.

I læreplanen for utdanningsvalsfaget står det at faget skal bidra til at elevar vert kompetent til å ta val av karriere som er basert på deira eigne føresetnadar og ønsker (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). Dette formålet kan ein sjå på i lys av Super sin teori om utkrystallisering som også kjem fram i noko av det som står under hovudområdet *Utdanning og yrke* i læreplanen: "Det handler om å skaffe seg relevant kunnskap og praktisk erfaring om utdanningsveier i videregående opplæring og i bedrifter og se dette i sammenheng med personlige ønsker" (Utdanningsdirektoratet, 2015a, s. 2). Den andre karriereutviklingsoppgåva er spesifisering som inneber sjølve valet av ei bestemt karriere (Patton & McMahon, 2014, s. 73). Den tredje og siste utviklingsoppgåva som dei unge må meistra er implementering av valet, som handlar om "the task that follows where individuals train for their selected vocation and begin employment" (Patton & McMahon, 2014, s. 73). Super sine tankar om at sjølvvet vert endra over tid og utviklar seg som eit resultat av erfaringar, førar oss over til teoriar om læring gjennom erfaring.

## 2.2. Utprøving og erfaringsbasert læring av yrke

Teoriar om utprøving og erfaringsbasert læring handlar om korleis menneske lærer gjennom erfaring, og Piaget, Lewin og Dewey er nokon av dei teoretikarane som er sentrale innan erfaringsbasert læringsteori. Watts som er ein teoretikar innan erfaringsbasert læring om arbeid meiner at metodar som arbeidsplassbesøk førar med ei personleg og direkte kontakt med arbeidsmiljø, arbeidsprosessar, arbeidsoppgåver og arbeideroller (Watts, 2006, s. 49). Tidlegare var barn sjølv med å arbeida saman med foreldra sine og fekk moglegheita til å sjå dei vaksne arbeida. I dag må barn og ungdommar sjølv vera på skulen noko som ”berøver unge mennesker mange af de erfaringer, som er vigtigst for deres modning og for at det kan opnå det fulde spektrum af færdigheder, der kræves i et voksenliv” (Coleman, referert i Watts, 2006, s. 49). Fagdag i bedrift er ein metode som igjen opnar opp for at ungdommar får moglegheita til å få erfaringar ved yrke og observera tilsette utføra typiske oppgåver i den aktuelle bedrifta.

Stringer og Kerpelman (2010, s. 185) hevdar at ”having work experiences that are relevant to career choice can provide opportunities for career exploration”, og at arbeidserfaring kan hjelpa ungdommar til å utvikla sjølvtrillit ved utdanningsval og til å forplikta seg til ein karriereidentitet. Fagdag i bedrift kan hjelpa ungdommar med å utvikla sjølvtrillit ved utdanningsval, men det kan vera utfordrande for dei ungdommane som ikkje opplever fagdagen som relevant for deira eiga framtidige karriere. Samstundes er det viktig å leggja til at desse ungdommane får oppleve ein arbeidssituasjon som dei kan ta med seg vidare i deira tankar om val av utdanning og yrke, og at dei har reflektert over kva det var med fagdagen som ikkje var interessant for dei sjølv eller som avkrefta deira førestillingar.

Watts (2006, s. 57) fortel at ”Den læring man får gennem erhvervspraktik, og kvaliteten af den, er meget afhængig af, hvordan den integreres i uddannelses-, erhvervs- og arbejdsmarkedsorientering”. Difor er det viktig med førebuingar før fagdagen, vera observant og lærevillig under sjølve dagen, og ikkje minst reflektera over kva ein erfarte og opplevde under fagdagen. Dette er sentralt i *Ka vil DU bli?* då det vert sette krav til at ungdommane kjem forberedt, er aktive under fagdagen og arbeider med erfaringane deira i etterkant av fagdagen. Teori om erfaringsbasert læring har fokus på desse trinna i undervisningssamanheng, og at ein lærer best gjennom å erfara noko sjølv og reflektera omkring dei erfaringane ein gjer både åleine og saman med andre. David Kolb er ein av fleire teoretikarar som har forska på læring gjennom erfaring.

### 2.2.1. Handling, erfaring og refleksjon

David Kolb er ein teoretikar som har bygd vidare på tanken til Piaget, Lewin og Dewey som seier at ein lærer best gjennom erfaring, og har utvikla ein lærings sirkel som viser til fire sirkulære stadium i læringsprosessen. Erfaringsbasert læring byggjer på tanken om at ein ikkje skal vera passiv i lærings situasjonar, og at den mest effektive forma for læring er gjennom eit dynamisk samspel mellom erfaringar og tankar (Watts, 2006, s. 49). Kolb har fokus på dette dynamiske samspelet i sin teori om erfaringsbasert læring: ”Experiential learning theory is described as a dynamic view of learning based on a learning cycle driven by the resolution of the dual dialectics of action/reflection and experience/abstraction” (Kolb, 2015, s. 50-51). Handlingar, erfaringar, refleksjon og abstraksjon er viktig i lærings sirkelen til Kolb og må sjåast i samspel med kvarandre. I den erfaringsbaserte læringa må ein tre inn i ei heilt ny læringsrolle kor ein får moglegheita til å ha ei aktiv og skapande rolla i si eiga læringsprosess, i motsetning til å vera ein passiv mottakar av læring. Gjennom fagdag i bedrift får ungdommar moglegheita til å læra gjennom å sjølv erfara, gjennomføra og observera arbeidsoppgåver i ei bedrift. Utprøving i yrke kan vera til hjelp for ungdommar ved at dei får erfara og reflektera om dette er noko som er interessant for dei sjølv, eller kvifor det eventuelt ikkje er det.

Det første stadiet i Kolb sin lærings sirkel startar med ei *konkret oppleving* som ungdommen får gjennom ein prosess han deltar i. Kolb (2015, s. 42) skriv at i denne første fasa må ein vera i stand til å involvera seg sjølv fullt, opent og utan forstyrningar i denne nye opplevinga. Slike konkrete erfaringar får ungdommar oppleve gjennom fagdag i bedrift, sidan dei får moglegheita til å gjennomføra aktivitetar som er typisk i den bedrifta ein har fagdag i. Etter å ha gjennomført ei konkret oppleving bør ein tenkja over erfaringar og refleksjonar ein i ettertid gjorde seg, og då går ein over til det som Kolb forklarar som *reflekterande observasjon* (Andreassen, 2016, s. 23). I dette andre stadiet må ein vera i stand til å reflektera over eiga erfaring frå mange perspektiv, noko som det er viktig at ungdommar får moglegheit for både før, under og etter utprøvinga. Det med grunnlag i at refleksjon er viktig for at ungdommane skal læra gjennom dei erfaringane ein gjer seg. Vidare går ein over i *abstrakt konseptualisering* kor ungdommen må strukturera kunnskapane vidare, vurderer og velja alternative løysningar og koma til ein eller fleire konklusjonar (Andreassen, 2016, s. 23). I denne fasa kan ungdommane vidare undersøkje utdanningsprogram og yrke tilsvarande det dei var på utprøving i. Ungdommane må i denne fasa vera i stand til å laga konsept som integrerer deira eigne observasjonar i teoriar, noko som still krav til at dei aktivt må vurderer alternativ og koma fram til konklusjonar. Vidare går ein over i *aktiv eksperimentering* kor ungdommen skal prøva ut det dei har lært og utføra ei løysing.

Kolb (2015, s. 42) skriv at ungdommar som oppheld seg i denne fasa må vera i stand til å bruka teoriar frå deira erfaringar til å ta avgjeringar og til å løysa problem. Deretter går ein vidare til ei ny handling, og læringsprosessen fortset vidare i sirkelen.

Direkte erfaring kan vera ein effektiv form for ungdommar i deira læring om arbeid og utdanning, gjennom å delta aktivt i eit samspel med andre: ”Direkte erfaring inddrager (...) individet i et aktivt samspel med det pågående miljø: individet modtager miljøets sansepåvirkninger, miljøet påvirker individets psykologiske prosesser. Det er en yderst effektiv form for læring om arbejde og uddannelse” (Watts, 2006, s. 58). Direkte erfaring har på den eine sida ei enorm styrke i seg sjølv, men for at ungdommar i det heile tatt skal vera interessert i å delta i aktivitetar under fagdag i bedrift er det viktig at dei er motiverte for det arbeidet som står framføre dei.

### **2.3. Motivasjon og meistring**

Motivasjon og meistring er sentrale faktorar som verkar inn på ungdommar sine val av framtidig yrke og utdanning. ”Human beings can be proactive and engaged or, alternatively, passive and alienated, largely as a function of the social conditions in which they develop and function” (Ryan & Deci, 2000, s. 68). Som sitatet viser kan motivasjon og meistring forklara kvifor menneske enten i stor grad er engasjert eller passiv. Motivasjon vert definert av Woolfolk (2004, s. 274) som ei tilstand i seg sjølv som forårsakar, styrer og opprettheld åtferd, og som handlar om å bevega seg mot eit mål. Heggen & Øia (2005, s. 139) meiner at meistring handlar om korleis ungdommar handterer påkjenningar og utfordringar som er vanleg at ungdomsfasa set ungdommar ovanfor. Slike utfordringar kan vera sjølvbilete, etablering og vedlikehald av sosiale relasjonar, kompetanse og innsikt, og korleis ein kan forholde seg til omgivingar og samfunnet på ein konstruktiv måte (Heggen & Øia, 2005, s. 139). Ikkje minst er val av utdanning og framtidig yrke ei vanleg utfordring som ein møter på i ungdomstida, og korleis ungdommar meistrar slike val er varierende. I kva grad ungdommar opplever meistring på ein fagdag kan ha innverknad på deira vidare undersøking av kva utdanning og yrke som interesserer dei. Refleksjonar omkring deira erfaring av utprøvinga av yrke og deira tankar over fagdagen er difor noko ein må leggja opp til at ungdommar får moglegheita til.

Motivasjon handlar om korleis menneske aktiviserer og styrar åtferda si og ei forklaring på det kan vera interesse, nysgjerrigheit, frykt, behov, drifter, forventningar og sosialt press



(Woolfolk, 2004, s. 275). Slike faktorar og ungdommar si oppleving av årsaka til resultata dei oppnår, har mykje å seia for deira framtidige motivasjon og meistringskjensle (Manger & Wormnes, 2015, s. 95). Albert Bandura er ein psykolog som har utvikla fleire modellar som handlar om korleis ulike faktorar påverkar kvarandre, og som bestemmer motivasjonen for ei viss oppgåva. Tre av desse faktorane til Bandura har i denne oppgåva vorte sett på som spesielt relevant med tanke på motivasjon knytt til utdanningsval; Forventing om meistring, autentiske meistringsopplevingar og vikarierende erfaringar. Desse tre faktorane vil vera grunnleggjande for korleis ungdommar sin motivasjon er både før, under og i etterkant av fagdag i bedrift, og vil kunne gje utslag for deira motivasjon for utdanningsval i seinare tid.

### **2.3.1. Forventing om meistring**

Albert Bandura har innan sosial læringsteori utvikla ein teori om meistringsforventing eller det mykje brukte omgrepet self-efficacy. Self-efficacy definerast av Bandura (1995, s. 2) slik: ”Perceived self-efficacy refers to beliefs in one's capabilities to organize and execute the courses of action required to manage prospective situations. Efficacy beliefs influence how people think, feel, motivate themselves, and act”. Forventing om meistring handlar om mennesket si eiga tru på om det er sannsynleg å nå eit mål, noko som kan vera motiverande i seg sjølv. ”Students with a high sense of efficacy for accomplishing an educational task will participate more readily, work harder, and persist longer when they encounter difficulties than those who doubt their capabilities” (Zimmerman, 1995, s. 204). Sitatet viser til at høg forventing om meistring kan føra til at menneske aukar uthaldelegheita og innsatsen fram mot oppgåver som vil vera meir utfordrande. Dette aukar moglegheita for at ein når det målet ein arbeider mot, i motsetning til om ein ikkje har ei forventing om eiga meistring. Forventing av meistring vert påverka av situasjonen ein oppheld seg i og er difor kontekstavhengig (Manger & Wormnes, 2015, s. 114). Korleis ungdommar meistrar oppgåver under ein fagdag eller på skulen kan difor vera forskjellig, mellom anna på grunn av kor dei oppheld seg, medelevar som er til stades og sjølve konteksten der og då.

Zimmerman (2000, s. 86) hevdar at “Self-efficacy beliefs have also shown convergent validity in influencing such key indices of academic motivation as choice of activities, level of effort, persistence, and emotional reactions”. På den eine sida vil det for ungdommar med høg forventing om meistring av oppgåver under fagdagen, auka moglegheita for at dei faktisk meistrar desse oppgåvene, i tillegg til at dei ofte utfordrar seg sjølv med meir krevjande oppgåver. På den andre sida vil ungdommar med låg forventing om meistring knytt til ei

oppgåva ofte trekkja seg unna og unngå å gjennomføra oppgåvene når dei møter på motgang. Låg forventning av meistring kan også vera ein strategi for å unngå nederlag. Marginalisering, konflikhtar og mistilpassing er formar som vil kunne slå ut ved mangel på meistring (Heggen & Øia, 2005, s. 139), noko som vil vera negativt og uheldig for mange ungdommar. Difor er det ønskeleg at bedrifter legg opp til aktivitetar som ungdommar har moglegheita til å meistra, samstundes som dei får utfordra seg sjølv. Bandura (1995, s. 3) viser til fire kjelder for å utvikla og vurdera eiga forventning om meistring, og ei av dei er autentiske meistringsopplevingar.

### **2.3.2. Autentiske meistringsopplevingar**

Bandura (1995, s. 3) meiner at den mest effektive måten for å skapa ei høg forventning av meistring er gjennom autentiske meistringsopplevingar. Med autentiske meistringsopplevingar meiner ein meistringsopplevingar direkte knytt til den aktiviteten eller arbeidsoppgåva ein ønsker å styrka (Manger & Wormnes, 2015, s. 116). Difor vil det til dømes for ein ungdom som ønsker å meistra å styra ein båt, vera veldig effektivt for denne ungdommen å faktisk meistra akkurat denne situasjonen. Teorien til Bandura omkring autentiske meistringsopplevingar viser dermed til at ungdommar vil få større meistringsforventning om dei får delta på ein fagdag dei er interessert i og som dei faktisk ønsker å delta på. Bandura (1995, s. 3) meiner at tidlegare erfaringar påverkar menneske si evna til å utføra gitte oppgåver. Så om eit menneske tidlegare har hatt ei positiv erfaring med ei gitt oppgåva, vil det føra til at ein er meir sjølvstikker og har ei større grad av forventning om meistring når ein møter på ei liknande oppgåva på eit seinare tidspunkt. Dette kan føra til at ein arbeider enda hardare for å oppnå positive resultat og difor har auka sjanse til å meistra ei gitt oppgåva. Ved ei negativ tidlegare erfaring vil det motsette gjelda og ein vil då i større grad kjenna på ei reduksjon i si eiga forventning av meistring.

Developing a sense of efficacy through mastery experiences is not a matter of adopting ready-made habits. Rather, it involves acquiring the cognitive, behavioural, and self-regulatory tools for creating and executing appropriate courses of action to manage ever-changing life circumstances. (Bandura, 1995, s. 3)

Autentiske meistringsopplevingar vil som Bandura fortel, gje mennesket ei verktøykassa for stadig skiftande livssituasjonar. Positive opplevingar vil hjelpa ungdommar i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule. Samstundes vil det for ungdommar som aldri strevar med å lykkast med gjennomføring av oppgåver, føra til at dei forventar raske resultat og mistar

motet ved negative erfaringar (Bandura, 1995, s. 3). Difor er det viktig at alle elevar får erfara at ein ofte må streva litt for å nå eit mål og at alt ikkje er gratis her i livet. Øving gjer meister og ved at ungdommar får erfara at det å vera uthaldeleg og arbeida hardt for å oppnå noko gjer resultat, vil dei i seinare grad arbeida hardare for å nå eit mål og koma sterkare tilbake etter meir krevjande erfaringar. Manger & Wormnes (2015, s. 117) fortel at det er naturlege trinn i ein læreprosess å møte på vanskar og tilbakesteg, men at det gjer ei medvit om at suksess ofte krev anstrenging og uthald.

På bakgrunn av teorien om autentiske meistringsopplevingar vil erfaringar ungdommar sit igjen med etter fagdagen i ei bedrift, ha innverknad for deira vidare tankar om utdanning og yrke. Det er sjølvsagt mange andre viktige aspekt som verkar inn på ungdommar sine val, men i følge Bandura har tidlegare erfaringar mykje å seia for om ein utviklar positiv eller negativ forventning av meistring ved ei gitt oppgåva. Så ved at ungdommar får delta på fagdagar i ei bedrift med yrke som er interessant for dei sjølv og oppleve autentiske meistringsopplevingar, vil det i større grad føra til meistringsforventning i lys av Bandura sin teori. Ei anna kjelde som Bandura viser til for å utvikla og vurdera si eiga forventning av meistring er ved vikarierande erfaringar.

### **2.3.3. Vikarierande erfaringar**

Ein annan innverknadsrik måte å styrka og skapa eiga forventning av meistring er gjennom vikarierande erfaringar. "Seeing people similar to themselves succeed by perseverant effort raises observers' beliefs that they, too, possess the capabilities to master comparable activities" (Bandura, 1995, s. 3). Utdjupande vil dette seia at om ein ungdom observerer andre ungdommar som ein identifiserer seg med meistra ei gitt oppgåva, vil det påverka trua om at ein sjølv kan oppnå meistring. Manger & Wormnes (2015, s. 118) fortel at ein kan auka si eiga forventning av meistring når ein ser andre lykkast med utføringa av ei handling, «Klarar han det, klarar eg det». Signifikante andre sine erfaringar kan med andre ord vera med på å styrka motivasjonen, men samstundes kan deira nederlag vera demotiverande for andre ungdommar. Verknaden på vikarierande erfaringar er avhengig av i kor stor grad ein identifiserer seg med den ungdommen som utførar ei oppgåva. Desto meir ein identifiserer seg med signifikante andre, desto meir overtydande vil deira suksess og nederlag vera for ein sjølv. I tilfelle kor ein observerer menneske ein ikkje identifiserer seg med opplever suksess eller nederlag, vil deira eiga forventning av meistring ikkje verta mykje påverka av dette (Bandura, 1995, s. 3-4).

På den eine sida kan det gjennom fagdag i bedrift vera verdifullt å sjå medelevar ein identifiserer seg med, meistra ei arbeidsoppgåva i den aktuelle bedrifta. Dette kan som sagt føra til at ein sjølv får trua på eiga meistring, noko som er viktig innanfor utviklinga av motivasjon i lys av utdanningsval. På den andre sida kan det vera mindre motiverande og føra til at ein ungdom unngår å utføra ei viss oppgåva, dersom han har observert ein signifikant medelev prestera dårleg. Manger & Wormnes (2015, s. 119) viser til at ein kan auka si eiga forventing om meistring når ein ser andre som viser at anstrenging må til og som uttrykkjer tru på eiga kapasitet, til tross for at ein møter vanskar. Difor er det viktig å leggja til at «øving gjer meister» og at gjentatt utføring av oppgåver og utprøving ofte må til for å meistra noko. Motivasjon og meistring har mykje å seia for ungdommar si gjennomføring av arbeidsoppgåver og ikkje minst for framtidige val av utdanning og yrke.

### 3. Metode

Dette kapittelet vil gjera greie for korleis oppgåva har arbeida seg mot å få svar på problemstillinga og forskingsspørsmåla i denne studien. Val av forskingsdesign og metode for oppgåva vil verta presentert og grunngjeve. Vidare vil gjennomføringa av datainnsamlinga frå start til slutt verta presentert, både førebuingar som er gjort i forkant og reguleringar i etterkant av datainnsamlinga. Deretter vil det verta forklart korleis innsamla data er vorte framstilt og analysert i oppgåva, og korleis det har vorte arbeida for å sikra validitet og reliabilitet for studien. Til slutt vil etiske betraktningar som er relevant for datainnsamlinga og studien verta presentert.

#### 3.1. Grunngjeving for val av forskingsmetode

Ein forskingsmetode er eit verktøy som kan tas i bruk for å sjå verkelegheita betre (Bjørndal, 2017, s. 30) og for å skaffa seg kunnskap om noko (Storm-Mathisen, 2012, s. 75). For å få svar på problemstillinga og forskingsspørsmåla i denne studien vart kvalitative metodar tatt i bruk. Det med utgangspunkt i oppgåva sitt formål med å gå djupare ned i elevperspektiv på tema omkring ungdom, utdanning og fagdag i bedrift. Bjørndal (2017, s. 30) argumenterer for at ein tar i bruk kvalitative metodar når ein forsøker å få ei djupare forståing av noko ved hjelp av eit lite utval av informantar. I denne samanhengen vil kvalitativ metode difor vera den mest passande metoden for å nå formålet med denne studien. Kvalitativ forskning søkjer svar på spørsmål om sosiale erfaringar og deira meining:

Qualitative researchers stress the socially constructed nature of reality, the intimate relationship between the relationship between the researcher and what is studied, and the situational constraints that shape inquiry. They seek answers to questions that stress how social experience is created and given meaning. (Denzin & Lincoln, 2011, s. 8)

Bruk av kvalitativ metode inneber å søkja ei djupare meining som ikkje kan målast i tal, men som ynskjer ei større forståinga av sosiale fenomen. For å få ei større forståing av ungdommar sine tankar om utdanningsval og deira erfaring av fagdag i bedrift, vart data samla inn ved hjelp av to metodar. Sidan to metodar er lagt til grunn er oppgåva metodetriangulær eller multimetodisk. Det vil seia at ein ved hjelp av fleire metodiske innfallsvinklar studerer eit fenomen og som kan gje ulikt datagrunnlag (Bakketeig, 2012, s. 263). Ei multimetodisk

oppgåve ”mixes (or integrates or links) the two forms of data concurrently by combining them (or merging them), or sequentially by having one build on the other, and in a way that gives priority to one or to both” (Creswell, 2011, s. 271). Gruppeintervju og observasjon er dei to kvalitative metodane som er brukt for å samla inn data i denne studien. Observasjon av fagdag i bedrift vart gjennomført i forkant av gruppeintervjua, slik at eg hadde større innsikt og kunnskap omkring gjennomføringa av fagdagen. I tillegg til å ha moglegheita til å stilla ungdommane oppfølgingsspørsmål, dersom det vart observert noko som var relevant for temaet for studien. Årsaka til at to metodar er tatt i bruk er for at metodane skulle støtta seg på og utdjupe kvarandre undervegs i datainnsamlinga og i analysen.

I kvalitativ metode studerer ein ting i ein naturleg situasjon og forsøker å forstå eit fenomen ut i frå korleis menneske ser det. Ein kan forsøkje å forstå eit fenomen ved fleire metodar, og nokon av dei er intervju og observasjon som er tatt i bruk i denne studien. Eg hadde eit ønske om å få meir innsikt i temaet for denne masteroppgåva og ein måte for å nå dette målet er å plassera seg sjølv i denne verda. “Qualitative research is a situated activity that locates the observer in the world. Qualitative research consists of a set of interpretive, material practices that make the world visible. These practices transform the world” (Denzin & Lincoln, 2011, s. 3).

Kvalitative tilnærmingar har som fordel at dei opnar opp for ei forståing av heilskapen av sosiale prosessar og samanhengar mellom det som vert undersøkt (Bjørndal, 2017, s. 122). I tillegg opnar ei kvalitativ tilnærming opp for at ein undervegs i prosessen kan endra opplegget, sidan ein etter kvart i studien oppnår større innsikt. Dette var viktig i denne studien sidan observasjonane vart gjennomført i forkant av intervjua slik at ein kunne ta utgangspunkt i det som vart observert når ungdommane skulle intervjuast.

## **3.2. Utvalsstrategi**

I skivinga av masteroppgåva hadde eg eit ønske om å få innsikt i ungdommar sine tankar om utdanningsval, deira erfaring av fagdag i bedrift og det å læra gjennom utprøving av yrke. Difor vart ungdommar frå 9. klasse som i kort tid før gruppeintervjua hadde deltatt på fagdag i bedrift valt som informantar, og det var ungdommar frå same trinn ved forskjellige skular i Bergen som vart observert under fagdagan. Undervegs i skivinga av denne masteroppgåva har eg vert i kontakt med menneske som arbeider dagleg med utdanningsval og arbeid med fagdag i bedrift. Desse fagfolka har hjelpt meg i prosessen med å få kontakt med to ungdomsskulelærarar som

koordinerer fagdag i bedrift, gjennom faget utdanningsval på sin skule. I oktober 2017 var eg i møte med lærarane som arbeider på ulike ungdomsskular, og fekk eg informasjon om korleis desse to skulane arbeider i forkant og i etterkant av fagdag i bedrift. Lærarane hjalp meg i prosessen med å få tak i ungdommar som var interessert i å delta i gruppeintervjua. Det var viktig for meg som intervjuar og sjølve datainnsamling, at ungdommane i dei to gruppene var trygg på kvarandre og på å dela deira erfaringar saman med fleire medelevar. Lærarane valde difor ut ungdommar som dei visste fungerte godt saman, og som ikkje ville vera nervøse for å dela sine erfaringar med medelevar. På grunn av at eg skulle gjennomføra dei to gruppeintervjua med ungdommar frå 9. trinn, råda rettleiar meg til å gjennomføra intervjua i grupper på maksimalt fem elevar. Gruppeintervjuet på den første skulen bestod difor av fem gutar, og på den andre skulen to jenter og tre gutar. Ungdommane fekk utlevert eit samtykkeskjema som dei måtte ta med heim og få underskrift av deira føresette. Dei fekk informasjon om at det var frivillig å delta og at kravet for å vera med på gruppeintervjuet var at dei hadde deltatt på fagdag i bedrift kort tid før sjølve intervjuet, slik at dei hadde deira erfaringar av fagdagen friskt i minne.

Ein god regel ved gruppeintervju er å anta at minst to informantar ikkje møter opp til intervjuet (Stewart & Shamdasani, 2015, s. 64). Så i tilfelle nokon av ungdommane ikkje var til stede dagen gruppeintervjua skulle gjennomførast, ville eg likevel ha eit godt grunnlag for oppgåva mi. Stewart & Shamdasani (2015, s. 64) meiner at det vil vera tilstrekkeleg med eit eller to gruppeintervju om gruppa er relativt homogen, og spørsmåla relativt enkle. Etter det eg fekk inntrykk av gjennom dei to gruppeintervjua og informasjon frå lærarane til ungdommane var dei to gruppene relativt homogene. I tillegg til at spørsmåla ungdommane fekk var relativt enkel, og handla om deira tankar om utdanningsval og erfaringar frå fagdagen. Difor meiner eg dei to gruppeintervjua var eit godt grunnlag for mi oppgåva, og med tanke på at eg i tillegg til intervjua også skulle gjennomføra observasjon av fagdagar som resulterte i eit større datagrunnlag.

### **3.3. Observasjon**

Opphavleg stammar omgrepet observasjon frå latin og betyr å undersøkje eller å halde auga med (Bjørndal, 2017, s. 33). Formålet mitt med å bruka observasjon som metode var moglegheita til å undersøkja ungdommar si gjennomføring av fagdag i bedrift og eit elevperspektiv på temaet for studien. Ein kan gjennomføra fleire typar observasjonar, men i

denne studien har ein deltakande observasjon vorte gjennomført. Deltakande observasjon er prega av at den som observerer er deltakande på lik linja med dei som vert observert, og får dermed tilgang til informasjon ein ikkje ville fått om ein stod på sidelinja og observerte (Bjørndal, 2017, s. 48). Ved å gjennomføra deltakande observasjon under dei seks fagdagane fekk eg moglegheita til å erfara det ungdommane gjorde, og dermed få ei større forståing for korleis fagdagane vert gjennomført og korleis ungdommane deltar under fagdagen. Glesne, referert i Løkken (2012, s. 76) meiner at ein gjennom deltakande observasjon utviklar forståing gjennom å vera til stades. Difor deltok eg på fagdagane saman med ungdommane og utvikla forståing av korleis fagdagane fungerer og korleis ungdommane erfarer denne dagen.

I denne studien vart det sett på som lite passende å ha ein ikkje-deltakande observasjon på grunn av at ungdommane i større grad kunne ha vorte påverka om eg hadde stått ved sidelinja og noterte ned kva dei gjorde, i staden for at eg sjølv deltok i same grad som ungdommane. I tillegg kunne ein ikkje-deltakande observasjon ha medført at eg ikkje hadde moglegheita til å observera viktige situasjonar sidan eg ikkje deltok i sjølve situasjonen. Eg tok meg tid til notera ned feltnotater når det kom situasjonar kor det var passende og moglegheit til det. På den eine sida kan det at eg som forskar og observatør i stor grad deltok på fagdagen på lik linje som ungdommane, ha medført at det vart utvikla større tillit mellom dei og meg sjølv. På den andre sida kan ein uheldig konsekvens av ein deltakande observasjon vera at ein i mindre grad får tid og moglegheit til å notera ned interessante observasjonar (Bjørndal, 2017, s. 48). Det vil alltid vera fordelar og ulemper med val av visse metodar, men det er viktig å vera klar over kva som er viktigast for formålet med si eiga studie og datainnsamling.

### **3.3.1. Gjennomføring av observasjonane**

Gjennom *Ka vil DU bli?* fekk eg moglegheita til å observera korleis fagdag i bedrift går føre seg. Eg valde difor å observera på seks fagdagar som eg meiner ville vera eit godt nok grunnlag for å få innsikt i metoden og gjennomføringa av fagdagane. Observasjonane vart gjennomført hausten 2017 i seks bedrifter med ulike elevgrupper. Dette gav meg moglegheita til å observera korleis ungdommar på 9. trinn gjennomførte arbeidsoppgåver under fagdagane, og korleis det såg ut til at ungdommane opplevde konkrete erfaringar denne dagen. Fagdagane eg deltok på og kor mange ungdommar som var til stades var følgjande:



- Frisør (15 elevar)
- Sjøforsvaret (30 elevar)
- Energimontør (20 elevar)
- Informatiker og programmerar (30 elevar)
- Anleggsgartnar (20 elevar)
- Helsefagarbeider og andre helsefaglege yrke (30 elevar)

Det er viktig å leggja til at fleire av fagdagane hadde fokus på fleire yrke, og ikkje berre eit. Så likevel om det var frisøryrket som var i fokus i bedrifta Ramsvik frisør, fekk ungdommane likevel kjennskap til andre nærliggande yrke. I forkant av mine observasjonar under dei seks fagdagane fekk bedriftene, lærarane og ungdommane informasjon om mi deltaking på fagdagen og kvifor eg var der. Dette fekk eg samtykke på ved dei seks fagdagane eg deltok på. Det er viktig å leggja til at eg ikkje har observert og deltatt på alle fagdagane til dei ungdommane eg har intervjuet. Det på grunn av utfordringa og tidsperspektivet med å delta på fleire fagdagar, og å få tak i ungdommar som var interessert til å delta på gruppeintervju. Likevel meiner eg at dette ikkje skapar nokon problem sidan eg ikkje ser på kvar enkelt elev, men på heile dynamikken av fagdagane og erfaringane til ungdommane.

I forkant av observasjonane forbereda eg meg med å tenkja i gjennom kva eg ønska å observera under fagdagane. Korleis ungdommane deltok under fagdagane, kva slags arbeidsoppgåver dei utførte og korleis det verka som dei opplevde dette var noko av det eg ønska å observera. Eg hadde også eit ønske om å observera ungdommane med tanke på deira motivasjon og meistring under fagdagane. Samstundes som eg hadde ein deltakande observasjon under dei seks fagdagane observerte eg samtalar mellom ungdommane og deira samtalar med lærlingar og andre tilsette i bedrifta. Korleis det såg ut til at ungdommane opplevde fagdagen og arbeidsoppgåvene undervegs på fagdagen var som sagt i fokus, og eg noterte ned arbeidsoppgåver ungdommane gjennomførte. Løkken (2012, s. 76) seier at menneske sine bevegelsar og gestar er med på å fortelja kva kjensler som er involvert. Ungdommane sine gestar og bevegelsar var difor relevant å observera, og det vart difor skrive ned om det vart lagt merke til interessante gestar ved ungdommane, som om det verka som dei opplevde meistring, usikkerheit eller nederlag.

### **3.4. Gruppeintervju**

For å få større innsikt i problemstillinga og forskingsspørsmåla valde eg i tillegg til observasjon, å supplera med gruppeintervju omkring ungdommar sine tankar om utdanningsval og deira erfaring av fagdag i bedrift. Eit gruppeintervju (ofte kalla fokusgruppeintervju) består av fleire informantar som vert intervjuja samstundes, og består som oftast av seks til ti personar (Chrzanowska, referert i Kvale & Brinkmann, 2015, s. 179). Eg som moderator fungerte som ein ordstyrar og la fram temaa og spørsmåla som var av forskingsmessig interesse. Kvale & Brinkmann (2015, s. 179) seier at moderatoren si oppgåva er å skapa ein trygg, open og velvillig atmosfære, kor ein kan koma med motstridande og personlege synspunkt om temaet som er i fokus. Gruppeintervju er kjenneteikna av ein intervjustil som ikkje er styrande, og har ikkje som formål om å koma til einigheit eller med løysingar, men å få innsikt i ulike synspunkt om temaet som er i fokus. Eit gruppeintervju kan føra til eit livleg samspel mellom informantane slik at ein risikerer å skli vekk frå sjølve hovudtemaet. Difor var det viktig at eg som moderator følgte godt med på samtalen, og styrte ordvekslinga når eg såg at me kom for langt bort frå ønska tema. Ein slik type intervju krev ein trygg og open atmosfære, slik at ungdommane er trygg på å kunne uttrykkja personlege, men også motstridande synspunkt på temaa som var i fokus (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 179). Difor er gruppesamansettinga som vart grunngeven i kapittel 3.2 spesielt viktig i gjennomføringa av gruppeintervju.

#### **3.4.1. Utforming av intervjuguide**

I arbeidet med å få svar på problemstillinga og forskingsspørsmåla vart ein intervjuguide utforma. Intervjuguiden vart utarbeida ut i frå problemstillinga og forskingsspørsmåla, og i lys av hovudtemaa i oppgåva; Ungdom og identitet, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og Motivasjon og meistring. Eg ønska å ha moglegheita til å koma med oppfølgingsspørsmål om det dukka opp spennande og interessante innspel frå ungdommane. Difor vart det i denne studien tatt i bruk eit semistrukturert intervju som vil seia at ein går ut i frå ein intervjuguide med overordna tema og spørsmål, men kor ein har anledning til å koma med utdjupingsspørsmål og oppfølgingsspørsmål til ungdommane. Kvale og Brinkmann (2015, s. 357) definerer semistrukturert livsverdintervju som ein fleksibel og planlagt samtale som har som formål å innhenta forklaringar av livsverda til intervjupersonen, med tanke på fortolkinga av meininga med fenomen som vert forklart. Ved å ta i bruk semistrukturert intervju ønska eg at gruppeintervjua skulle vera meir lik ein samtale, kor det var ein tilnærma likeverdig relasjon mellom ungdommane og meg som moderator, slik at dei skulle vera trygg på meg og

medelevane og på å våga å ta ordet. Mange ungdommar er ofte kort i svara sine, men dette varierer sjølv sagt frå ungdom til ungdom. Difor ville moglegheita til å stilla utdjupings spørsmål og oppfølgingsspørsmål opna opp for meir utdjupande svar frå ungdommane dersom det var nødvendig. Difor prøvde eg å unngå spørsmål kor ungdommane kunne svara ja eller nei, men at dei måtte utdjupa kvifor svara deira eventuelt var ja eller nei. Dette fekk eg i forkant av gruppeintervjua tips om frå både lærarane til ungdommane og rettleiar, og er difor ein av grunnane til val av semistrukturert intervju.

### **3.4.2. Gjennomføring av gruppeintervjua**

Dei to gruppeintervjua vart gjennomført hausten 2017 og var nokså lik kvarandre i sjølve gjennomføringa. I forkant av intervjua hadde eg avtalt med lærarane til ungdommane når eg kunne gjennomføra gruppeintervjua, og at eg hadde behov for cirka ein skuletime til rådigheit med ungdommane. Begge dei to gruppeintervjua vart gjennomført på eit grupperom på ungdomsskulen ungdommane sjølv går på til dagleg, og som var kjente omgivningar for dei. På den eine gruppa var det ei jente som var sjuk og på den andre gruppa var det ein gut som ikkje hadde deltatt på fagdag i bedrift. Altså har eg har intervjua åtte ungdommar til saman, med fire gutar på eine gruppa og tre gutar og ei jente på den andre gruppa. Datainnsamlinga frå dei to gruppeintervjua er difor i stor grad prega av erfaringar til gutar. Det er viktig å leggja til at om eg hadde hatt tid og moglegheit til å intervjua fleire ungdommar ville det vore ønskeleg å intervjua fleire jenter.

Ungdommane i begge intervjugruppene kjente kvarandre frå før av og gjekk i same klasse. Sidan eg ikkje kjente ungdommane frå før av og dei ikkje kjente meg, vart det brukt litt tid i starten på å verta litt kjent med kvarandre før me starta med sjølve intervjuet. Dette vart gjort for at ungdommane skulle verta tryggare på meg og for at ungdommane skulle verta ”varm i trøya”. Eg sette fram vatn og druer til ungdommane som dei forsynte seg med undervegs i intervjua. Før eg starta begge intervjua vart ungdommane minna på at lydopptak ville verta tatt i bruk for å ta opp intervjua, og at det var for å vera sikker på at eg fekk med meg alt dei sa undervegs i intervjua. Alle ungdommane gav samtykke til dette, og foreldra deira, lærar og skulen hadde også gitt samtykke til dette i forkant av intervjua. Ungdommane fekk informasjon om at intervjuet skulle brukast til skrivning av mi masteroppgåva og fekk informasjon om formålet med oppgåva. Før intervjua starta vart det understreka at deira erfaringar og tankar ikkje ville vera riktig eller feil, og at dei ikkje skulle tenkja på kva dei trudde at eg ønska å få

svar på. Formålet var nemleg å få høyra om ungdommane sine tankar og erfaringar, sidan formålet til studien er ungdommar sine refleksjonar og erfaringar om utdanningsval. Ved å fortelja dette til ungdommane kan det ha ført til at dei vart meir avslappa i forhold til deira svar, og at dei difor ikkje trengte å bruka tid på å undra seg over kva som hadde vert ”rett” eller ”feil” i intervjuet, sidan det nettopp ikkje var noko fasit på spørsmåla ungdommane fekk.

I begge intervjuva var det spesielt ein ungdom som i starten var mest aktiv i å svara på spørsmåla, og det viste seg etterkvart å vera positivt for dei andre ungdommane. Det på grunn av at desse ungdommane klarte å dra dei andre ungdommane med inn i samtalen, og påverka dei til å aktivt delta i intervjuet og samtalen. Dette er noko av årsaka til at eg valde å gjennomføra gruppeintervju og ikkje individuelle intervju, sidan i eit gruppeintervju kan den kollektive ordvekslinga medføra at det i større grad førar fram til fleire emosjonelle, spontane og ekspressive synspunkt frå informantane, i motsetning til det individuelle intervju gjer (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 180). Val av gruppeintervju medførte at ungdommane kom med personlege synspunkt og meiningar om temaet, noko som førte til ein interessant dialog i gruppa kor ungdommane vart påverka av kvarandre til å ta del i samtalen.

### **3.4.3. Transkribering av gruppeintervjua**

Transkribering går ut på å skifta frå ei form til ei anna, med andre ord å transformera eit materiale (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Transkripsjonen sitt formål i denne oppgåva var å skifta frå talespråket til skriftspråket, slik at den munnlege samtalen vart overført til ein skriftleg tekst som vert tatt i bruk i presentasjon av funn og drøftinga. Kvale & Brinkmann (2015, s. 206) seier at intervjusamtalar vert strukturert slik at dei vert betre eigna for å analyse, når intervjuva transkriberast frå munnleg til skriftleg form. Når ein får intervjuva strukturert i ein tekstform, vert det difor lettare å få oversikt over kva som er sagt. Undervegs i intervjuva har ein moglegheita til å ta notater, men det å notera kan ofte vera distraherande sidan den frie flyten i samtalen vert avbrotten (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206). Eg valde difor å la vera å skriva notater under sjølve intervjuva, men sat igjen etter begge gruppeintervjuva og skreiv ned hovudelementa i intervjuva og om det var noko spesielt eg la merke til. I tillegg såg eg på det som spesielt viktig å ta vare på den frie flyten i intervjuva, sidan eg var i samtale med ungdommar, og ønska å visa dei all mi interesse omkring temaet og deira erfaringar. Kvale & Brinkmann (2015, s. 206) skriv at om intervjuaren lyttar aktivt under intervjuva, kan hukommelsen fasthalda dei betydingane som er relevant for temaa og formålet med intervjuva.

Etter at begge gruppeintervjua var gjennomført vart lydopptaka overført til ei datamaskin. Det første intervjuet som vart gjennomført varte i 24 minutt, og det andre intervjuet varte i 25 minutt. Først spelte eg av lydopptaka medan eg berre hørte etter og utan å skriva noko ned. Dette gjorde eg for å få anledning til å gjenoppleva dei to gruppeintervjua på nytt, verta kjent med materialet og for å få nye tankar omkring intervjua før eg sette i gang med sjølve transkripsjonen. Deretter spelte eg av lydopptaka av ein gong til, medan eg skreiv ned alt som vart sagt under intervjua i eit dokument. Eg passa på å vera nøye og brukte difor god tid på transkriberinga, og hørte i gjennom intervjua fleire gongar. Eg gjennomførte same prosess for dei begge to gruppeintervjua. Etter at eg var ferdig med å transkribera intervjua, vart lydopptaka fjerna og sletta.

Det er viktig å leggja til at eg under transkripsjonen berre skreiv ned hovudmomenta i det ungdommane fortalte, og at eg difor ikkje transkriberte ordrett. Eg valde å ikkje skriva ned ord for ord, fyllord, kjensleuttrykk, gjentakningar og ”eh”-er som det var ein del av i intervjua med ungdommane. Når det dukka opp setningar som var dårleg formulerte og som gav lite meining skriftleg, omformulerte eg teksten slik at den vart meir skriftleg. Dette gjorde eg utan å endra på innhaldet i sitata til ungdommane, men for å få ein betre skriftleg tekst. Desse vala tok eg på grunn av at eg ønska å ha fokus på hovudmomenta som ungdommane fortalte, og det som var relevant for mi masteroppgåva. Difor skreiv eg berre ned det som eg meinte ville ha betydning for mi masteroppgåve. Under intervjua følgte eg med på korleis ungdommane fortalte og ikkje berre kva dei fortalte. Det på grunn av at lydopptak av intervju medfører tap av kroppsspråk og gestar, men som til gjengjeld opnar opp for moglegheita for transkripsjon som ein kan fiksera og abstrahera i skriftleg form (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 204-205). Så dersom det var noko spesielt eg la merke til med kroppsspråket til ungdommane skreiv eg det ned, som mellom anna teikn til usikkerheit og mumling.

### **3.5. Analyseprosessen**

I arbeidet med å analysera og framstilla resultata frå mine observasjonar og dei to gruppeintervjua, har eg tatt utgangspunkt i ulike verktøy og tilnærmingar. I forkant av analysen av innsamla data, vart feltnotater frå observasjonane og transkripsjonar frå intervjua koda og kategorisert. Vidare vart det fokusert på tilnærmingar til korleis ein kan fortolka innsamla data.

### 3.5.1. Kategorisering og koding

Etter at dei to gruppeintervjua var transkribert og feltnotata frå dei seks observasjonsdagane var skrivne ned, starta prosessen med å få oversikt over innsamla data. Først vart feltnotata og transkripsjonane lest i gjennom fleire gongar for å få oversikt over datamaterialet. Etter å ha lest forskjellig teori omkring analyser av innsamla data, bestemte eg meg for å ta bruk kategorisering og koding som førebuing til analyse av mine data. Grunnen til at eg valde å ta i bruk denne dataanalysen var på grunn av at eg ønska å ta i bruk ein analysemetode som ville systematisera materialet eg hadde samla inn, og for å plassera funn ved observasjonane og intervjua i kategoriar. Kvale og Brinkmann (2015, s. 226) skriv at ”koding innebærer at man knytter et eller flere nøkkelord til et tekstsegment for å tillate senere identifisering av en uttalelse, mens kategorisering er en mer systematisk begrepsdannelse rundt en uttalelse som skaper forutsetninger for kvantifisering”. Kategorisering og koding vert ofte brukt om kvarandre sidan det å koda ofte førar til kategorisering, som inneber at meininga i lange sitat i intervju vert redusert til nokon få enkle kategoriar (2015, s. 228).

Kategoriane vart utarbeida ut i frå hovudtemaa, problemstillinga og forskingsspørsmål som ligg til grunn for denne masteroppgåva. Kvale og Brinkmann (2015, s. 228) hevdar at kategoriar kan veksa fram i løpet av analyseprosessen eller kan vera utvikla på forhand, og i denne studien vart dei utvikla på forhand. Dei same kategoriane har vorte brukt i analysen av dei to gruppeintervjua og dei seks observasjonsdagane. I analyseprosessen vart det utvikla fargekodar for kategoriane og som vart tatt i bruk i gjennomgangen av transkripsjonane av intervjua og feltnotata frå observasjonane. Tre kategoriar vart utvikla og fekk kvar sin fargekode:

1. Interesse og identitet (blå)
2. Utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen (gul)
3. Motivasjon og meistring (raud)

Transkripsjonane av gruppeintervjua og feltnotata frå observasjonane vart koda gjennom å få tildelt ein eller fleire fargekodar, og vart ut i frå dette plassert under ein eller fleire av kategoriane. Med andre ord vart det ungdommane sa eller gjorde plassert under ein eller fleire kategoriar, ut i frå det som stemte best overeins. Ofte strukturerer kategorisering intervjutekstar og observasjonsstudiar i figurar og tabellar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 228), men som er valt bort i denne oppgåva. Etter å ha systematisert innsamla data gjennom koding og kategoriar som analysemetode, såg eg at dette kunne hindra meg i å leggja merke til andre kategoriar som

moglegvis ville gje større innsikt i formålet til studien. Difor vart feltnotata og transkripsjonane lest i gjennom fleire gongar for å sjå om det var andre interessante funn som kunne vera interessant å sjå meir på. På grunn av formålet til denne masteroppgåva og omfanget for oppgåva, vart det valt å halda på dei tre kategoriane som først vart utvikla. Tjora (2017, s. 197) skriv at poenget med ein slik dataanalyse er at kodane skal liggja tett på konkrete situasjonar i observasjonsstudiar og deltakarsitat i intervju, og ta vare på det heilt spesifikke i materialet. Difor vil sitat frå informantane under intervju og konkrete hendingar under observasjonsdagane koma tydeleg fram i presentasjon av funn og i drøftinga.

### **3.5.2. Fortolkingskontekstar i analyseprosessen**

Problemstillinga og forskingsspørsmåla i denne masteroppgåva har som formål å få innblikk i ungdommar sine tankar og erfaringar. Kvalitativ metode byggjer på hermeneutikken som er eit vitenskapsteoretisk perspektiv som handlar om læra om fortolking, og at all forståing er eit resultat av tolking (Kjørup, 2008, s. 63-64). Fortolking innan kvalitativ metode er relevant for denne studien på grunn av førforståinga og forskaren si eiga tolking, og at dette kan verka inn på intervju og observasjonane. I arbeidet med å skapa forståing av observasjonane og sitat frå ungdommane har oppgåva difor støtta seg på ei hermeneutisk fortolking. Kvale og Brinkmann (2015, s. 238) skriv at det hermeneutiske fortolkingsprinsippet har som formål å sikra gyldige tolkingar av mellom anna litterære tekstar. Prinsippet vert kjenneteikna ved ein prosess som kontinuerleg går fram og tilbake mellom delar og heilhet, som er ei følge av den hermeneutiske sirkelen (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 237). Sitat frå informantane og observasjonar under fagdage kan tolkast på fleire måtar og dette har denne tilnærminga fokus på. Ved ein tekst kan det stillast mange spørsmål, og ulike spørsmål kan føra til forskjellige meiningar i ein tekst (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 238). I denne masteroppgåva legg problemstillinga og forskingsspørsmåla til rette for analysen av innsamla data, og kva som skal leggjast vekt på i fortolkinga. Sitat frå informantane og observasjonar bidrar til å belysa formålet til denne oppgåva, og på denne måten vekslar ein i analysen mellom delane og heilheten gjennom å stadig gå i ring i sirkelen.

Eit anna vitenskapsteoretisk perspektiv er fenomenologi som handlar om å beskriva verda ut i frå opplevingar til informantar og å forstå sosiale fenomen ut i frå deira perspektiv, ut i frå forståinga av at verda menneske oppfattar er den verkelege verda (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45). I lys av fenomenologien er det viktig å ha kunnskap om at menneske oppfattar verda

forskjellig, og at ein som forskar er open for det informantane sine fortel under observasjonane og intervju. Formålet til denne studien er forankra i eit fenomenologisk perspektiv, grunna ønsket om å forstå eit fenomen gjennom ungdommar sine auge, i dette tilfellet utdanningsval. For at eg som forskar skal få innsikt i dette formålet er det viktig at eg er open for ulike meiningar, og at eg er nøytral i mine tolkingar. Dei vitenskapsteoretiske perspektiva hermeneutikken og fenomenologi er begge relevant i denne studien, og kan skiljast ved at hermeneutikken har fokus på fortolking av meining, medan fenomenologien er interessert i å illustrera korleis menneske opplever fenomen i si livsverd (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 33).

I arbeidet med fortolking av innsamla data og for å finna meining i intervjusitat og observasjonane, viser Kvale og Brinkmann (2015, s. 241) til ulike kontekstar for fortolking av meining. *Sjølvsforståing* viser til mi eiga forståing av det informantane seier og er meir eller mindre avgrensa til sjølvforståinga til den intervjuande (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 241). I ein analyse må ein velja ut det som er relevant for formålet til oppgåva, og difor er det tatt i bruk meiningsfortetting som førar med ei forkorting av sitat frå intervjupersonar til kortare formuleringar (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 232). *Kritisk forståing basert på sunn fornuft* viser til at ein som forskar vert verande innanfor konteksten av det som er ei allment fornuftig fortolking (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 241). Eg som forskar har stilt meg kritisk til mine eigne observasjonar og til sitat frå informantane, og har støtta meg på relevant teori. Noko som førar oss over til *teoretisk forståing* som er ein fortolkingskontekst som fungerer som ei ramme og ei avgrensing av fortolkinga av sitat og observasjonar av informantane (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 242).

### **3.6. Validitet og reliabilitet**

Kvale og Brinkmann (2015, s. 273) skriv at validitet og reliabilitet reiser epistemologiske spørsmål om karakteren til intervjuforskninga og kunnskapen sin objektivitet, og strekk seg utover omgrepsmessige og tekniske problem. Reliabilitet handlar om truverdigheita og konsistensen til forskingsresultata, og i kva grad resultatet til studien kan gjenta seg gjennom andre forskarar og ved bruk av dei same metodane (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Validitet refererer til datamaterialet si pålitelegheit, og for å forsøkja å styrka pålitelegheita til denne studien har eg forklart forskingsprosessen så detaljert som mogeleg i metodekapittelet. Tjora (2017, s. 235) meiner at verda er innforstått med at ei fullstendig nøytralitet ikkje kan eksistera, innanfor den fortolkande tradisjonen som kvalitativ forskning er basert på. Tjora (2017, s. 235)



argumenterer vidare for at forskarar vil innanfor all type forskning ha eit engasjement av eit eller anna slag av temaet som vert forska på, og at dette er viktig å vera klar korleis dette kan påverka resultata av studien. I denne studien vart det gjennomført to gruppeintervju gjennom ein semistrukturert intervjuguide, kor det også kom utdjupings- og oppfølgingsspørsmål til informantane. Gjennom andre forskarar si gjennomføring av denne studien på nytt, kan det tenkjast at dei kunne ha kome fram til andre funn enn det denne studien resulterer i. Det er fordi andre forskarane har moglegheita til å koma med eigne oppfølgingsspørsmål og kan vera opptatt av andre faktorarar enn det som har vore i fokus i denne studien. Det same gjelder observasjonane sidan dei var prega av ein open observasjon, og det kan vera at andre forskarar er interessert i og legg merke til andre ting enn det som vart observert i denne studien. Det er viktig å nemna at funna og resultata i denne studien ikkje kan generaliserast på grunn av antall informantar.

Validitet er sentralt gjennom heile forskingsprosessen og når ein skal fastslå gyldigheita ved eit funn, går innhaldet og formålet til undersøkinga forut for metodespørsmålet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 281). Formålet til denne oppgåva er å få svar på problemstillinga og forskningsspørsmåla som oppgåva stiller og få innsikt i elevperspektiv på utdanningsval. Bruk av metodetriangulering har gitt meg anledning til å undersøkje temaet til oppgåva på fleire måtar, og som kan ha styrka validiteten til studien ved at metodane støttar seg på kvarandre. Gjennom å intervjuja ungdommar i grupper omkring deira erfaring av deltaking på fagdag i bedrift, i tillegg til å observera korleis det verkar at dei opplever fagdagen og korleis fagdagen går føre seg, meiner eg har vore hensiktsmessige metodar for å svara på det oppgåva faktisk har som formål å få svar på.

### **3.7. Ethiske retningslinjer**

Ved kvalitativ forskning som observasjon og intervju kjem ein som regel ofte nær innpå dei ein forskar på (Tjora, 2017, s. 47), og difor er det viktig å følgje etiske retningslinjer. I all forskning bør det liggja til grunn ein viss etisk sans, og kunnskap om å vurdere kva som er rett og gale i møte med dei som deltar som informantar. Kvale & Brinkmann (2015, s. 102) har tatt opp fire områder som ofte vert diskutert blant forskarar med tanke på etiske retningslinjer: informert samtykke, konfidensialitet, konsekvensar og forskaren si rolle. Desse fire områda vil i det følgjande verta belyst i lys av denne masteroppgåva.

## **Informert samtykke**

Informert samtykke handlar om at informantar får informasjon om formålet til prosjektet, og kva det vil seia for dei sjølv å delta i studien (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 104). Dei åtte informantane som deltok på gruppeintervjua fekk difor utlevert eit samtykkeskjema som dei måtte ta med heim og få underskrift av føresette, og som godkjente deltaking i studien. Samtykkeskjemaet bestod av informasjon om formålet til masteroppgåva, rettigheit at ein har som deltakar i prosjektet og informasjon om sjølve intervjuet. Samtykkeskjemaet gav vidare informasjon om at deltakinga i prosjektet var frivillig, at informantane fekk anonymitet og at dei når som helst kunne trekkja seg om det var ønskeleg. Storm-Mathisen (2012, s. 75) skriv at det må hentast inn samtykke frå føresette når barn og unge under 15 år skal delta i eit forskingsprosjekt, og i dette tilfellet var informantane 9. klassingar og var rundt 14 år når intervjua vart gjennomført. Samtykkeskjemaet vart samla inn igjen i forkant av intervjua og alle dei åtte ungdommane fekk samtykke til å vera med på gruppeintervjuet. Dei seks bedriftene fekk informasjon om kvifor eg deltok på fagdagen med ungdommane, og gav meg samtykke til å observera fagdagane. Tjora (2017, s. 76) meiner at ein i forkant av feltstudiar bør gjennomføra ein grundig presentasjon av seg sjølv og kva ein har tenkt å gjera, sidan menneske ikkje er vant med å ha observatørar rundt seg. Ungdommane og bedriftene fekk difor informasjon om kvifor eg deltok saman med dei under fagdagane, og kva formålet mitt var med å vera saman med dei denne dagen. I studien vart det ikkje samla inn personopplysningar om informantane og difor var det ikkje nødvendig å melda prosjektet til NSD (Norsk senter for forskningsdata).

Informert samtykke inneber spørsmål om kor mykje informasjon som informantar bør få, og når (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 105). I dette tilfellet fekk ungdommane, lærarane, bedriftene og føresette informasjon om kvifor eg ønska å intervjua og observera ungdommane, som var på grunn av at eg hadde som formål å få informasjon om ungdommar si oppleving av fagdag i bedrift innan faget utdanningsval. Eg såg ikkje på det som ei hindring at informantane hadde informasjon om formålet til masteroppgåva mi, som difor gjorde at dei fekk dei informasjon om dette.

## **Konfidensialitet**

Dette etiske området viser til kva ein må gjera med innsamla materialet slik at informantane ikkje vert kjent igjen, og korleis ein kan garantera informantane sin anonymitet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 106). I denne studien vart feltnotata frå mine observasjonar skrivne på ein slik måte at ein ikkje skal kunne kjenna att kven som har gjort kva. I transkripsjonen av dei to

gruppeintervjua fekk ungdommane tildelt kvart sitt fiktive namn eller pseudonym slik at deira sitat vart anonymisert. Dei to lydopptaka vart sletta etter at transkripsjonane var fullstendige og fullført. Gjennom datainnsamlinga har eg fått tilgang til informasjon om *Ka vil DU bli?* og fagdagar i bedrifter gjennom e-post, i tillegg til kontaktinfo til bedriftene. Denne informasjonen vart sletta i etterkant av observasjonane og når feltnotata var skrive ferdig og gjennomgått. I all forskning skal ein behandla informantane og innsamla data med respekt, og som har vore viktig i mitt arbeid med ungdommar og bedrifter.

### **Konsekvensar**

Kvale & Brinkmann (2015, s. 107) forklarar dette etiske området ved at ein bør forholde seg til og reflektera over konsekvensar for informantar ved å delta i ein studie. Mykje av kvalitativ forskning vert kjenneteikna av intimitet og openheit, og det kan vera nokon informantar som seinare angrar på opplysningar dei har gitt gjennom å delta i ein studie (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 107). Difor er det viktig å vera klar over kva tematikk studien står ovanfor og om det seinare kan føra til anger for informantane, og i så fall kvifor. I denne studien vart temaet og formålet sett på som eit ikkje-sensitivt felt for informantane, og konsekvensane kan difor tenkjast å vera mindre enn om studien hadde vert av ein meir personleg art.

### **Forskaren si rolle**

Forskaren si rolla har mykje å seia for kvaliteten av studiar og kva etiske retningslinjer ein møter på (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). I denne studien har det vore lagt vekt på å arbeida for å få eit likeverdige, men profesjonelt forhold mellom informantane og ein sjølv som forskar. Informantane i studien har fått innsikt i formålet til studien som er å få innsikt i ungdommar sine opplevingar og erfaringar, og at det dermed ikkje er noko som er rett eller gale. Integritet er spesielt viktig ved vitenskaplege studiar, og er forbundet med forskaren si empati, sensitivitet, moralske integritet og engasjement ved moralske handlingar og spørsmål (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). Eg har difor arbeida for å tre inn i ei rolla som forskar med fokus på å balansera vennlegheit og profesjonalitet i denne studien.

## **4. Resultat**

I dette kapittelet vil resultatene frå datainnsamlinga som er gjennomført i forbindelse med denne masteroppgåva verta presentert. Resultata som vert lagt fram vil drøftast og analyserast opp i mot teori i kapittel 5. I datainnsamlinga har det vorte samla inn mykje data, og eit utval ut i frå det som er mest relevant for problemstillinga og forskingsspørsmåla er difor valt ut. Første delkapittel vil ta for seg ein presentasjon av observasjonane under fagdagane for å gje innsikt i korleis fagdagane går føre seg. Nokon av fagdagane vert grundigare presentert enn andre på grunn av omfanget til oppgåva. Deretter vil interessante og relevante funn under observasjonane delast inn gjennom dei tre nøkkelkategoriane: Interesse og identitet, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og motivasjon og meistring. Vidare vil funn gjennom dei to gruppeintervjua med ungdommar verta presentert og delast inn i dei same nøkkelkategoriane.

### **4.1. Observasjon av fagdagar**

Felles for dei seks fagdagane i bedriftene er at dei har ei nokså lik oppbygging av gjennomføringa av dagen. Fagdagane startar med ein felles gjennomgang og presentasjon av yrka og utdanningane som er i fokus, og ein presentasjon av menneske som arbeider og har utdanna seg til dei aktuelle yrka. I presentasjonen er det fokus på personlege eigenskapar som er viktig å ha i yrka, typiske arbeidsoppgåver under ein vanleg arbeidsdag, jobbmoglegheiter, og kva utdanningsvegar ein bør gå for å utdanna seg til dei aktuelle yrka. I fem av dei seks fagdagane vart det vist film om yrka og personar som fortalte korleis det var å arbeida i yrka, kva utdanning dei hadde og viste typiske arbeidsoppgåver under ein vanleg arbeidsdag. Etter at ungdommane hadde fått meir innsikt og informasjon om yrka og utdanningane gjekk dagen over til at ungdommane skulle få prøva seg sjølv med typiske arbeidsoppgåver i dei aktuelle yrka. Alle ungdommane fekk moglegheita til å gjennomføra arbeidsoppgåver på ulike stasjonar, og fekk støtte og hjelp frå tilsette og lærlingar som dagleg arbeider i dei aktuelle yrka. Alle fagdagane var prega av ein variert dag med ei blanding av informasjon, gjennomgang, utprøving, observasjon, spørsmål og hjelp frå tilsette og lærlingar i bedrifta.

#### **4.1.1. Fagdag UiB - Informatikk og programmering**

På fagdagen til UiB Informatikk og programmering var utdanningsprogrammet studiespesialisering med realfag og yrka informatiker og programmerar i fokus. Tre studentar

som studerte til å verta programmerar og informatiker var heile dagen til stades for å hjelpa ungdommane med arbeidsoppgåver og svara på spørsmål som ungdommane lurte på. Fagdagen starta med ein felles gjennomgang om kva informatikk og programmering er og kor ein finn dette i kvardagen. Resultat av arbeidsoppgåver til yrka møter dei fleste menneske på i kvardagen gjennom mellom anna spel, appar og datamaskinar. Ungdommane fekk informasjon om at yrka krev at ein trivast med å arbeida med datamaskiner og elektronikk, store prosjekt, men også mindre prosjekt. I tillegg må ein trivast med å samarbeida med mange typar menneske, men at ein også må kunne arbeida sjølvstendig. For å utdanna seg som programmerar og informatiker har ein moglegheit til å ta ein bachelor, master og doktorgrad, og ein kan spesialisera seg innanfor det ein sjølv interesserer seg for. Sidan verda og samfunnet stadig vert meir og meir digital, vil det i framtida vera eit stort behov for slike yrke som legg til rette for den digitale verda.

Under fagdagen fekk ungdommane prøvd seg på tre arbeidsoppgåver som ein kan arbeida med innanfor desse yrka. I den første aktiviteten vart ungdommane vist av ein student korleis ein kan programmere eit dataspel, og alle mogelege faktorar ein må huska på for å programmere eit spel. Ungdommane fekk deretter spela dette spelet mot kvarandre, og hadde deretter ei turnering kor dei enda opp med ein vinnar til slutt. Ungdommane viste tydeleg interesse og glede over å spela dataspel og å sjå korleis eit spel faktisk vert programmert, og mange viste signal på at dei hadde mykje forkunnskap om dette frå før av. Spelet inneheldt to stridsvogner, kor det var om å gjera å skyta kvarandre flest gongar. For å meistra dette måtte ungdommane berekna vinkel, lengde og når dei burde skyte for å få til å treffa den andre stridsvogna. Matematikk og utrekningar var til stades under alle aktivitetane. Det vart observert ansiktsuttrykk og geisar som uttrykte glede ved mange ungdommar når dei meistra å programmere stridsvogna inn riktig, spesielt etter at dei måtte gjennomføra fleire justeringar og endringar undervegs.

Den andre aktiviteten på fagdagen var at ungdommane gruppevis skulle programmere og køyra ein robot gjennom ei hinderløypa. For å meistra dette vart det sette krav til at ungdommane måtte samarbeida, tenkja og reflektera over kva endringar og tilpassingar som måtte til for å få roboten gjennom hinderløypa. Grader, fart og når roboten skulle starta og stoppa var komponentar ungdommane måtte leggja inn gjennom kodar på ein iPad, og sette krav til at dei måtte ta i bruk matematiske utrekningar og refleksjonar. Ungdommane gjennomførte aktivitetane med eit engasjement, var aktiv og samarbeidande. Ungdommane fortalte i ettertid

at aktiviteten sette store krav til samarbeid og refleksjon for å få roboten i mål, men at dei følte meistring når dei til slutt fekk roboten gjennom hinderløypa.

Den tredje aktiviteten sette like krav til ungdommane som på den andre aktiviteten, men her handla det om å få roboten til å skriva bokstavar og ord. Ungdommane måtte også under denne aktiviteten samarbeida, tenkja og reflektera over korleis dei skulle programmere roboten til å få den til å køyra i riktige retningar. Under observasjonane og i samtalar med ungdommane seier mange at dei får ei enda større meistringskjensle når dei har måtta strevd ein del på forhand til å få til ei gitt oppgåva, i motsetning til når dei meistrar noko med ein gang. Ungdommane utnytta moglegheita undervegs i aktivitetane til å stilla studentane spørsmål omkring aktivitetane, yrka og utdanningane.

Gjennom observasjon og samtale med ungdommane fekk eg inntrykk av at mange av dei hadde mykje forkunnskapar om informatikk og programmering frå før av, og at ein del av dei heldt på med dette på fritida. Nokon av ungdommane fortalte at dei har koding eller teknologi og forskingslære som valfag på ungdomsskulen, og at dei difor har noko kjennskap til dette frå før av. I tillegg fortalte mange av ungdommane at dei heldt på med koding og programmering saman med vener eller at dei går på kodeklubbar ved bibliotek i kommunen.

#### **4.1.2. Fagdag BKK - Energimontør**

I bedrifta BKK var utdanningsprogrammet elektrofag og yrket som energimontør i fokus. Fagdagen starta med ein felles gjennomgang av yrket, arbeidsoppgåver og utdanninga som vart fortalt av to energimontørar, ein leiar og tre lærlingar. I eit slikt yrke må ein trivast med aktive arbeidsoppgåver, noko som gjer at bedrifta ser mykje på karakteren i kroppssøving til ungdommane før dei vel ut lærlingar. I tillegg presiserte energimontørane at lågt fråvær var noko dei såg på som veldig viktig sidan samfunnet er avhengig av at energimontørane faktisk kjem på arbeid, og fiksar straumen om det plutselig skjer noko. Lærlingane fortalte korleis dei hadde vorte energimontørlærlingar og korleis dei trivst i yrket. Lærlingane og energimontørane støtta og hjalp ungdommane under heile fagdagen og svarte på spørsmål frå dei.

På fagdagen var det to hovudaktivitetar som ungdommane fekk prøvd seg på og som er typisk i yrket, nemleg stolpeklattring og kabelarbeid. Å klatra opp i ein lyktestople for å kopla straum og fikse kablar er noko energimontørar gjer dagleg i arbeidet sitt. Dei ungdommane som ville

fekk ta på seg klatreutstyr og stolpesko, og klatra opp i ein stolpe innandørs med hjelp og støtte frå ein erfaren energimontør. I forkant demonstrerte energimontøren korleis ein skulle gå opp og kva som var viktig å huska på. Det vart krav til ein spesiell teknikk for å klara å koma seg til toppen, noko alle ungdommane som valde å klatra i stolpen meistra. Når ungdommane kom seg heilt opp i toppen på stolpen kunne ein sjå eit stort smil om munnen over at dei meistra det. Når mange av ungdommane kom seg ned igjen på bakkenivå fortalte dei at det var kjekt å koma seg til topps, og at det ein gøy aktivitet. I den eine gruppa som vart observert under fagdagen var det nokon av ungdommane eg snakka med som fortalte at dei var litt nervøs og skeptisk til å klatra opp i stolpen, men når dei såg andre ungdommar meistra dette ønska dei også å klatra opp i stolpen. Tre av ungdommane valde å ikkje klatra opp i stolpen og grunngav det med at dei var redd for høgder. Det å klatra opp i stolper i all slags vær er noko ein må meistra og trivast med i dette yrket, då ein slik jobb krev at ein må vera trygg med høgder og å kunne arbeida ute i all slags ver.

Den andre aktiviteten var arbeid med straumkablar kor ungdommane fekk demonstrert korleis ein skulle skjera gjennom ein straumkabel, noko som sette krav til ein spesiell teknikk. Ungdommane vart plassert på kvar sin benk med kvar sin kniv og straumkabel til rådighet, og skulle så prøva seg på å skjera gjennom straumkabelen dei fekk utlevert. Etter å ha prøvd seg litt fram og med rettleiing frå energimontørar og lærlingar om korleis dei skulle gå fram for å skjera i gjennom kabelen, meistra ungdommane dette. Ungdommane viste glede når dei etterkvart klarte å skjera i gjennom kabelen og fortalte at det var kjekt å få det til, men at det måtte til ein spesiell teknikk som ein måtte øva seg på.

#### **4.1.3. Fagdag Wikholm AS - Anleggsgartnar**

I bedrifta Wikholm AS var utdanningsprogramma naturbruk og bygg- og anleggsteknikk, og yrket anleggsgartnar i fokus, men det var også fleire yrke som vart presentert under fagdagen. Fagdagen fann stad på ein vidaregåande skule kor ein har moglegheita til å utdanna seg innan desse utdanningsprogramma. Dagen starta med ein felles gjennomgang av yrket som anleggsgartnar, utdanninga og arbeidsoppgåver ein møter på i eit slikt yrke. Ein anleggsgartnar viste bilete av prosjekt som bedrifta hadde utført i Bergensområdet, slik at ungdommane fekk innsikt i arbeidsoppgåvene til anleggsgartnarar. To lærlingar og anleggsgartnarar var til stades heile fagdagen, og hjalp og rettleia ungdommane med oppgåver og svarte på spørsmål.

På fagdagen fekk ungdommane prøvd seg som anleggsgartnar kor dei måtte arbeida ute med arbeidsoppgåver heile dagen. Ungdommane vart delt i fire grupper og rullerte mellom fire stasjonar. På den første stasjonen fekk ungdommane styra ein minigravar, kor hovudoppgåva var å prøva å treffa ein stein oppi ei bøtta. For å meistra dette måtte ungdommane verta kjent med maskina og kva spakane gjorde, noko som sette krav til konsentrasjon og nøyaktigheit. For å klara å treffa steinen oppi bøtta måtte det mange justeringar og innstillingar til, noko dei fleste ungdommane meistra. Når anleggsgartnaren som viste arbeidsoppgåvene til ungdommane skryter av dei og seier dei meistra oppgåva bra, vert det observert teikn til glede og meistring hjå ungdommane. I samtale med ungdommane om korleis det var å meistra aktivitetar denne dagen, seier mange av dei at det krev mykje arbeid for å meistra oppgåver denne dagen, men at det var kjekt når dei endeleg fekk det til.

På den andre stasjonen skulle ungdommane leggja og slå ned brustein på bakken og dela brustein i to. For å klara dette måtte det til ein viss teknikk som ein lærling viste og hjalp ungdommane med. På den tredje stasjonen fekk ungdommane køyra ein grasklippar, noko som var veldig godt likt av ungdommane. På den fjerde og siste stasjonen observerte ungdommane ein trefellar som klatra i eit tre og skar av greiner. Ungdommane fekk sjølv prøva dette og fekk på seg klatreutstyr, og fekk prøva å klatra litt opp i treet og heisa seg sjølv ned igjen. Ungdommane fekk gjennom fagdagen erfaringar med arbeidsoppgåver til ein anleggsgartnar, men også andre yrke, og fekk større innsikt i arbeidsoppgåver ein anleggsgartnar har i sin jobb.

#### **4.1.4. Fagdag Ramsvik - Frisør**

I bedrifta Ramsvik frisør var utdanningsprogrammet design og handverk og yrket frisør i fokus. Dei 15 ungdommane som deltok på fagdagen vart tatt i mot av ein utdanna frisør som starta fagdagen med ein felles gjennomgang av frisøryrket. Personlege eigenskapar som er viktig i yrket og typiske arbeidsoppgåver var mykje i fokus under gjennomgangen, og ungdommane stilte spørsmål omkring det dei lurte på. Det var mange menneske frå bedrifta til stades, to lærlingar, ein frisør, sjefen for opplæringskontoret, og grunnleggjaren av bedrifta var også ein tur innom. Dei hjalp ungdommane med arbeidsoppgåver under fagdagen og svarte på spørsmål frå ungdommane. Etter den felles gjennomgangen vart ungdommane delt i grupper og måtte svara på spørsmål om frisøryrket, som kva slags eigenskapar ein bør ha for å kunne trivast i frisøryrket. Frisøren fortalte ungdommane at det er viktig at ein er trygg på å kommunisera med og framfor andre menneske, for det er noko ein dagleg må gjera i frisørsalongen. I tillegg må



ein vera kreativ, interessert i hår og mote, og trivast med travle arbeidsdagar. Det at ungdommane måtte svara på spørsmål om frisøryrket under denne fagdagen, var forskjellig frå dei andre fagdagane til dei andre bedriftene. Slik eg forstod det under fagdagen gjorde dei som leda fagdagen til Ramsvik frisør dette for å henta fram forkunnskapane og tankane til ungdommane omkring frisøryrket, moter og trendar, noko som er viktig i dette yrket.

Etter den felles gjennomgangen gjekk det over til at ungdommane sjølv skulle prøva seg som frisør. Ungdommane skulle arbeida saman to og to, kor dei skulle prøva å vaska og tørka håret på kvarandre, og etterpå skulle dei rette eller krølle håret på kvarandre. Eg observerte at mange av ungdommane synest det var kjekt og lærerikt å få prøva seg sjølv på praktiske oppgåver, og at mange av ungdommane var interessert i arbeidsoppgåvene. Ungdommane var flinke til å utføra oppgåvene dei fekk, og det vart observert glede hjå ungdommane når dei fekk positive kommentarar frå dei tilsette og lærlingane omkring deira utføring av arbeidsoppgåver. Det å få anledning til å snakka og observera menneske som arbeider dagleg innanfor det yrket ungdommane undersøker, verkar å vera til glede og til hjelp for ungdommane og er felles for alle fagdagane.

Nokon av ungdommane eg snakka med under fagdagen fortalte at dei vart meir interessert i frisøryrket etter deltaking på fagdagen, men samstundes var det mange som fortalte at dei ikkje lenger var interessert i å verta frisør. Dette forklarte dei med at det ikkje var alle arbeidsoppgåver dei syntest var så interessant som dei trudde på forhand, men at det var kjekt og lærerikt å delta på fagdagen likevel. Det at ein enten får stadfesta eller avkrefta om yrka under fagdagen er noko for ein sjølv, er felles ved alle fagdagane. Dagen vart avslutta av ein felles oppsummering og bedrifta fortalte at dei sette pris på å få ungdommar på besøk i bedrifta.

#### **4.1.5. Fagdag Sjøforsvaret - Maskinfag, nautikk, og elektro og automasjon**

Det første som slo meg når eg møtte opp på fagdagen til Sjøforsvaret var at ungdommane verka veldig spente på kva dei skulle få oppleva denne dagen. Før me fekk gå inn på området snakka eg med tre gutar som fortalte at dei var veldig spente, og at dei håpte dei fekk moglegheita til å prøva ut arbeidsoppgåver i forsvaret. Spesielt hadde gutane eit ønske om å testa ut ein båtsimulator som dei hadde høyrte at sjøkrigsskulen skulle ha inne på området. Til saman var det 30 ungdommar som skulle delta på fagdagen som hadde følgjande utdanningsprogram i fokus denne dagen: Studiespesialisering, teknikk og industriell produksjon og elektrofag.

Ungdommane vart møtt av ein tilsett som arbeida i forsvaret og som skulle følgje dei gjennom heile dagen. Fagdagen starta med ein felles gjennomgang om kva ungdommane skulle få oppleve denne dagen og vart vidare delt i to grupper. Ungdommane fekk deretter ei omvising på området og fekk vidare prøva ut arbeidsoppgåver ved yrke i forsvaret.

På omvisingsrunden fekk ungdommane informasjon om tre lærefag dei kan velja å vera lærling i forsvaret: Maskinfag, nautikk, og elektro og automasjon. Innanfor maskinfag fekk ungdommane møta ein tilsett som arbeida i forsvaret innanfor maskinfag, og fekk observera typiske arbeidsoppgåver i eit slikt yrke. Den tilsette viste og forklarte maskiner til ungdommane, som mellom anna eit bølgebasseng kor dei testa krafta på bølger og korleis skipa til forsvaret responderte på bølgene. Ungdommane observerte ivrig den tilsette når han sette i gang bølgebassenget og dei utnytta moglegheita til å stilla han spørsmål omkring yrket, arbeidsoppgåver og utdanninga hans.

Ungdommane fekk også informasjon om elektro- og automatiseringsfag, og vart formidla kunnskap om elkraft og automatikk av to tilsette i forsvaret. Korleis informatikk fungerer i praksis vart vist til ungdommane, i tillegg fekk dei prøva maskiner som dagleg vert brukt i forsvaret. Eg opplevde dei to tilsette som genuint interessert i det dei arbeider med og for å vidareføra deira kunnskap til ungdommane. Ungdommane utnytta moglegheita til å stilla dei tilsette spørsmål, og vart fortalt at matematikk var veldig viktig innanfor mange yrke i forsvaret. Dei tilsette fortalte at dersom ungdommane var interessert i tekniske fag i forsvaret, var det viktig at dei allereie i deira alder måtte gjera ein innsats for å utvikla matematiske ferdigheiter.

Nautikk var det tredje lærefaget som ungdommane fekk kunnskap om gjennom informasjon frå tre nautikk-lærlingar. Ungdommane fekk moglegheita til å vera med inn i ein båtsimulator og styra båten, i tillegg til å prøva å sikta inn og skyta mogelege farar. Båtsimulatoren fungerte slik at ungdommane styrte båten ut i frå bryggja i Bergen og vidare ut i vågen. Lærlingane forklarte ungdommane korleis det var å vera lærling i forsvaret, fortalte om deira arbeidsdag og korleis dei likte seg i yrket. Eg opplevde at ungdommane var interessert i å snakka med lærlingane for å få meir innsikt i ei utdanning i forsvaret. Gjennom samtale med ungdommar under fagdagen verka det som om båtsimulatoren var den aktiviteten som var best likt av mange av ungdommane.

Etter omvisinga og utprøvinga av arbeidsoppgåver fekk ungdommane ein presentasjon av forsvaret og dei store moglegheitene ved å ta ei utdanning innanfor forsvaret. Gjennomgangen var variert og det vart vist filmar som utdjupa det som var fortalt. Ungdommane bidrog med spørsmål og fekk gode og informasjonsrike svar tilbake. Personlege eigenskapar som er viktig for å arbeida i forsvaret vart presisert, som at ein er ein rollemodell for medmenneske, har evna til å samarbeida og for å stadig utvikla seg sjølv som menneske. Etter gjennomgangen fekk ungdommane ei utfordring med ei caseoppgåva som sette store krav til diskusjon og samarbeid. Ungdommane fekk gruppevis utlevert ark og teip og skulle på nokon minutt byggja eit høgast mogleg tårn. I starten var mange av ungdommane usikre på korleis dei skulle setja i gang, men med ein gang dei starta å delta tankar, forklara kvarandre og ta ansvar, gjekk det mykje betre. Ungdommane vart forklart hensikta med slike oppgåver og kor viktig samarbeid og kommunikasjon er for å koma i mål med noko.

Etter at ungdommane var ferdig med caseoppgåva skulle dei testa seg fysisk saman med tre lærlingar. Først vart oppstilling og marsj demonstrert for ungdommane som dei gjennomfører ofte i forsvaret, og som ungdommane sjølv fekk prøva seg på. Fysiske krav er viktig i forsvaret og lærlingane forklarte difor at det er viktig at ungdommane er i god fysisk form. Vidare fekk ungdommane delta i leikar i gymsalen, mellom anna samarbeidsleikar kor dei måtte prøva å bæra kvarandre på ein spesiell måte. Når ungdommane var ferdig med denne siste aktiviteten, samanfatta leiaren av fagdagen heile dagen og fekk svar på korleis ungdommane hadde opplevd den. Svara som kom frå nokon av ungdommane var at dei opplevde fagdagen som lærerik og spennande, og fleire ungdommar kommenterte at ei utdanning innan forsvaret verka interessant og noko dei kunne tenkt seg. Fagdagen var prega av ein variert gjennomgang og utprøving av arbeidsoppgåver, og mange av ungdommane fortalte at dei sat igjen med mykje informasjon om utdanningsmoglegheiter i forsvaret.

#### **4.1.6. Fagdag Frieda Fasmers Minne – Helsefaglege yrke**

På sjukeheimen Frieda Fasmers Minne var utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag og helsefaglege yrke i fokus. For at ungdommane skulle få innsikt i kor mange yrke som arbeider ved ein sjukeheim vart yrke som helsefagarbeidar, ergoterapeut, sjukepleiar og aktivitør presentert. I den felles gjennomgangen vart alle yrka presentert og ungdommane fekk informasjon og sett på film om utdanningane og arbeidsoppgåver til yrke ved ein sjukeheim.

Dei som styrte fagdagen fortalte at dei viste film for å variera gjennomføringa av sjølv fagdagen. Ungdommane vart deretter delt inn i seks grupper og rullerte gjennom seks stasjonar.

Den første aktiviteten var sittedans som er ein aktivitet som ein ofte utførar som aktivitør ved ein sjukeheim saman med dei eldre. Aktiviteten gjer at dei eldre kjem i bevegelse og får vera sosial med andre menneske. Den andre aktiviteten var å setja ei sprøyta i ei appelsin, og ungdommane vart vist og fekk sjølv prøva å gjera dette. Appelsin er nemleg det nærmaste ein kjem menneskehud. Den tredje aktiviteten var å mata kvarandre og ungdommane vart vist og forklart kva som er viktig når ein skal gjera dette. Ofte klarar ikkje eldre å eta sjølv og då må ein få hjelp. Ungdommane vart forklart at respekt, omsorg og tolmodigheit er viktig i slike situasjonar. Den fjerde aktiviteten var å måla blodtrykket på kvarandre og ein sjukepleiar forklarte kva tala dei fekk oppført stod for. Den femte aktiviteten var å testa ut ein løfteheis som dei tar i bruk for å forflytta menneske frå ein stad til ein annan stad. Denne løfteheisen vert tatt i bruk for å forhindra tunge løft og for å gjera det behageleg for dei eldre. Ungdommane fekk sjølv prøva å verta løfta og sjølv styra løfteheisen. Den siste aktiviteten var observasjon av ei avdeling ved sjukeheimen slik at ungdommane fekk sjå korleis det såg ut og kva ein kan arbeida med på ei avdeling.

## **4.2. Nøkkelkategoriar**

Som nemnt i innleiinga til kapittelet var tre kategoriar utvikla på forhand og som er i fokus i denne studien. Kategoriane er interesse og identitet, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og motivasjon og meistring. I dei tre følgjande underkapitla vil det verta presisert korleis kategoriane kom til syne under observasjonane og i ungdommane sine refleksjonar.

### **4.2.1. Interesse og identitet**

Alle fagdagane var prega av informasjon om personlege eigenskapar som er viktig innanfor dei aktuelle yrka. Tilsette og lærlingane hadde fokus på dette når dei var i samtale med ungdommane, og fortalte og viste kvifor aktuelle personlege eigenskapane er viktig. Ungdommane fekk moglegheita til å verta meir kjent med seg sjølv gjennom utføring av arbeidsoppgåver, og å få større innsikt i om dette er noko som interesserer dei. Observasjonar og samtalar med ungdommar under fagdagane viste at mange av dei deltok på ein fagdag dei trudde på forhand var interessant for dei sjølv, og fekk enten stadfesta eller avkrefta dette gjennom deltaking på fagdagen. Under fagdagane vart det observervert nokon ungdommar som

verka meir interessert i fagdagen og aktivitetar dei fekk prøva, i motsetning til andre ungdommar. Dette vart observert på kroppsspråket og gestane til ungdommane og gjennom samtale med dei. Dette kom også fram gjennom samtale med ungdommane kor nokon av dei fortalte at yrket ikkje var som dei trudde på forhand, og at yrket ikkje verka å passa for dei sjølv. Dette gjelder for alle dei seks fagdagan og eit døme frå fagdagen til Ramsvik frisør viser til dette. Det vart observert nokon jenter som verka veldig interessert i å fiksa håret på kvarandre som var ei av oppgåvene under fagdagen. Jentene fortalte at dei alltid har synast at frisør verkar som eit spennande yrke, og at denne fagdagen gjorde dei enda meir interessert i å finna meir ut om frisøryrket. Nokon andre jenter eg snakka med fortalte at dei ikkje syntest at frisøryrket freista noko meir på grunn av at dei ikkje hadde så stor interesse for arbeidsoppgåvene til ein frisør som dei trudde på forhand. Slike situasjonar vart observert og er noko eg fekk informasjon om frå ungdommar på alle fagdagan.

I fem av seks fagdagar deltok lærlingar på fagdagan og hjalp ungdommane i deira utprøving av arbeidsoppgåver. Ungdommane verkar å ta ein god del kontakt med lærlingane og tilsette, og stilte dei spørsmål om yrka og arbeidsoppgåver. Observasjonar under fagdagan viste at det verkar som at ungdommane tar meir kontakt med lærlingane enn med dei vaksne tilsette.

#### **4.2.2. Utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen**

Alle fagdagan var prega av at ungdommane sjølv fekk utføra arbeidsoppgåver som er vanleg i yrka, i tillegg til å få observera tilsette og lærlingar gjennomføra arbeidsoppgåver dei ofte arbeider med ein vanleg arbeidsdag. Arbeidsoppgåvene er nemnt under presentasjonen av alle dei seks fagdagan i starten på dette kapitlet. Ungdommane fekk prøvd seg sjølv gjennom både praktiske og teoretiske oppgåver i samarbeid med andre ungdommar, og under rettleiing frå tilsette og lærlingar. Observasjonar og samtalar under fagdagan viste at ungdommane ser ut til å vera interessert og glad i å snakka med tilsette og lærlingar som arbeider i yrke som mange av ungdommane sjølv ønsker å få meir kunnskap om.

Ungdommane fortalte at dei syntest det er kjekt og lærerikt med ein dag kor dei sjølv får prøva ut eit eller fleire yrke, i staden for å sitja på skulen og berre lesa om yrke. I tillegg får dei større innsikt i arbeidsoppgåver ein kan møte på i forskjellige yrke, også arbeidsoppgåver dei ikkje visste dei måtte utføra i slike yrke. Observasjonar under fagdagan viste at ungdommane verkar å trivast med å få utfordra seg sjølv gjennom arbeidsoppgåver, som vart observert gjennom

kroppsspråket og gestar til ungdommane under deira utføring av arbeidsoppgåver og i kontakt med tilsette og lærlingar.

### **4.2.3. Motivasjon og meistring**

I samtale med ungdommar under fagdagan fekk eg informasjon om at mange av ungdommane deltok på ein fagdag dei hadde på førstevalet sitt, medan andre ungdommar fortalte at dei ikkje fekk førstevalet sitt. Det at ikkje alle ungdommane fekk delta på fagdagen dei hadde som deira førsteval verkar å ikkje vera noko problem for dei. Det er på grunn av at dei likevel får moglegheita til å verta kjent med seg sjølv, yrke og utdanningar, og får informasjon om kva det er som gjer at yrka ikkje er noko for dei sjølv. Når ungdommane skal velja kva fagdagar dei ønsker å delta på skal dei ta utgangspunkt i eigne interesser, men vert også oppfordra til å sjå på andre alternativ. På denne måten får ungdommane erfaringar utanfor spekteret dei eigentleg har plassert seg sjølv innan, og får dermed moglegheita til å erfara noko ved seg sjølv som dei annars ikkje ville ha gjort. Det at mange av ungdommane deltok på ein fagdag som dei hadde i deira lista over kva fagdagar dei ønska å delta på, verkar likevel å vera motiverande i seg sjølv for mange ungdommar. Det er på grunn av at ungdommane får moglegheita til å få meir innsikt i yrke som dei på forhand trudde kunne vera av interesse for dei sjølv.

Observasjonar av ungdom i deira utføring av gitte arbeidsoppgåver under fagdagan viste at mange av ungdommane verka å vera motivert for å utføra arbeidsoppgåver, og syntest det er kjekt å få prøvd seg i eit eller fleire yrke. Dette kom fram gjennom ungdommane sitt kroppsspråk og ansiktsuttrykk, og gjennom samtalar med dei under fagdagan. Det at ungdommane møtte på arbeidsoppgåver som dei syntest var spennande og som dei meistra, verkar å vera motiverande for mange av dei. Ikkje minst såg eg viktigheita av at ungdommane meistrar arbeidsoppgåver kor dei faktisk ønsker å oppleva meistring, og at dette kan verka inn på deira motivasjon. Dette gav ungdommane uttrykk av når eg snakka med dei i forkant og i etterkant av deira utføring av arbeidsoppgåver. Mange av ungdommane møtte på arbeidsoppgåver som dei klarte å utføra på ein god måte på første forsøk, medan nokon måtte leggja meir innsats til for å meistra det. Eg fekk inntrykk av at det er motiverande for ungdommane å få positive kommentarar frå dei tilsette, ikkje minst frå lærlingar som berre er nokon år eldre enn ungdommane sjølv. Observasjonar under fagdagan viste også at mange av ungdommane motiverer kvarandre til å utføra arbeidsoppgåver, og at dei vert påverka av kvarandre i korleis dei utførar arbeidsoppgåvene.

### 4.3. Intervju

Gjennom samtalar med åtte ungdommar har eg fått større innsikt i deira tankar omkring deltaking på fagdag i bedrift, deira erfaringar, motivasjon og meistring, og deira vidare tankar om utdanning og yrke. To gruppeintervju med fire ungdommar i kvar gruppe er vorte gjennomført. Det er viktig å leggja til at sju av åtte av ungdommane er gutar og det er på grunn av at det var flest gutar som meldte interesse til å verta intervjua. Ungdommane har fått tildelt kvart sitt pseudonym slik at dei ikkje skal kjennast att. For å få mest mogeleg ut av sitata til ungdommane er det relevant å vita kva fagdag dei har deltatt på:

Gruppeintervju 1: Anna, John og Sander: UiB framandspråk og Mads: BKK energimontør.

Gruppeintervju 2: Even: Sjøforsvaret, Fredrik: Betong og byggteknikk, Noah: Securitas vektor og Sverre: UiB informatikk og programmering

Likevel om to gruppeintervju er gjennomført har eg valt å blanda sitat frå informantane i begge intervjua. Det er på grunn av at oppgåva ikkje har som formål å samanlikna dei to gruppene som vart intervjua, og at det difor ikkje hadde noko hensikt å sjå på dei to gruppeintervju kvar for seg. Sitat frå informantane vil verta attgjeve ved meiningsfortettingar eller direkte sitat, og lengre og interessante sitat som eg ønsker å framheva vert markert med innrykk

#### 4.3.1. Ungdommar sine tankar om interesse, identitet og val av fagdag

I intervju var eit av hovudfokusa å få kjennskap til ungdommane sine interesser og kva tankar dei hadde om kvifor dei hadde eit ønske om å delta på fagdagen dei deltok på. Dette kan undersøkjast med å etterspørja ungdommane sitt syn på fagdagen i forkant og i etterkant av fagdagen, i tillegg til kva interesser dei har. Ungdommane fekk difor spørsmål om tema innanfor denne kategorien som i det følgjande vert presentert.

##### **Kva liker de å halda på med på fritida?**

Mads som deltok på fagdagen til BKK energimontør, skil seg ut i frå dei andre tre ungdommane han vert intervju saman med ved at han seier at han er veldig interessert i sport. Han fortalte følgjande: «Eg trener veldig mykje, spesielt sykling. Eg er med på eit sykkellag i Bergen, og eg er veldig glad i å driva med sport». John og Sander som deltok på fagdagen til UiB framandspråk, fortalte på same spørsmål at dei er veldig interessert i å spela dataspel og at dei

spelar mange typar dataspel. Anna som deltok på same fagdag som John og Sander, gav uttrykk for at ho hadde ikkje nokon spesielle interesser på fritida, men at ho var glad i å vera med vener. Når Even, Fredrik, Noah og Sverre fekk det same spørsmålet fekk eg inntrykk av at dette er aktive ungdommar som er veldig interessert i sport. To av dei spelar fotball, ein av dei driv med symjing og den siste er glad i å spela handball. Even og Sverre la til at dei også er glad i å spela spel som flysimulatorspel.

### **Kvifor valde de å ha fagdag i bedrifta de var i?**

Anna, John og Sander verka alle saman interessert i språk og å få større kunnskap på dette feltet. Anna fortalte følgjande ved dette spørsmålet: «Eg hadde lyst til å vita kva ein kan læra seg vidare innanfor ei utdanning i språk, og kva moglegheiter ein hadde innanfor framandspråk». Dei to andre ungdommane sa seg einig i forklaringa til Anna om kvifor dei valde å ha fagdag innan framandspråk ved UiB. Når Mads fekk spørsmålet om kvifor han valde å ha fagdag ved BKK som energimontør verka det som om han hadde reflektert omkring dette valet:

Eg likar litt såne ekstreme ting, og sykling er jo ofte ganske ekstremt. Så eg likar utfordringar, og ekstremспорт er det litt av i BKK som energimontør. I tillegg likar eg å vera ute og det må ein vera ofte i ein jobb som energimontør.

Even, Fredrik, Noah og Sverre hadde alle deltatt på ulike fagdagar. Sverre fortalte at han deltok på fagdagen til UiB- Informatikk og programmering og viste interesse omkring dette:

Eg synest alt ved programmering er veldig kult, spesielt når dei skriv inn kodar på ein data og så vert det til eit spel. Det synest eg er veldig spennande og ville difor sjå nærmare på slike yrke. Eg kunne ikkje mykje programmering frå før av, difor er det kjekt å få vita meir om det.

Even som deltok på fagdagen til sjøforsvaret, hadde også reflekterte tankar om kvifor han deltok på denne fagdagen når han fortalte om draumen sin:

Eg draumar om å verta jagarpilot, men om eg ikkje klarar det ønsker eg å verta marinejegar, og dei går jo på sjøkrigsskulen. Difor tenkte eg det var lurt å delta på denne fagdagen. Eg har vert på området før sidan pappa tidlegare arbeida i forsvaret.



Fredrik og Noah som deltok på fagdag innan Betong og byggteknikk, og Securitas hadde også tankar om kvifor dei valde den fagdagen dei deltok på. Dei utdjupa valet sitt ved å seia at dei likar praktisk arbeid, og at det høyrtes ut som det var interessante arbeidsoppgåver i slike yrke.

**Opplevde de noko nytt me de sjølv på fagdagen? Noko de likte betre enn de trudde på forhand, eller omvendt?**

Dei fleste av ungdommane syntest det var litt vanskeleg å svara på dette spørsmålet, men nokon av dei verka å ha reflektert litt over dette i etterkant av fagdagen. Even fortalte at han vart overraska av seg sjølv då dei i gymdelen av fagdagen til sjøforsvaret skulle prøva å bera kvarandre, og utdjupar det ved å seia: «Eg var viss sterkare enn eg trudde på forhand, sidan eg tenker at eg eigentleg ikkje er så sterk». Når John som deltok på fagdagen til UiB framandspråk fekk det same spørsmålet fortalte han følgjande:

Eg var klar over at eg synest språk er kjekt, men etter fagdagen fann eg ut at eg synest det er enda kjekkare enn eg trudde på forhand. Eg har allereie noko eg ønsker å utdanna meg til, men om det ikkje går kan det å utdanna meg innan språk vera ein moglegheit, men eg har eigentleg lyst til å verta spelprogrammerar.

Mads nemnde dette med at i yrket som energimontør må ein vera trygg med høgder og hadde nokon tankar omkring dette i etterkant av fagdagen:

Ja, eg er eigentleg ikkje så glad i høgder, og eg går ofte i fjellet og er då ikkje glad i stup og høgder, men når eg er sikra og føler meg sikker går det greitt. Og me var jo sikra når me klatra i stolpen og då gjekk det heilt fint.

**Tenkjer de annleis om de sjølv, utdanning og jobb etter fagdagen, i så fall kvifor?**

Eg hadde eit ønske om å få vita om ungdommane hadde nokon spesielle tankar om seg sjølv og utdanningsval i etterkant av fagdagen, og difor fekk dei dette spørsmålet stilt. Ungdommane i den eine intervjugruppa meinte at det hadde dei, men hadde problem med å setja ord på kvifor. I den andre gruppa hadde dei derimot nokon tankar om dette, og mange av informantane nemnde at fagdagen gav dei ei stadfesting på om yrket og ein slik type arbeid var noko for dei sjølv. Sverre utdjupa dette når han sa følgjande:

Eg har i grunn alltid tenkt at eg ønsker å gå den vegen med programmering, eller ikkje programmering akkurat, men i alle fall noko innanfor data og slikt. Og då var det jo ei grei stadfesting å få vita korleis yrket var og at det var kjekt og spennande.

Even som deltok på fagdagen til sjøkrigsskulen sa seg einig med Sverre med dette med stadfesting ovanfor seg sjølv:

Eg vart enda meir sikker på at eg vil inn i militæret. Det var spesielt sidan det var god mat i lunsjen, alle verka som å vera gode vener, og at skulen var på ein måte som eit eige lite samfunn. Så forsvaret er absolutt fristande.

#### **4.3.2. Ungdommar si skildring av utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen**

Noko av hovudfokuset i intervjuet var å få kjennskap til ungdommane sine erfaringar frå fagdagen, og difor var det hensiktsmessig å få kjennskap til kva ungdommane huska særleg godt i etterkant av fagdagen, og kva tankar dei hadde gjort seg om erfaringane dei sat igjen med. Ungdommane vart difor stilt spørsmål om tema innanfor denne kategorien som i det følgjande vert presentert.

##### **Kan de beskriva ein situasjon på fagdagen som de huskar særlig godt?**

Ønsket ved å stilla dette spørsmålet var å få kjennskap til om ungdommane hadde gjort erfaringar under fagdagane som dei huska i etterkant, og korleis dei opplevde erfaringane. Alle dei åtte ungdommane trakk fram situasjonar dei såg tilbake på som ei kjekk erfaring. Anna sa i intervjuet at det var kjekt å få utføra mange arbeidsoppgåver under fagdagen, og at ho huska spesielt ei oppgåva kor dei skulle arbeida med fakta omkring Tyskland. Denne oppgåva var noko av det kjekkaste under fagdagen og det ho huska best i etterkant av fagdagen til UiB framandspråk. Når John som deltok på same fagdag som Anna skulle svara på det same spørsmålet, fortalte han følgjande:

Det var eit stort rom med mange forskjellige aktivitetar der me mellom anna skulle laga så mange ord me klarte ut i frå nokon få bokstavar. Ein annan aktivitet var å plassera byar og dialekter på eit noregskart. Det var det eg syntest var dei kjekkaste aktivitetane med fekk utføra i løpet av fagdagen.

Sander fortalte ved det same spørsmålet at han syntest det var mest interessant å få læra litt kinesisk under fagdagen til UiB framandspråk. Sidan dei fekk læra korleis teikna i kinesisk er bygd opp, mellom anna er det slik at nokon teikn står for to ord. Når Mads skulle svara på det same spørsmålet sa han følgjande om fagdagen til BKK energimontør:

Det var veldig gøy å klatra i ein stolpe, og å skjera i gjennom kablar. Eg klarte både å skjera i gjennom kabelen og å klatra opp i stolpen.

Sverre viste til at han huska spesielt godt ein aktivitet under fagdagen til UiB informatikk og programmering når han sa:

Det var veldig gøy å programmera ein liten robot til å køyra i gjennom ei hinderløypa. Me måtte prøva å få roboten til å t.d. køyra to sekund fram, eit halvt sekund til venstre og tre sekund fram igjen, samstundes som me måtte berekna korleis roboten skulle køyra ved å stilla inn grader.

**Ser de nokon fordelar med å delta på ein fagdag for å få kunnskap om yrke og utdanning, i staden for å t.d. lesa på nettet, snakka med vener og familie, eller media? Korleis var det å utføra noko sjølv, i staden for å høyra det i gjennom andre menneske?**

Eit av formåla med *Ka vil DU bli?* er at ungdommar skal få eiga erfaring med å prøva ut eit eller fleire yrke. For å finna ut om ungdommane hadde gjort seg nokon tankar om å læra i gjennom eigne erfaringar av yrke, i staden for å læra gjennom andre sine erfaringar, vart difor dette spørsmålet stilt. Alle ungdommane gav uttrykk for at dei såg fleire fordelar med å delta på ein fagdag for å få større innsikt i yrke og utdanning, i staden for å mellom anna lesa på nettet. Mange av ungdommane la vekt på dette med å sjølv få prøva ut arbeidsoppgåver, noko ein kan sjå ved sitatet til Fredrik:

Eg synest det er mykje betre å sjølv utføra ein aktivitet, enn å berre lesa om det. Føler ein lærer mykje meir av å prøva ut forskjellige ting, enn å berre sitja å skriva og lesa om det.

Even som deltok på fagdagen til sjøforsvaret la også vekt på det å sjølv få utføra arbeidsoppgåver:

Eg trur det er mykje meir interessant å gjera noko, enn å lesa om det. Fordi ja, det hadde vert ganske kjedeleg å lesa om korleis ein styrar ein båtsimulator, i motsetning til å faktisk gjera det sjølv. Det er mykje betre å få gjera det sjølv.

Mange av ungdommane la vekt på kontakta med tilsette og lærlingar i bedriftene, som Sverre som fortalte følgjande:

Det er sjølvsagt mykje meir interessant å snakka med dei som faktisk jobbar i dei aktuelle yrka. For når ein spør foreldra eller lærarane sine veit ein ikkje heilt om det dei seier er sant, dei kan sjølvsagt ha rett, men ikkje alltid. Difor er det lettare og betre å snakka med nokon som faktisk arbeider dagleg i dei aktuelle yrka.

Even og Fredrik la vekt på kontakta med tilsette, at ein får større innsikt i kva arbeidsoppgåver som er typisk ein vanleg arbeidsdag, og for å høyra om korleis dei tilsette trivs i yrka. Det var einstemmig blant ungdommane ved at det er fordelar med å delta på ein fagdag sjølv, enn å mellom anna høyra på andre menneske og å lesa på internett.

### **Stemte forventningane dykkar om korleis fagdagen kom til å verta, overeins med korleis den faktisk var? Om nei, kvifor ikkje?**

Eg var interessert i å høyra om kva forventingar ungdommane hadde i forkant av fagdagen med tanke på informasjonen dei hadde fått på forhand. Det er interessant at mange av ungdommane trudde på forhand at dagen skulle vera litt kjedeleg og teoretisk, men at det ikkje var slik og som overraska mange av ungdommane. Even markerte dette ved å visa til kva forventingar og erfaringar han fekk under fagdagen til sjøforsvaret:

Eg forventa eigentleg ein skikkelig «skule-skule» med mykje teoretisk arbeid. Det var sjølvsagt ein del teori, men ikkje så mykje som eg hadde trudd på forhand. Eg vart overraska av at det var så mykje praktisk, noko som var veldig bra syntest eg.

Sverre sa seg einig med Even og viste til eit tilfelle på fagdagen der ein student skulle visa teorien bak koding og programmering:

Eg hadde i grunn trudd at heile fagdagen skulle vera som starten av dagen, med at me sat og såg på ein mann som koda. Det var difor veldig overraskande når me

sjølv skulle arbeida med nokon robotar og programmera dei, for å deretter køyra i gjennom ei hinderløype, i tillegg til mange andre praktiske aktivitetar.

John trakk inn følgjande om fagdagen til UiB framandspråk:

Eg trudde det kom til å verta litt kjedeleg og at ein berre skulle høyra på nokon som fortalte om eit språk, men det var mykje kjekkare enn det. Sidan me hadde så mange forskjellige aktivitetar me fekk prøva oss på.

Ein av gutane trakk fram at han vart overraska over kor mange valmoglegheiter ein har ved ei utdanning innan språk, og at han ikkje var klar over dette på forhand.

### **Har besøket gjort at de ønsker å vita meir om dette yrket, i så fall kvifor?**

Under observasjonane fekk eg innsikt i at nokon av ungdommane fann ut at dei aktuelle yrka ikkje var noko for dei sjølv. Dette kom ikkje fram i intervjuet sidan då fortalte alle ungdommane at fagdagen gjorde dei meir interessert i yrka dei fekk prøva seg i. Mange av ungdommane viste til at fagdagen gjorde at dei fekk meir innsikt i yrka, og at det difor var enklare å vita om det var noko for dei sjølv. Då Even fekk dette spørsmålet svarte han følgjande: «Ja, men tidlegare såg eg på yrket som noko eg ikkje var så interessert i å arbeida med, men no verkar det mykje meir interessant». Fredrik seier seg eining med Even og la til: «Ja, heilt eining med Even. Har tidlegare trudd at dette ikkje er ein god jobb i framtida, men etter at eg var på fagdagen vart eg mykje meir interessert i yrket». Ein annan ungdom fortalte at deltaking på fagdagen til informatikk og programmering gjorde at han vart interessert i å arbeida med noko innanfor data i framtida.

### **4.3.3. Betydinga av motivasjon og meistring**

Motivasjon og meistring var noko eg hadde fokus på i mine observasjonar, men eg merka fort at dette var faktorar som var utfordrande å finna meir ut om ved å berre observera. Difor var desse faktorane også viktig i intervjuet, på grunn av eit ønske om å få høyra om ungdommane hadde nokon tankar om motivasjon og meistring i lys av fagdagane. Dette var dei faktorane eg merka at var mest utfordrande for ungdommane å setja ord på, men etter å ha tenkt seg litt om prøvde nokon av ungdommane seg fram og verka å ha nokon reflekterte tankar omkring dette. Spørsmål og svar frå ungdommane innanfor denne kategorien vert i det følgjande presentert.

### **Var det noko de opplevde som positivt under fagdagen, eller noko de følte at de meistra?**

Alle ungdommane i den eine gruppa hadde til felles at dei viste til konkrete erfaringar i deira skildring av kva dei følte dei meistra under fagdagane, og gav uttrykk for at dei var fornøgd med dei erfaringane dei gjorde seg. Even viste til ei konkret erfaring han opplevde som positivt under fagdagen:

Det var å skyta ned femten båtar i båtsimulatoren. Det var ganske gøy, sidan me var då i 15 meter høge bølger og det var vanskeleg å sikta, men eg greidde det. Det var ein slik «joystick» me måtte bruka og ein skjerm med informasjon på, så der måtte ein stilla forskjellige ting inn, og når ein hadde sikta seg riktig inn, kunne ein skyta mot målet.

John kunne fortelja at eine leiaren av fagdagen han deltok på var veldig fornøyd med han utførte ei oppgåva så bra:

Han eine som jobba i bedrifta sa eg kunne starta å jobba hjå dei om to veker, men berre på tull altså. Sidan han meinte eg kunne hoppa rett inn i studiet, sidan han syntest eg meistra ei oppgåva så bra. Det var ein stasjon med mange danske og svenske ord, og så skulle me gjetta kva dei orda var på norsk, og der gjorde eg det veldig bra. Det var ganske gøy.

Dei andre ungdommane viste også til konkrete oppgåver når dei skulle forklara når dei opplevde meistring under fagdagane. Etter dette spørsmålet fekk ungdommane eit anna spørsmål omkring dei trudde på forhand at dei kom til å meistra arbeidsoppgåver under fagdagen. Dette var eg på forhand interessert i å høyra om ungdommane hadde nokon tankar omkring, sidan det kan vera vanskeleg å vera klar over at ein har slike tankar. Alle ungdommane hadde også til felles på dette spørsmålet å ikkje ha noko svar på dette, og at det ikkje var noko dei hadde tenkt over på forhand. Ungdommane fekk også spørsmål om dei såg medelevar oppleva noko positivt eller negativt under fagdagane, og om dei då eventuelt tenkte på noko spesielt når dei observerte desse. Dette var også eit krevjande spørsmål for ungdommane og som dei ikkje hadde nokon spesielle tankar om. Mads som deltok på BKK energimontør skilte seg ut frå dei andre ungdommane ved å seia at han hadde nokon tankar omkring dette:

Ja, sidan eg var ein av dei siste som skulle klatra opp i stolpen, og eg var først litt usikker på om eg turte det sidan eg har litt høgdeskrekk. Etterkvart bestemte eg meg for å gjera det sidan dei andre klarte det. Det hadde vert kjedeleg om eg ikkje klarte det når dei andre gjorde det.

#### **4.3.4. Refleksjon i etterkant av fagdagen**

I løpet av gruppeintervjua vart ungdommane spurt om dei hadde ønske om å delta på fleire fagdagar og om dei hadde tankar om kva fagdagar det eventuelt ville ha vore. Alle dei åtte ungdommane var einig i at det hadde vore givande med fleire fagdagar slik at dei fekk prøvd seg i fleire yrke, og dei hadde alle tankar om kva fagdag dei ville deltatt på. Alle ungdommane i intervjua har deltatt på ein fagdag og i yrke dei sjølv ønskja å få meir kunnskap om, medan observasjonane viste at det var nokon ungdommar som ikkje var så interessert i fagdagen dei deltok på. Difor vart ungdommane under intervjuet spurt om kva dei hadde tenkt om dei måtte delta på ein fagdag dei eigentleg ikkje var så interessert i. Dei fleste ungdommane meinte at det likevel kunne koma lærdom av fagdagen, sidan ein får moglegheita til å verta kjent med seg sjølv og sine interesser, og får stadfesta eller avkrefta noko ved seg sjølv. Mads utdjupa dette ved å seia: «Om ein hadde analysert ein fagdag ein eigentleg ikkje var så interessert i og funne ut kva som gjorde at ein ikkje likte den type jobb, så kunne det sikkert ha hjelpt ein seinare». Dei andre ungdommane var einig i dette, men hadde ikkje sjølv noko å utdjupa ved spørsmålet.

Avslutningsvis i intervjua ønska eg å få innsikt i om ungdommane meinte at fagdagane er nyttig for dei i deira val og tankar om utdanning og yrke. Alle ungdommane er samstemte i at fagdagen vil hjelpa dei i deira vidare val i framtida, mellom anna med tanke på utprøvinga. Fleire av ungdommane la spesielt vekt på dette med å få prøva ut arbeidsoppgåver som er vanleg for dei aktuelle yrka, i tillegg til kontakta med tilsette som arbeida dagleg i yrka. I spørsmål omkring ungdommane allereie har tenkt over kva dei ønsker å verta, er det litt delt om dei har det eller ikkje. Det mange av ungdommane har fått meir innsikt i, er kva type arbeid dei er interessert i og kvifor, og er noko dei sjølv fortel under intervjua. Nokon av ungdommane som viste at dei har reflektert over framtida var Sverre som deltok på fagdagen til UiB programmering og informatikk. Sverre fortalte at han etter deltaking på fagdagen ønsker å utdanna seg til noko innanfor data, eller ingeniør. Even som deltok på fagdagen til sjøkrigsskulen fortalte han ønsker å verta jagarpilot eller marinejegar, og viste mykje kunnskap om arbeidsoppgåver og utdanningsvegar for å kunne arbeida i yrka.

## 5. Drøfting

Formålet til denne masteroppgåva er å få større innsikt i ungdommar sine tankar om val av utdanning og yrke, og å kunne svara på problemstillinga som er som følgjande: *Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke?* For å kunne svara på problemstillinga og dei tilhøyrande forskingsspørsmåla vil resultatane frå observasjonar på fagdagane, i tillegg til gruppeintervjua med ungdommar i det følgjande verta drøfta opp i mot relevant teori. Alle observasjonane av fagdagane vil ikkje drøftast i like stor grad, men har bidratt til ei felles forståing av korleis dei går føre seg. Drøftinga er delt inn gjennom tre nøkkelkategoriar som har lagt til grunn for oppgåva: Interesse og identitet, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og motivasjon og meistring. Drøftinga har fokus på fleire av ungdommane som har vorte observert og intervjuet, men går også i djupna på enkelte ungdommar. Forskingsspørsmåla kjem til syne gjennom alle dei tre nøkkelkategoriane og utdjupear kvarandre, men konkrete forskingsspørsmål vert vist til der det er særleg relevant.

### 5.1. Ungdommar sine tankar om interesse, identitet og val av fagdag

Som Andreassen et al. (2008) fortel om, er ungdomstida ein utfordrande og viktig periode for mange ungdommar på grunn av dei mange vala dei må ta i denne perioden, som valet av utdanning. Denne utfordrande perioden får eg inntrykk av i møte med ungdommar gjennom observasjonar av fagdag i bedrift og gjennom gruppeintervjua, og at det er ein viss usikkerheit hjå dei fleste ungdommane omkring dette viktige utdanningsvalet. Samstundes er det viktig å leggja til at mange av ungdommane ser på ungdomstida og val av utdanning som ei spennande fase å gå i gjennom. Mange av ungdommane fortel gjennom samtalar under observasjonane og i gruppeintervjua at det er kjekt og lærerikt med ein fagdag ved at dei får erfara eit eller fleire yrke, i motsetning til å sitja på skulen og lesa om yrke og arbeidsoppgåver. Dette kan vera i tråd med at ungdommane er i ei søkjefase, og har behov for signal å styra etter i deira karriereveg (Illeris et al., 2002). Fagdagen kan opna opp for slike signal som ungdommane kan styra etter, og kan få stadfesta eller avkrefta signal dei har frå før av gjennom erfaringar dei gjer seg under og i etterkant av fagdagen. Dette kapitlet har som formål å få fram det første forskingsspørsmålet som omhandlar ungdom si identitet og interesser, samt korleis dei grunnleggjer deira val av fagdag.



### 5.1.1. Samanheng mellom interesser og val av fagdag

Det første forskingsspørsmålet har som formål å få innsikt i korleis ungdommar grunngjev kva fagdag dei ønsker å delta på. Funna i denne studien viser at mange av ungdommane nemnde interesser og fritidsaktivitetar som årsak til kva fagdag dei ønskte å delta på. Intervjua og observasjonane viser at mange av ungdommane som er interessert i sport og det å arbeida med noko praktisk, også vel yrke som krev at ein er aktiv og trivast med å arbeida med praktiske oppgåver. Som vist i resultatdelen fortalte ein av ungdommane at han var interessert i å halda på med sport på fritida, og som er noko av grunnen til at han valde å ha fagdag i BKK som energimontør. Med dette viser guten at han valde fagdag ut i frå sine eigne interesser og hadde innsikt i at eit yrke som energimontør krev at ein trivast med å vera aktiv og praktisk i arbeidet sitt. Dette kan vera i tråd med Parsons (1909) sine tre faktorar for eit godt val av yrke sidan guten har ei forståing av kva han er interessert i, kva arbeidet stil krav til, og ein kombinasjonen av faktorane til saman. Ein kan også sjå på valet til guten og fleire av dei andre ungdommane som valde fagdag ut i frå deira eigne interesser, i samanheng med hovudområda i læreplanen til utdanningsval. Det med tanke på at hovudområda byggjer på samanhengen mellom personlege ønsker og praktisk erfaring i bedrift (Utdanningsdirektoratet, 2015a). Sett i samanheng med ungdommane si skildring av kvifor dei valde å delta på fagdagen som dei gjorde og i kva grad dei interesserte seg for yrka som var i fokus, kan ein sjå dette i lys med Super sitt omgrep utkrystallisering (Patton & McMahon, 2014). Det på grunn av at ungdommane må utvikla tankar om kva yrke dei kan vera interessert i og om det passar for dei sjølv ut i frå eigne interesser og føresetnadar dei har for slike yrke.

Ein av ungdommane som vart intervjuet viste tydeleg ved spørsmålet om kvifor han valde å ha fagdag i bedrifta han var i, at valet vart tatt ut i frå kva han ønsker å arbeida med når han vert stor, som er jagarpilot. I tillegg har han ein reserveplan om han ikkje meistarar å utdanna seg til dette yrket. Ungdommen hadde reflekterte tankar til å vera ein gut i 9. klasse, spesielt med tanke på at han har eit yrke han draumar om å utdanna seg til, og han har ein reserveplan om dette ikkje går. Guten viser til tvil ved å meistra å utdanna seg til det han ønsker, noko som kan tolkast på fleire måtar, og som eg ville ha spurt han om å utdjupa dersom eg skulle ha intervjuet han ein gong til. For det første kan det vera at han viser til at det kan vera avgrensingar ved han sjølv som gjer at han ikkje vil meistra å utdanna seg til yrket (Parsons, 1909), og for det andre kan det vera at han ikkje forventar eiga meistring av ei slik utdanning. Dette vert grundigare gjennomgått i kapittel 5.3 om betydinga av motivasjon og meistring. Vidare kan refleksjonane til eleven tolkast i lys av Parsons (1909) sin teori om eit godt val av eit yrke ved at guten har

ambisjonar omkring kva han ønsker å utdanna seg til, men at han har andre moglegheiter om det ikkje går. Guten har med andre ord i stor grad oppfylt faktorane til Parsons (1909) og ligg difor i lys av hans teori, godt an til å ta eit godt val av eit yrke på grunn av hans resonnering omkring dei tre faktorane. Som vist i resultatdelen har guten og fleire av ungdommane tankar om kva dei ønsker å verta og viser at dei har reflektert over dette, og har difor danna seg ei foreløpig yrkesidentitet (Andreassen et al., 2008).

I lys av Super sin teori (Andreassen et al., 2008) kan det tolkast som at guten tenkjer at mykje kan forandra seg i løpet av livet og at han ikkje får moglegheita til å verta jagarpilot på grunn av livssituasjonen han er i. Det med tanke på at han viser til at det moglegvis ikkje vert slik at han utdannar seg til jagarpilot. På den andre sida kan ein sjå på dei reflekterte tankane til guten i lys av Giddens (1996) sin teori om identitetsdanning gjennom refleksjon, ved at guten har reflektert over at han ønsker å utdanna seg i forsvaret. Dette kan tolkast i tråd med Giddens (1996) ved at guten gjennom deltaking på fagdagen til sjøforsvaret konstruerte seg sjølv og kven og kva han ønsker å verta. Moglegheita til å konstruera og rekonstruera seg sjølv er noko fagdag i bedrift kan opna opp for, og som er nyttig for guten og andre ungdommar å få moglegheita til å erfara. Ved eit seinare spørsmål bekreftar også guten at han er vorte enda meir sikker på at han ønsker seg inn i forsvaret, etter å ha deltatt på fagdag i bedrift.

### **5.1.2. Stadfesting eller avkrefting om eit yrke er noko for ein sjølv**

Eit av forskingsspørsmåla har som formål å få innsikt i kva slags moglegheiter fagdag i bedrift kan opna opp for ungdommar. I denne studien vart det synleg for meg som observatør og intervjuar at fagdagan opnar opp for at ungdommane får innsikt i om dei aktuelle yrka og arbeidsoppgåvene er noko for dei sjølv eller ikkje, og ikkje minst kvifor. Ungdommane får i tillegg innsikt i kva yrka faktisk inneber og korleis arbeidsmiljøet er i den aktuelle bedrifta. Under observasjonar på fagdagan kom eg i kontakt med ungdommar som fortalte at dei under fagdagen fann ut at yrka som var i fokus, ikkje var så interessant som dei trudde på forhand. Som vist i resultatdelen kom det fram at det på kvar fagdag var nokon ungdommar som vart klar over dette, mellom anna nokon jenter som deltok på fagdagen til Ramsvik frisør. Jentene fortalte at dei ikkje hadde så stor interesse for arbeidsoppgåvene til ein frisør som dei trudde på forhand. Jentene sine resonneringar over dei to første faktorane til Parsons (1909) resulterte i at det ikkje var samsvar mellom faktorane, sidan jentene sine interesser og forventningar til yrket ikkje samsvarte, og jentene ligg difor ikkje an til eit godt yrkesval i dette tilfellet. Ved å

få avkrefta sine forventingar har jentene likevel funnet ut noko om dei sjølv, sidan det var noko ved arbeidsoppgåvene under fagdagen dei ikkje var interessert i, og som er ei erfaring i seg sjølv. I følgje Supers teori (Careers, 2017) kan erfaringar til ungdommar bidra til utvikling av sjølvvet, som vert utvikla her som eit resultat av erfaringar som dei kan ha gjort seg under fagdagane.

Det at ungdommar enten får stadfesta eller avkrefta om yrka som var i fokus under ein fagdag var noko for dei sjølv, kan ein også sjå i lys av Erikson sin teori om ungdomsfasa og identitetsutvikling (Andreassen et al., 2008). Ungdommar kan få ei stadfesting på at fagdagen viste at yrka verka interessant og spennande for dei sjølv, og at erfaringar ein gjorde seg under fagdagen gjorde at ein fann ut noko om seg sjølv. Som vist i resultatdelen fekk ein av ungdommane stadfesta for seg sjølv at programmering var noko han er veldig interessert i, og at han i alle fall ønsker å utdanna seg til noko innanfor data. Eleven fortalte i tillegg at det var «ei grei stadfesting å få vita korleis yrket var og at det var kjekt og spennande». Slike stadfestingar som eleven fekk under fagdagen og som han i ettertid har reflektert over, kan ein sjå i lys av Erikson sin teori om identitetsutvikling sidan eleven fekk stadfesta noko ved seg sjølv og korleis yrket var. Dette kan vidare hjelpe eleven til å få meir kunnskap om si eiga identitet og kven han ønsker å verta. Det er med andre ord positivt at ungdommar får erfara og stadfesta korleis yrke og aktuelle arbeidsoppgåver er, og at dei kan bruka desse erfaringane vidare i livet og framtidige val.

På ei anna sida kan ein sjå på ungdommane som fann ut at yrka under fagdagen ikkje var noko for dei sjølv og ikkje interesserte dei så mykje som dei trudde på forhand, i lys av Erikson sin teori om identitetskrise i ungdomsfasa (Andreassen et al., 2008). Ungdommane kan framleis vera usikker på kven dei er og kven dei ønsker å verta, men samstundes har dei funnet ut noko ved seg sjølv sidan det var noko ved dei aktuelle yrka som ikkje interesserte dei. Erikson (1992) meiner at etterkvart som ein legg forvirringar og kriser bak seg, vil ein utvikla betre dømmekraft, og ungdommane kan difor utnytte stadfestingar som dei moglegvis fekk under fagdagen. Dette er i seg sjølv eit viktig funn for ungdommane, og er ei erfaring som dei kan bruka vidare i livet og i framtidige val.

### 5.1.3. Identitetsdanning gjennom refleksjon

To av forskingsspørsmåla i denne studien vart valt for å få større innsikt i kva moglegheiter fagdag i bedrift kan opna opp for, og om ungdommar vert meir bevisst deira egne evner og interesser. Refleksjonar under og i etterkant av fagdagane er relevant å visa til med tanke på forskingsspørsmåla. Som fortalt i resultatdelen var det for mange av ungdommane vanskeleg å setja ord på korleis dei i ettertid hadde reflektert over deira deltaking og oppleving av fagdagen, og om det var noko nytt dei opplevde med seg sjølv. Nokon av ungdommane klarte å setja ord på dette og fortalte at dei fekk stadfesta om yrka var noko for dei sjølv eller ikkje, som er fortalt om i kapittelet ovanfor i lys av Erikson sin teori. Ein av ungdommane fortalte i intervjuet at han i etterkant av fagdagen, vart enda meir interessert i å læra om språk enn det han trudde på forhand. Eleven fortalte i tillegg at han allereie hadde ein tanke om kva han ønsker å utdanna seg til, men at han etter deltaking på fagdag ved UiB framandspråk også hadde ein annan valmoglegheit. Gjennom slike sitat kan ein sjå at eleven har reflektert over fagdagen og at han har tankar omkring kva han ønsker å verta. Dette kan ein sjå i tråd med Giddens sin teori om sjølvrefleksjon, ved at ein kan utvikla identitet gjennom å reflektera over kven ein ønsker å vera og kven ein faktisk er (Andreassen et al., 2008).

Gjennom framstillinga av resultata kom det fram at eine eleven som deltok på fagdagen til BKK, hadde reflektert over høgdeskrekken sin. Han fortalte at han ikkje var så glad i høgder, noko som kan vera utfordrande med tanke på at energimontørar må dagleg i sitt arbeid klatra i høge stolpar for å fiksa straumen. Guten klarte å halda høgdeskrekken sin i sjakk då han klatra i stolpen og han sa dette var på grunn av at dei vart godt sikra då dei klatra opp. Eigenskapar og arbeidsoppgåver i yrke er viktig å reflektera over med tanke på om dette er noko ein sjølv kunne ha arbeida med, og om ein har eventuelle avgrensingar ved arbeidsoppgåver slik som Parsons (1909) har teoriar om. Det er difor positivt at fagdag i bedrift opnar opp for at ungdommar får utprøving i yrke, og får ei oppleving av korleis dei erfarer ulike arbeidsoppgåver.

Gjennom observasjon og intervju med ungdommar omkring deira erfaring av fagdag i bedrift, har eg fått innsikt i at ungdom endrar eller held ved tanken dei hadde om seg sjølv og yrke dei ser på som interessant. Dette kan vera i tråd med det Giddens hevdar om at erfaringar og påverkingar ein vert konfrontert med, kan gjera at ein endrar si sjølvoppfatning (Illeris, 2014). Dette er som sagt viktig og er noko fagdag i bedrift kan opna opp for, spesielt om eit yrke er noko for ein sjølv og eventuelt kvifor det ikkje er det. Ungdommen som deltok på fagdagen til

BKK som energimontør, kunne på ei anna sida ha reflektert over at han ikkje kunne ha arbeida som energimontør på grunn av høgdeskrekken sin, men etter å ha opplevd det som trygt og reflektert over dette i ettertid såg guten på dette som ei positiv erfaring.

#### **5.1.4. Identifisering med lærlingar og tilsette**

I fem av dei seks fagdagane deltok det i tillegg til tilsette i bedriftene også lærlingar frå bedriftene. Lærlingane var eit par år eldre enn 9. klasseelevane som deltok på fagdagane og det verka å vera kjekt for ungdommane å ha lærlingar til stades under fagdagane. Under observasjonane viste det seg at mange av ungdommane tok kontakt med lærlingane i lik grad som dei tok kontakt med dei tilsette i bedriftene, og stilte dei spørsmål om korleis det var å vera lærling i bedrifta. Funna i denne studien viser at kontakta med tilsette og lærlingar er ein faktor som verkar å vera motiverande for ungdommane med tanke på deira behov for informasjon og vidare tankar om utdanning og yrke.

Kvifor bedriftene valde å invitera lærlingar til å delta på fagdagane saman med ungdommane har eg dessverre ikkje fått innsikt i, men er noko eg hadde ønska å få kunnskap om dersom eg skulle ha forska vidare på ungdom og utdanningsval. Sett i samanheng med det Andreassen et al. (2008) meiner om at ein kan definerast ut i frå sosiale grupper ein høyrar til, kva sosiale grupper ein ønsker å høyra til og kven ein sjølv ønsker å vera som person, er kontakta mellom ungdommane, tilsette og lærlingar interessant. Ut i frå dette kan det tolkast at ungdommane tar kontakt med lærlingar og tilsette sidan dei identifiserer seg med dei. Det kan vera at nokon ungdommar identifiserer seg med lærlingane sidan dei er ganske lik dei sjølv i alder, oppheld seg sjølv i ungdomsfasa av livet og dei ønsker sjølv å verta lærling i den aktuelle bedrifta. Det same gjeld for dei tilsette sidan det tyder på at nokon av ungdommane identifiserer seg med dei som arbeider i bedrifta dei har vert på fagdag i, og at dei ønsker å verta slik som dei i framtida. Illeris et al. (2009) stadfestar dette i si forskning ved at ungdommar må i sin frigjeringsprosess stilla seg sjølv spørsmål om kven ein er og kven ein ønsker å vera. Dette har også læreplanen i utdanningsval (Utdanningsdirektoratet, 2015a) fokus på gjennom vektlegging av ungdommar si identitet og interesse når dei skal undersøkje kva utdanningsval dei ønsker å ta. Dette opnar fagdag i bedrift opp for ved at ungdommane får kontakt med lærlingar og tilsette som arbeider dagleg i det aktuelle yrket, og kan bidra til ungdommane si identitetsdanning og/eller endring av ei eiga identitet, i tillegg til sjølvforståing. Møte med folk ein identifiserer seg med kan i

tillegg vera motiverande for ungdommane, noko som vil verta drøfta vidare i kapittel 5.3 om motivasjon og meistring.

Funna i studien viste at mange av ungdommane nemnde kontakta med tilsette og lærlingar som ein av fordelane ved å delta på fagdag i bedrift. Ungdommane gjer uttrykk for at dei synast det er interessant å snakka med tilsette som jobbar dagleg med dei aktuelle yrka, i staden for å snakka med foreldre, familie og lærarar. Ungdommane si prissetting av kontakta med lærlingar og tilsette i bedriftene er eit funn som i lita grad er framstilt gjennom det teoretiske rammeverket i denne oppgåva på grunn av at det ikkje føreligg mykje teori om dette innanfor temaet ungdom og utdanningsval. Viktigheita av kontakta med tilsette og lærlingar vert konkretisert gjennom den danske rapporten som vart skrive om i kapittel 1.3. Rapporten peikar i retning mot at fagdag i bedrift er ein positiv arbeidsmetode for val av utdanning og yrke, på grunn av at ungdommane får støtte og hjelp frå tilsette og lærlingar, og ikkje vert overlata til seg sjølv (Danmarks Evalueringsinstitut, 2018). Difor er det interessant at dette vart framstilt av ungdommane sjølv, og at det dessverre føreligg lite teori om dette innanfor temaet ungdom og utdanningsval. Dette funnet er noko som skil seg spesielt ut, og som eg meiner belyser fleire av forskingsspørsmåla for denne masteroppgåva. Dette er noko eg ville hatt fokus på om eg skulle ha forska vidare på problemstillinga for denne oppgåva, og for å få større innsikt i kva som gjer at ungdommane set så stor pris på kontakta med tilsette og lærlingar.

## **5.2. Ungdommar si skildring av utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen**

Eit av formåla til *Ka vil DU bli?* er at ungdommar skal få eiga erfaring med å prøva ut yrke (Bergmann, 2016). Difor har erfaringar til ungdommar i etterkant av fagdagen og deira oppleving av å utføra konkrete arbeidsoppgåver under fagdagen vert i fokus i denne masteroppgåva. Dette er også fokuset i det tredje forskingsspørsmålet som omhandlar korleis konkrete erfaringar av yrke kan vera til hjelp for ungdommar i deira val av utdanning og yrke. Dei tre andre forskingsspørsmåla kjem også til syne i dette kapitlet med tanke på fokuset på motiverande faktorar, moglegheiter og om ungdommane vert meir bevisst deira egne interesser gjennom deltaking på fagdag i bedrift. Funna i studien viser at ungdommane meiner det er lærerikt og kjekt med ein slik dag der dei sjølv får prøva seg i eit yrke, i staden for å sitja på skulen og lesa om yrke. Som skrive i resultatdelen var alle fagdaganeprega av at ungdommane sjølv fekk utføra arbeidsoppgåver som er vanleg i dei aktuelle yrka.

Arbeidsoppgåvene er skildra under presentasjonen av alle dei seks fagdagane i kapittel 4.1. I Bergensprosjektet som vart skriva om i kapittel 1.3, var det ein elev som fortalte i prosjektet at «vi må ha noen erfaringer å se tilbake på når vi velger» (Andreassen, 2011b, s. 6). Funna i denne studien viser at fagdag i bedrift opnar opp for at mange ungdommar sit igjen med praktiske og konkrete erfaringar, og som dei kan sjå tilbake på når dei skal velja utdanning. I tillegg til at dei kan bruka deira erfaring av fagdagane og arbeidsoppgåver ved yrke, i si eiga identitetsutvikling.

### **5.2.1. Erfaringar av yrke og arbeidsoppgåver**

Erfaringar som mange av ungdommane sit igjen med i etterkant av deltaking på fagdag i bedrift, kan ein sjå i lys ved Super sin teori om utforskningsstadiet (Andreassen et al., 2008). Ungdommane framhevar det å få moglegheita til å utforska yrke og arbeidsoppgåver og at dette er ønska av dei sjølv. Fagdag i bedrift opnar opp for at ungdommar får prøvd ut eit eller fleire yrke og arbeidsoppgåver, og på bakgrunn av det kan dei utvikla kompetanse og få erfaringar som dei kan sjå tilbake på ved seinare val. Eit av forskingsspørsmåla er retta mot kva moglegheiter fagdag i bedrift opnar opp for, og funna i studien viser at eiga erfaring av yrke er ein viktig faktor som fagdagar opnar opp for. I resultatdelen er det presisert at alle dei åtte ungdommane som vart intervjuja hadde erfaringar frå fagdagen som dei huska særleg godt, og som viser at dei fekk konkrete og praktiske erfaringar med eit eller fleire yrke. Erfaringar som ungdommane sit igjen med kan ein sjå i lys av teori om erfaringsbasert læring, mellom anna gjennom teoretikaren Watts som meiner at arbeidsplassbesøk kan føra til ei personleg og direkte kontakt med arbeidsmiljø og arbeidsoppgåver (Watts, 2006). Ungdommane får direkte kontakt med arbeidsmiljø og arbeidsoppgåver gjennom å delta på fagdag i bedrift, og får ei personleg erfaring med eit eller fleire yrke. Stringer og Kerpelman (2010) har i likskap med Watts sett på viktigheta av å ha erfaringar å sjå tilbake på, og meiner at erfaringar av arbeidssituasjonar kan hjelpe ungdommar til å utvikla sjølvtilit ved utdanningsval. Som presisert i resultatdelen var det mange av ungdommane som fekk stadfesta eller avkrefta om yrka og aktuelle arbeidsoppgåver var noko for dei sjølv, gjennom erfaringar under fagdagen og refleksjonar i etterkant.

Noko som har vore interessant å få meir innsikt over i denne oppgåva er kva fordelar fagdag i bedrift og det å utføra noko sjølv har, i staden for å få informasjon om yrke gjennom mellom anna internett, lærarar og familie. Sidan eit av formåla til *Ka vil DU bli?* er at ungdommar skal

få eiga erfaring med å prøva ut yrke (Bergmann, 2016) fekk ungdommane spørsmål omkring dette. Det at alle ungdommane i intervju og observasjonane gav uttrykk for at dei såg fleire fordelar med å delta på ein fagdag for å få erfaring og større innsikt i yrke og utdanning, i staden for å mellom anna lesa på nettet og snakka med familie, er ikkje overraskande i lys av teorien som er presentert i denne oppgåva. Funna i studien viser at ungdommane meiner det er fleire fordelar ved å delta på fagdag i bedrift enn ved andre metodar. Mange av ungdommane legg vekt på det å oppleva noko sjølv og få eigne erfaringar, i motsetning til å berre lesa om yrke og arbeidsoppgåver.

Teori om erfaringsbasert læring handlar som sagt om at menneske lærer best gjennom direkte erfaring, og teoretikaren David Kolb har sett mykje på denne erfaringsbaserte tenkinga. I lys av Kolb sin lærings sirkel (2015) kan ein plassera mange av ungdommane som deltok på fagdag i bedrift på stadia i sirkelen. Ungdommane får ei konkret oppleving (1) på fagdagen gjennom å erfara arbeidsoppgåver, og slike konkrete opplevingar opnar fagdag i bedrift opp for. I etterkant av fagdag i bedrift må ungdommane presentera fagdagen dei har deltatt på og erfaringar frå denne dagen, noko som gjer at ungdommane får reflektert (2) over erfaringane i etterkant av fagdagen. Vidare går ungdommane over i abstrakt konseptualisering (3) som Kolb kallar det, og her kan ein plassera ungdommen som hadde i etterkant av fagdagen reflektert over at han ønsker å utdanna seg til noko innanfor data. Eleven plasserer seg sjølv på dette nivået sidan han har reflektert av erfaringane han opplevde under fagdagen, og ved at han veit ei retning han ønsker å utdanna seg innan. Det siste stadiet i lærings sirkelen som er aktiv eksperimentering (4) er ikkje dei fleste ungdommane kome i enda, men som dei kjem til når dei skal velja og bestemma seg for kva val dei tar etter ungdomsskulen.

Funna i denne studien peikar i same retning som det Watts (2006) meiner om at direkte erfaring er ein effektiv form for læring om arbeid og utdanning. Andreassen (2011b) bekreftar også viktigheita av erfaringar i si forskning gjennom Bergensprosjektet, kor det kom fram at mange ungdommar har ønsker om meir utprøving i arbeidslivet og i vidaregåande skule. Studien av fagdag i bedrift bekreftar enda ein gang kor viktig det er at ungdommar får eigne erfaringar av yrke og kan sjå tilbake på erfaringane ved seinare val, noko som fagdag i bedrift opnar opp for. I tillegg viser studien at konkrete erfaringar av yrke gjer ungdommane større innsikt over om dette er interessant for dei sjølv og eventuelt kvifor ikkje.



### **5.3. Betydinga av motivasjon og meistring**

I presentasjonen av funn i kapittel 4 vart det synleggjort at det verkar å vera motiverande for ungdommar å delta på fagdag i bedrift. Ungdommar får innsikt i yrke som dei på forhand trudde at kan vera interessant for dei sjølv. Gjennom observasjonar under alle dei seks fagdagane vart det observert mykje glede og teikn til meistringskjensle hjå ungdommane, noko ungdommane sjølv fortel under intervjuet og fagdagane. Det siste forskingsspørsmålet har som formål å få innsikt i kva faktorar som verkar å vera motiverande for ungdommar i deira tankar om utdanning og yrke, og vil vera i fokus i dette kapitlet.

#### **5.3.1. Motivasjon og meistringskjensle under fagdagane**

Funna i denne studien viser at mange av ungdommane deltok på ein fagdag dei hadde på deira prioriterte liste over kva fagdagar dei ønskte å delta på. Det at ungdommane sjølv får delta på ein fagdag som dei hadde på deira prioriterte liste, verkar å vera motiverande i seg sjølv. Dette vart observert under fagdagane gjennom ansiktsuttrykk og gestar hjå ungdommane, og som mange ungdommar sjølv fortalte under observasjonane og i intervjuet. Dei ungdommane som deltok på ein fagdag dei hadde lengre nede på deira prioriterte lista og som eg snakka med under fagdagane, gjer uttrykk for at dei likevel er motivert for å få erfaringar ved yrke og arbeidsmiljø.

Woolfolk (2004) skriv at motivasjon handlar om korleis menneske styrar og aktiviserer åtferda si, som drifter, interesser og nysgjerrigheit. Nysgjerrigheit og interesse er faktorar som vart observert under fagdagane og i samtaler med ungdommar. Positive erfaringar og meistringskjensle under fagdagane viste ungdommane sjølv til i intervjuet og vart observert under fagdagane, og er ein viktig faktor som fagdag i bedrift opnar opp for. I tillegg er meistringskjensla som mange av ungdommane viste til, ein motiverande faktor for dei i deira vidare tankar om val av utdanning og yrke. Motiverande faktorar og moglegheiter ved fagdag i bedrift inngår i to av forskingsspørsmåla for denne studien, og vil vidare verta utdjupa.

Under alle dei seks fagdagane vart det observert fleire ungdommar som viste teikn til meistringskjensle under og i etterkant av aktivitetane dei utførte. Alle dei åtte ungdommane som vart intervjuet hadde konkrete erfaringar å visa til og viste til eiga meistringskjensle ved erfaringane. Observasjonar under fagdagane viste også at mange ungdommar motiverer kvarandre til å utføra arbeidsoppgåver, og at dei vert påverka av kvarandre i korleis dei utførar oppgåvene. Dette kan ein sjå i lys ved Bandura (1995) sin teori om vikarierande erfaringar som

handlar om at dersom ein observerer andre menneske ein identifiserer seg med meistra ei gitt oppgåva, vil det påverka trua på at ein sjølv kan meistra ei oppgåva. Det same gjeld ved ungdommar si kontakt med lærlingar og tilsette som verkar å vera motiverande for ungdommar å koma i kontakt med, i tillegg til at dei støttar dei med arbeidsoppgåver under fagdagan. Observasjon av lærlingar og tilsette i bedrifta i deira utføring av arbeidsoppgåver, vil kunne fungera som vikarierande erfaringar for dei ungdommane som identifiserer seg med desse. Dette vart observert hjå fleire ungdommar under fagdagan gjennom gestar og merksemd mot tilsette og lærlingar, og som er presisert i kapittel 4 gjennom funna i studien. Kontakta med tilsette og lærlingar har tidlegare i oppgåva vart presisert og er ein faktor som verkar å vera motiverande for ungdommar.

Ved alle dei seks fagdagan var det lagt opp til gjennomføring av praktiske og teoretiske arbeidsoppgåver for ungdommane. Gjennom resultatdelen er det synleggjort at ungdommane måtte gjennomføra fleire justeringar for å meistra gitte arbeidsoppgåver, og måtte gjera ein god innsats for å utføra oppgåvene på best mogleg måte. Ungdommane viste teikn til glede og meistringskjensle når dei etterkvart meistra gitte oppgåver, spesielt etter å ha gjennomført fleire justeringar undervegs og ved å visa stor innsatsvilje. Dette kan ein sjå i lys ved Bandura (1995) sine teoriar om motivasjon og autentiske meistringsopplevingar, ved at det er viktig at ungdommane får erfara at ein nokon gongar må streva litt for å nå eit mål, og at det må innsats til for å meistra nokon arbeidsoppgåver.

I følgje Bandura (1995) vil det for ungdommar som er vant med å meistra aktivitetar, vera lettare å mista motet når dei ikkje meistrar andre oppgåver lika lett. Difor er det viktig at alle menneske nokon gongar får kjenna på kjensla ved at det å verkeleg gjera ein god innsats er viktig, og at øving gjer meister. Dette fekk ungdommane erfara på fleire av fagdagan, mellom anna ungdommane som deltok på fagdagen til UiB informatikk og programmering som fortalte at hinderløypa med roboten stilte store krav til samarbeid og refleksjon, men at dei følte meistring når dei endeleg fekk roboten gjennom hinderløypa. Slike tilfelle vart observert under fleire fagdagar og er noko mange ungdommar sjølv utdjupar ved å seia at dei fekk ei enda større meistringskjensle når dei har måtte strevd ein del på forhand med gitte oppgåver, i motsetning til å meistra noko med ein gong. Suksess krev uthald og anstrenging, og difor er det viktig å vera bevisst over at tilbakesteg og vanskar er naturlege trinn i ein læringsprosess (Manger & Wormnes, 2015).

Ungdommane som deltok på fagdagen til BKK energimontør viste fleire teikn til meistringskjensle, noko som vart observert fleire gongar i løpet av fagdagen. Ungdommane som klatra opp i toppen av ein stolpe viste store smil til kvarandre når dei kom seg opp i toppen av stolpen. Det same gjelder straumkabelen som ungdommane måtte skjera i gjennom ved å bruka ein spesiell teknikk, då ungdommane viste glede då dei etter kvart meistra dette. Smil og andre gestar som viser glede, motivasjon og meistring hjå ungdommane er noko som vart observert ved alle dei seks fagdagane. Slike positive meistringsopplevingar og autentiske meistringsopplevingar som Bandura (1995) fortel om, er viktig i ungdommane sine seinare tankar om utdanning og yrke. Slike opplevingar opnar fagdag i bedrift opp for og gjer ungdommar positive erfaringar dei kan sjå tilbake på ved seinare val og situasjonar.

## 6. Avslutning

Formålet med denne oppgåva har vore å få meir innsikt i ungdommar sine tankar om val av utdanning og yrke, og deira erfaring av deltaking på fagdag i bedrift. Formålet er vidare presisert gjennom problemstillinga: *Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke?* Vidare er fire forskingsspørsmål vore tatt i bruk for å nå formålet for oppgåva, og som omhandlar tema som har vore ønska å setja lys på med tanke på ungdom og utdanningsval. Temaa er identitet og interesse, utprøving av arbeidsoppgåver og erfaringar frå fagdagen, og motivasjon og meistring. Gruppeintervju og observasjon er dei kvalitative metodane som har vore tatt i bruk for å undersøka temaa i oppgåva. Utvalet i gruppeintervjua bestod av sju gutar og ei jente, ergo er gutar overrepresentert når det gjeld intervjua, men observasjonane av fagdagan har gjort at også jenter er godt representert i denne undersøkinga. Gjennom ungdommar sine erfaringar, opplevingar og refleksjonar rundt temaet er det forsøkt å gje eit større innblikk i ungdommar si erfaring av fagdag i bedrift og korleis denne dagen kan hjelpe dei med deira vidare tankar om val av utdanning og yrke.

Det første forskingsspørsmålet var: *Vert ungdommar meir bevisst sine egne evner og interesser gjennom fagdag i bedrift, og korleis grunnjev dei sjølv kva fagdag dei ønsker å delta på?* Funna i studien viser at ungdommar får moglegheita til å verta meir kjent med seg sjølv og deira interesser gjennom å delta på fagdag i bedrift, og at dei får stadfesta eller avkrefta om eit yrke og gjeldande arbeidsoppgåver er noko for dei sjølv. I lys av dette vert ungdommar i større grad bevisst over kven dei er og kven dei ønsker å verta gjennom å reflektera under og i etterkant av fagdagen. Vidare viser studien at det er samanheng mellom kva interesser ungdommane har og kva fagdag dei ønsker å delta på, og at ungdommane grunnjev kva fagdag dei ønsker å delta på ut i frå deira egne interesser.

Det andre forskingsspørsmålet var: *Kva slags moglegheiter kan fagdag i bedrift opna opp for ungdommar?* Funna i studien viser at fleire faktorar kjem til syne, og eg vil spesielt trekkja fram at fagdag i bedrift opnar opp for at ungdommar får egne konkrete erfaringar med yrke og arbeidsoppgåver, og at dei kan bruka erfaringane i deira vidare tankar om val av utdanning og yrke. Det at ein sjølv får kjenna på kroppen korleis ein opplever arbeidsoppgåver i dei aktuelle yrka er ei verdifull erfaring for ungdommane, og som er noko heilt anna enn å lesa om yrka. Gjennom slike erfaringar får ungdommane stadfesta eller avkrefta om yrka og aktuelle

arbeidsoppgåver er noko for dei sjølv, og utviklar valkompetanse som dei kan sjå tilbake på ved seinare val. Kontakta med lærlingar og tilsette er ein anna faktor som fleire av ungdommane trakk fram og som vart observert under fagdagane.

Det tredje forskingsspørsmålet var: *Korleis kan egne konkrete erfaringar av yrke vera til hjelp for ungdommar i deira val av utdanning og yrke?* Ut i frå funna i denne studien vil eg spesielt framheva det at ungdommar får erfaringar som dei kan sjå tilbake på når dei skal velja ei retning innan utdanning og yrke, og at erfaringane kan hjelpa ungdommane når dei står ovanfor valet om kva og kven dei ønsker å verta. I innleiinga for oppgåva vart det skrive at det vart spennande å sjå om *Ka vil DU bli?* har bidratt positivt omkring det ein elev gjennom Bergensprosjektet (Andreassen, 2011b, s. 64) fortalte om at «vi må ha noen erfaringer å se tilbake på når vi velger». Gjennom denne studien vil eg seia at fagdag i bedrift opnar opp for at ungdommar får konkrete erfaringar å sjå tilbake på, og som kan hjelpa dei ved seinare val i livet. Funna i studien viser at konkrete erfaringar ved yrke kan vera til hjelp for ungdommar ved at dei får stadfesta eller avkrefta om yrka og følgjande arbeidsoppgåver er noko for dei sjølv, og at dei får reflektert over om korleis erfaringane verkar inn på dei sjølv.

I det siste forskingsspørsmålet: *Kva faktorar verkar å vera motiverande for ungdommar i deira tankar om utdanning og yrke?* vil eg spesielt trekkja fram det at ungdommane får delta på ein fagdag dei ønsker ut i frå ei prioritert lista over fagdagar dei sjølv har valt. Det at ungdommar får erfaringar ved yrke og arbeidsoppgåver som dei sjølv har ønska, verkar å vera motiverande i seg sjølv. Sjølve utprøvinga av yrke er ein sentral motivasjonsfaktor for ungdommar, ved at dei får moglegheita til å få egne erfaringar med arbeidsoppgåver i eit eller fleire yrke. Funna i studien viser vidare at det er motiverande for mange ungdommar å få kontakt med lærlingar og tilsette, og å få innsikt i korleis ein arbeidsdag kan vera. Meistringskjensla som mange av ungdommane har vist til i denne studien er også noko som er viktig å leggja til, og som vil vera motiverande for ungdommane å oppleve og ta med seg vidare i livet.

Det er viktig å seia at fagdag i bedrift er ein liten del av eit stort puslespel, men det er viktig å få fram at det er ein viktig del innanfor temaet ungdom og utdanningsval. I oppgåva har det vore forsøkt å få fram kor viktig det er at ungdommar får sine egne erfaringar ved yrke, i staden for å læra gjennom andre sine erfaringar. Det er noko spesielt med å erfara noko gjennom egne premiss, og difor er det viktig at ungdommane denne moglegheita. Det er viktig å leggja til at

det er ønskeleg av ungdommane å få delta på fleire fagdagar og dermed få fleire opplevingar og erfaringar som kan hjelpa dei i deira tankar om utdanning og yrke.

Funna i denne studien bidrar til eit lite innblikk i korleis nokon ungdommar har erfart fagdag i bedrift og korleis det kan hjelpa dei i vidare tankar om utdanning og yrke. For å kunne trekkja slutningar som gjeld ungdommar generelt, ville ein meir omfattande forskingsprosess vore nødvendig. For vidare forskning hadde det vore interessant å sett på korleis skular i andre kommunar enn Bergen arbeidar med utprøving i arbeidslivet, innanfor utdanningsvalfaget. Det med tanke på at det ikkje er alle kommunar som har ein slik samarbeidsordning som *Ka vil DU bli?*, og det ville difor ha vore interessant å sett på korleis andre kommunar arbeider innanfor dette feltet.

I mars 2018 vart det bestemt at regjeringa skal forsterka satsinga på yrkesfag og fornying av yrkesfagutdanninga (Kunnskapsdepartementet, 2018). Yrkesfagelevar skal få læra meir om faget dei skal jobba med frå første år på vidaregåande, og dermed få tidlegare spesialisering. Yrkesfagelevane får dermed erfaring med faget dei skal arbeida med tidlegare i utdanningsløpet, noko som kan forhindra fråfall og omval (Kunnskapsdepartementet, 2018). Dette kan ein sjå i lys av fagdag i bedrift, og viktigheita av at ungdommar får erfaringar med utprøving av yrke allereie på ungdomstinet.

I 2020 kjem det ein ny læreplan i faget utdanningsval på ungdomsskulen, og det er kome forslag for at «å gjøre» vil verta ein sentral metode i faget (Utdanningsdirektoratet, 2017b). Det vil difor verta spennande å sjå kva endringar som kjem med den nye læreplanen, og om ungdommane i større grad enn tidlegare får moglegheita til å gjera seg eigne erfaringar ved yrke og bedrifter.

Følgjande problemstilling har lagt til grunn for oppgåva: *Korleis opplever 9. klassingar at deltaking på fagdag i bedrift kan vera til hjelp for dei i deira tankar om utdanning og yrke?* Ut i frå det som er observert og fortalt i denne studien, har eg sett viktigheita av at ungdommar får gjort seg eigne erfaringar og at dei kan bruka erfaringane ved vidare tankar om utdanning og yrke. Ved hjelp av fagdag i bedrift får ungdommar moglegheita til å ta eit val dei kan kjenna seg igjen i, sidan dei har opplevd det sjølv. Eg håpar difor at skulen og andre aktørar ser viktigheita av utdanningsvalfaget, og at me saman må hjelpa ungdommar til å ta gode og gjennomtenkte utdanningsval.

## 7. Litteraturliste

- Andreassen, I. H., Hovdenak, S. S. & Swahn, E. (2008). *Utdanningsvalg- identitet og karriereveiledning*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Andreassen, I. H. (2011a). ”Her må vi holde fokus og trykk”. I S. S. Hovdenak & B. U. Wilhelmsen (Red.), *Utdanningsvalg som skoleutvikling*. (s. 21-54). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Andreassen, I. H. (2011b). Den realiserte læreplanen- elevenes erfaringer. I S. S. Hovdenak & B. U. Wilhelmsen (Red.), *Utdanningsvalg som skoleutvikling*. (s. 55-80). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Andreassen, I. H. & Hovdenak, S. S. (2011). Bergensprosjektet. I S. S. Hovdenak & B. U. Wilhelmsen (Red.), *Utdanningsvalg som skoleutvikling*. (s. 9-19). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Andreassen, I. H. (2016). Å utfordre elevene gjennom læring i utdanningsvalg. I L. G. Lingås & U. Høsøien (Red.), *Utdanningsvalg- identitet og danning*. (s. 19-35). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Bakketeig, E. (2012). Å belyse kompleksitet ved å kombinere ulike metoder. I E. Backe-Hansen & I. Frønes (Red.), *Metoder og perspektiver i barne- og ungdomsforskning*. (s. 263-281). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bandura, A. (1995). Exercise of personal and collective efficacy in changing societies. I A. Bandura (Red.), *Self-efficacy in changing societies* (s. 1-45). Henta frå [https://www.researchgate.net/profile/Barry\\_Zimmerman/publication/247480203\\_Self-efficacy\\_and\\_educational\\_development/links/549b67770cf2b80371371ad5/Self-efficacy-and-educational-development.pdf](https://www.researchgate.net/profile/Barry_Zimmerman/publication/247480203_Self-efficacy_and_educational_development/links/549b67770cf2b80371371ad5/Self-efficacy-and-educational-development.pdf)
- Bergmann, A. (2016, 23. november). *Ka vil DU bli?* Henta frå <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/byradsavd-for-barnehage-skole-og-idrett/6543/6545/article-90574>

- Bjørndal, C. R. P (2017). *Det vurderende øyet. Observasjon, vurdering og utvikling i pedagogisk praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Careers. (2017, 24. mai). *Donald Super Developmental self-concept*. Henta frå <https://www.careers.govt.nz/assets/pages/docs/career-theory-model-super.pdf>
- Creswell, J. W. (2011). Controversies in mixed methods research. I N. K. Denzin & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE Handbook of Qualitative Research* (s. 1-19). Thousand Oaks: SAGE.
- Danmarks Evalueringsinstitut. (2018). *Unges opplevelse af uddannelsesvalg og vejledning i 9. klasse. Unges vej mod ungdomsuddannelse* (EVA 2018:3). Henta frå [https://www.eva.dk/sites/eva/files/2018-04/Unges%20oplevelse%20af%20valg%20og%20vejledning\\_FINAL.pdf](https://www.eva.dk/sites/eva/files/2018-04/Unges%20oplevelse%20af%20valg%20og%20vejledning_FINAL.pdf)
- Denzin, N. K. & Lincoln, Y. S. (2011). Introduction. The Discipline and Practice of Qualitative Research. I N. K. Denzin & Y. S. Lincoln (Red.), *The SAGE Handbook of Qualitative Research* (s. 269-283). Thousand Oaks: SAGE.
- Erikson, E. H. (1992). *Identitet. Ungdom og kriser*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Giddens, A. (1996). *Modernitet og selvidentitet: Selvet og samfundet under sen-moderniteten*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Haugen, S. (2018, 7. mars). *Disse skolene er mest populære*. *Bergensavisen*. Henta frå <https://www.ba.no/nyheter/skole-og-utdanning/hordaland-fylkeskommune/disse-skolene-er-mest-populare/s/5-8-755087>
- Heggen, K. & Øia, T. (2005). *Ungdom i endring. Mestring og marginalisering*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Illeris, K., Katznelson, N., Simonsen, B. & Ulriksen, L. (2002). *Ungdom, identitet og uddannelse*. Frederiksberg C: Roskilde Universitetsforlag.



- Illeris, K., Katznelson, N., Nielsen, J. C., Simonsen, B. & Sørensen, N. U. (2009). *Ungdomsliv. Mellom individualisering og standardisering*. Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Illeris, K. (2014). *Transformative learning and identity*. Routledge: Oxon.
- Kjørup, S. (2008). *Menneskevidenskabene. Humanistiske forskningstradisjoner*. Roskilde Universitetsforlag: Frederiksberg.
- Kolb, D. (2015). *Experiential learning. Experience as the source of learning and development* (2. utg.). New Jersey: Pearson Education.
- Kunnskapsdepartementet. (2004). *Kultur for læring*. (Meld. St. 30 2003-2004). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/988cdb018ac24eb0a0cf95943e6cdb61/no/pdfs/stm200320040030000dddpdfs.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2013). *På rett vei*. (Meld. St. 20 2012-2013). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/53bb6e5685704455b06fdd289212d108/no/pdfs/stm201220130020000dddpdfs.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2018). *Yrkesfagelever får tidligere spesialisering*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/yrkesfagelever-far-tidligere-spesialisering/id2592683/>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Løkken, G. (2012). *Levd observasjon. En vitenskapsteoretisk kommentar til observasjon som forskningsmetode*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Manger, T. & Wormnes, B. (2015). *Motivasjon og mestring. Utvikling av egne og andres ressurser* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

- NOU 2003:16. (2003). *I første rekke- Forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/37a02a7bd6d94f5aacd8b477a3a956f3/no/pdfs/nou200320030016000dddpdfs.pdf>
- NOU 2016: 7. (2016). *Norge i omstilling- karriereveiledning for individ og samfunn*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Parsons, Frank (1909). *Choosing a Vocation*. Boston og New York: The Riverside press.
- Patton, W. & McMahon, M. (2014). *Career development and systems theories. Connecting and practice*. (3. utg). Rotterdam: Sense Publishers.
- Ryan, R. M. & Deci, E. L. (2000). Self-determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well-being. *The American Psychologist*, 55(1), 68–78. Henta frå [https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000\\_RyanDeci\\_SDT.pdf](https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000_RyanDeci_SDT.pdf)
- Røyset, R. J., & Kleppestø, K. H. (2017). *Utdanningsvalg- karrierelæring og livsmestring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandal, A. K., & Smith, K. (2010). Frå ungdomsskule til vidaregåande skule- elevane si stemme. *FoU i praksis*, 4 (2), 25–42. Henta frå <http://tapir.pdc.no/pdf/FOU/2010/2010-02-3.pdf>
- Skoleliv. (2018, 5. april). *De uddannelsesparate unge har også brug for mere vejledning*. Henta frå <https://skoleliv.dk/nyheder/art6415954/De-uddannelses-parate-unge-har-ogsaa-brug-for-mere-vejledning>
- Statistisk sentralbyrå. (2017, 12. juni). *Gjennomføring i videregående øker, særlig i Finnmark*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/gjennomforing-i-videregaende-oket-saerlig-i-finnmark>

- Stewart, S., & Shamdasani, P. (2015). *Focus Groups- Theory and Practice* (3. utg.). USA: Sage Publications.
- Storm-Mathisen, A. (2012). Samtaleintervjuet som diskurs- eksempler fra individuelle intervjuer og smågruppeintervjuer med unge tenåringer. I E. Backe-Hansen & I. Frønes (Red.), *Metoder og perspektiver i barne- og ungdomsforskning*. (s. 75-94). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Stringer, K. J. & Kerpelman, J. L. (2010). Career Identity Development in College Students: Decision Making, Parental Support, and Work Experience. *Identity, 10(3)*, 181-200.  
Henta frå <http://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/15283488.2010.496102?needAccess=true>
- Svendsrud, A. & Hagerup, N. (2011). Arven etter Frank Parsons. *Rådgivernytt, 3*, 22-26  
Henta frå <http://www.rf-n.no/files/2012/01/rdgivernytt32011.pdf>
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Utdanningsdirektoratet (2015a). *Læreplanen i utdanningsvalg* (UTV1-02). Henta frå <https://www.udir.no/k106/UTV1-02>
- Utdanningsdirektoratet. (2015b). *Utdanningsvalg- Veiledning til læreplanen* (UTV1-02).  
Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledning-til-lp/utdanningsvalg-veiledning/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017a, 3. oktober). *Utdanningsvalg- for mestring og deltakelse i arbeids- og samfunnsliv*. Henta frå <http://udirbloggen.no/utdanningsvalg-utvikling-av-kompetanse/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017b, 29. oktober). *Hva er fagfornyelsen?* Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/hva-er-fornyelse-av-fagene/>

Utdanningsdirektoratet. (2018, 5. mars). *Utdanningsvalg*. Henta frå <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/197?notatId=375>

Zimmerman, B. J. (1995) Self-efficacy and educational development. I A. Bandura (Red.), *Self-efficacy in changing societies* (s. 202-231). Henta frå [https://www.researchgate.net/profile/Barry\\_Zimmerman/publication/247480203\\_Self-efficacy\\_and\\_educational\\_development/links/549b67770cf2b80371371ad5/Self-efficacy-and-educational-development.pdf](https://www.researchgate.net/profile/Barry_Zimmerman/publication/247480203_Self-efficacy_and_educational_development/links/549b67770cf2b80371371ad5/Self-efficacy-and-educational-development.pdf)

Zimmerman, B. J. (2000). Self-Efficacy: An Essential Motive to Learn. *Contemporary Educational Psychology*, 25(1), 82–91. Henta frå [https://ac.els-cdn.com/S0361476X99910160/1-s2.0-S0361476X99910160-main.pdf?\\_tid=9658b79d-1464-46f9-b0de-004e0964edeb&acdnat=1526316908\\_e381c704deff46fdc694f47d4be5585e](https://ac.els-cdn.com/S0361476X99910160/1-s2.0-S0361476X99910160-main.pdf?_tid=9658b79d-1464-46f9-b0de-004e0964edeb&acdnat=1526316908_e381c704deff46fdc694f47d4be5585e)

Watts, A. G. (2006). Erfaringsbaseret læring om arbejde. I A. G. Watts., B. Law., J. Killeen & J. Kidd (Red.), *Uddannelses- og erhvervsvejledning. Teori og praksis* (2. utg.) (s. 49- 60). Fredensborg: Forlaget Studie og Erhverv a.s.

Woolfolk, A. (2004). *Pedagogisk psykologi*. Tapir Akademisk Forlag: Trondheim.

# Vedlegg 1: Samtykkeskjema

## Forespørsel om å delta på gruppeintervju

Jeg er student ved Høgskulen på Vestlandet i Bergen og går på masterstudiet Undervisningsvitenskap med fordypning i pedagogikk. Dette studieåret skal jeg skrive masteroppgave om ungdom, utdanningsvalg og fagdag i bedrift, og ønsker derfor å intervju en elevgruppe om deres opplevelse av fagdagen i bedrift innen faget utdanningsvalg. Intervjuet vil vare i maksimalt 45 minutter.

Skolen har gitt meg tillatelse til å gjennomføre intervjuet i en utdanningsvalgtime, med forbehold om samtykke fra hjemmet. Intervjuet vil bli gjennomført i en gruppe på maks fem elever fra 9. trinn, og vil skje på et tidspunkt som er godkjent av lærer. Intervjuet vil være under faglig veiledning av min veileder på høyskolen (Inga H. Andreassen).

Intervjuet vil bli tatt opp på lydopptak, for å så bli transkribert og slettet. Det vil ikke bli samlet inn eller registrert personopplysninger om elevene. Elevene vil bli anonymisert i masteroppgaven, slik at ingen informasjon kan tilbakeføres til dem. Elevene kan når som helst trekke seg fra intervjuet om det er ønskelig.

Siden elevene er under 18 år ber jeg om samtykke om deltakelse. Om dere samtykker kan dere fylle ut og signere under og levere til x innen 20. oktober.

Ved eventuelle spørsmål omkring intervjuet kan dere kontakte meg på tlf: x eller på mail: x.

På forhånd takk.

Vennlig hilsen

Maria Mjelde, Høgskulen på Vestlandet

Jeg samtykker at \_\_\_\_\_ (elevens navn)  
kan være med i undersøkelsen ved å delta på gruppeintervju på skolen om fagdag i bedrift.

Underskrift: \_\_\_\_\_ (foresattes navn).

## Vedlegg 2: Intervjuguide

### Gruppintervju om fagdag i bedrift

#### 1. Bakgrunnsinformasjon

- Kva liker de å gjera på fritida?
- Kva slags bedrift hadde de fagdag i, og kor på den prioriterte lista hadde de plassert denne bedrifta?
- Kvifor valde de å ha fagdag i denne bedrifta?

#### 2. Erfaringar frå fagdagen

- Kan de beskriva ein situasjon på fagdagen som de huskar særleg godt?
- Korleis var det å teste ut yrke for ein dag, og utføra arbeidsoppgåver som er typisk i yrket de testa?
- Opplevde de noko nytt med dykk sjølv på fagdagen? Noko de likte betre enn de trudde på forhand, eller omvendt?
- Ser de nokon fordelar med fagdagen for å få kunnskap om yrke og utdanning, i staden for å f.eks. lesa på nettet, snakka med vener og familie, eller media? Korleis var det å testa det sjølv, i staden for å høyra gjennom andre folk?
- Stemte forventningane dykkar om korleis fagdagen kom til å verta, overeins med korleis den faktisk var? Om nei, kvifor ikkje?
- Har besøket gjort at de ønsker å vita meir om dette yrket, i så fall kvifor?
- Kunne de tenkt dykk å ha fagdag i ei anna bedrift? I så fall kva slags og kvifor?

#### 3. Motivasjon

- Var det noko de opplevde som positivt på fagdagen, eller noko de følte de meistra?
- Tenkte de på forhand over korleis de kom til å meistra ulike oppgåver på fagdagen? Kva tenkte de på i så fall?
- Såg de medelevar erfara noko positivt eller negativt på fagdagen? Tenkte de i så fall på noko spesielt når de såg på desse elevane?

#### 4. Framtida

- Føler de at fagdagen vil hjelpa dykk til vidare val i framtida, i så fall korleis?

- Er det noko de meiner som burde endrast eller tilførast på fagdagen slik at den vert enda betre?
- Har de ein draumejobb?
  
- **Avrunding:**  
Er det noko de vil seia, eller noko meir de vil tilføra før me avsluttar intervjuet?

**Takk for at dykk ville vera med på intervjuet! ☺**